



Kraftkultur og kulturkraft

Kulturminneplan Sauda 2017



Kulturminneplan Sauda

2017

Kulturminneplan Sauda

Planen er utarbeidd av Roy Høibo på oppdrag frå Sauda kommune, Kultursjefen.

Arbeidet er utført hausten 2017.

Ryfylkemuseet har stilt kontor, bil og utstyr til rådvelde for arbeidet.

Planen bygger på tilgjengelege registreringar, analyser og litteratur. Det er i tillegg gjennomført synfaringar med kjentfolk frå Sauda i dei fleste delane av kommunen.

Når ikkje anna er nemnt er bilda i dokumentet frå arkivet til Ryfylkemuseet. Eldre bilde kan også vera frå bildearkivet til Sauda lokalarkiv. Dette er bilde som har opphav i arkivet til AS Saudafaldene eller Sauda smelteverk. Noen bilde er henta frå Facebook-sida «Gamle Sauda». Som regel har vi da hatt opplysningar om opphavet til bilda.

Innhald

Kulturminneplan Sauda.....	4
Forord	9
GRUNNLAGET FOR PLANARBEIDET	11
Ein plan for forvalting av kulturminne.....	12
Nasjonale føringar	13
Støtte frå riksantikvaren	13
Målet med planen	14
Utgangspunkt i planprogrammet for kommuneplanen.....	14
Utfyllande prioriteringar i høringsuttaler	14
Bygger på tidlegare gjennomførte registreringar	15
Fleire om ansvaret	16
Tett oppfølging frå fylkeskommunen.....	16
Stort frivillig engasjement	17
Ryfylkemuseet.....	17
Utfordingar i arbeidet.....	17
Verdisetting av kulturminne	19
Alder, historie og autentisitet	19
Arkitektur, form og estetikk	20
Samanheng og heilskap	21
Dokumentasjon og formidling (kjeldeverdi).....	22
Forekomstverdi og representativitet.....	23
Identitets- og symbolverdi.....	23
Kva er eit kulturminne.....	23
Virkemiddel i kulturminnevernet	25
Plan- og bygningslova	25
Freding	26
Tilrettelegging, oppmuntring og formidling	26
Tilskottsordningar	27
Styrking av dokumentasjonen	30
ÅTTE TUSEN ÅRS BYGDEHISTORIE	31
Kyrkjestad i Ytrebygda	32
Frå katastrofe til velstand	33

Landbruket kunne ikkje brødfø alle	34
Forvarsel om nye tider.....	36
Eit kraftsenter i krig og fred	37
Industrisamfunn i hundre år	39
DOKUMENTASJON OG VERN AV KULTURHISTORIA	41
Sogelaget blei ein viktig aktør.....	42
Ryfylkemuseet.....	43
Sauda lokalarkiv	44
Fylkeskommunen på banen	45
Sefrak	47
Kulturminne i reiselivet.....	49
Registrering av krigsminne	49
Fortidsminneforeininga	49
Det politiske engasjementet	50
DET FØRINDUSTRIELLE LANDSKAPET.....	55
Hellandsbygd.....	56
Saudasjøen.....	60
Svandalen	66
Mollagrenda	70
Verneverdige bygningar andre stader	73
Byggeskikken	75
Stovehuset	75
Uthusa.....	78
KRAFT- OG INDUSTRISAMFUNNET.....	81
Kraftutbygginga	82
Sauda I og II	82
Dam Svartavatn	84
Saudefaldene blir amerikansk	84
Søndenåhavn kraftverk – Sauda III	85
Sønnå kraftverk	89
Smelteverket.....	89
Dei opphavlege bygningane	90
Bygningshistoria.....	93
Frå industri til kulturminne	94
Den gløynde industristaden.....	96

Eineståande dokumentasjon	97
Kva gjer vi med smelteverket.....	99
Åbøbyen	99
Arkitekturen i amerikabyen.....	102
Vernearbeidet	105
Sentrum	108
Frå bygdeby til industristad.....	109
Rådhuset	111
Folkets hus.....	112
Andre sentrumsnære bygningar.....	114
Verdigjering av sentrum	117
ANDRE KULTURMINNE.....	123
Det religiøse livet	123
Nesten seks bedehus og tre frikyrkjer	125
Vegstellet.....	126
Bygdevegen	127
Hovudveg gjennom bygda	128
Dollarvegen	130
Røldalsvegen	132
Nasjonal turistveg.....	133
Minne om krigen 1940 – 1945	134
Saudasjøen.....	135
Øverland	138
Bunkersen.....	139
Fritidsbusetnaden	140
HANDLINGSPLAN	143
Kva trugar kulturminna	144
Alminneleg forfall	144
Brå hendingar	146
Byggearbeid	147
Framandelement	150
Tilgroing.....	154
Kva kan vi gjera	154
Omsynssoner	154
Freding	158

Dokumentasjon.....	159
Ansvars- og oppgåvefordeling	160
Holdningar til kulturminnevernet	160
Skilting	162
Føredøme,oppmuntring, hjelp og støtte	163
Skjøtsel	165
Kunnskap og kompetanse.....	166
Ressursar	167
Prioritering av tiltak	167
1 Omsynssoner	167
2 Freding	168
3 Ansvars- og oppgåvefordeling	168
4 Formidling.....	168
5 Prisar	169
6 Styrking av kapasitet og kompetanse.....	169
7 Registrering og annan dokumentasjon	169
8 Skjøtsel.....	169
KJELDER.....	171
Innspel til arbeidet	171
Informantar	171
Publikasjonar	173
VEDLEGG	177
Forslag til omsynssone Øyra (Sentrum).....	177
Forslag til omsynssone Åbøbyen	178
Forslag til omsynssone Egne Hjem	179
Forslag til omsynssone Saudasjøen.....	180
Forslag til omsynssone Svandalen	181
Forslag til omsynssone Hellandsbygd.....	182
Forslag til omsynssone Øverland	183
Forslag til omsynssone Mollagrenda.....	184
Forslag til omsynssone Tjelmen.....	185

Forord

Få stader er historia og det levande livet bunde så tett saman som i Sauda. Kraftproduksjonen og industrien har ei hundre år lang historie som er tett innvevd i lokalsamfunnet, både fysisk, økonomisk og kulturelt, samtidig som hjørnesteneinsbedriftene er blant dei fremste i sitt slag, og bidrar til at Sauda framleis er eit vitalt lokalsamfunn.

Det er eit samfunn som på alle måtar tilfredsstiller den gamle ideen om økomuseer, ideen om lokalsamfunnet og museet som to sider av same sak. Ikkje slik at ein ønskte å musealisere heile samfunnet, men slik at kunnskapen og medvitet om historia ikkje var noe ein stua bort på eit museum, men som ein verdi som var midt i mellom folk, og som ein både kunne knyte identiteten sin til og som kunne vera ein reiskap for vidare utvikling.

I eit slikt samfunn blir kulturminnevernet både interessant og meiningsfullt. Det er eit veksande engasjement mellom folk flest for å ta vare på minna om fortida, jfr. deltakinga på møta i sogelaget, og det store talet følgjarar på Facebook-sida «Gamle Sauda». Arbeidet med å få laga ein samla kulturminneplan kan såleis vera godt taima skjeringspunktet mellom eit folkeleg engasjement og eit behov for å komma i gang med eit meir systematisk vernearbeid før det er for seint.

Samtidig byr arbeidet med kulturminnevern i Sauda på særlege utfordringar. Dei teknisk-industrielle kulturminna har verdiar som gjer dei interessante i eit nasjonalt perspektiv. Kraftanlegga og tungindustrien i Sauda er ein viktig del av moderniseringa av Norge og grunnlaget for velferdsstaten. Samtidig er anlegga framleis i full drift. Aldersverdiane er store, autentisiteten er intakt, og formidlingsverdiane formidable, men ikkje alltid foreinlege med driftsoperative krav. Det skal ein god dialog, god vilje og stor evne til å vera løysingsorientert om ein skal lukkast med å finne arbeidsmetodar som gjer at viktige byggverk frå industri og anlegg kan bli verna for ettertida.

I dette arbeidet har eg prøvd å fange opp tidlegare registreringar av kulturminne, ulike lister og utgreiingar, analyser av kulturminneverdiar, og omtale av kulturminne i bøker og tidsskrift. I tillegg har eg hatt god hjelp av kjentfolk som har guida meg rundt i Sauda, som eg har treft på undervegs, eller som har kome med innspel til arbeidet med planen. Eg vil takke for den store velvilja eg har møtt og den hjelpa eg har fått.

Det materialet eg bygger på er såleis mangesidig, men likevel mangelfullt og fragmentert. Det har ikkje vore tid til nyregistreringar eller revisjon av tidlegare registreringar. Ein må derfor sjå på denne første utgåva av ein kulturminneplan for Sauda som ein start, og vone at det kan vera råd å utvikle planen vidare seinare. Med dette utgangspunktet må ein heller ikkje ekskludere kulturminne frå ei vurdering av vern, sjølv om dei ikkje har kome med her.

Eg vil takke for eit interessant oppdrag, og gi uttrykk for håp om at dette arbeidet kan vera eit steg mot ei styrking av kulturminnevernet i Sauda.

Sand/Sauda i november 2017

Roy Høibo



*Dei grøne bøane med beitedyr og spreidd busetting fortel at landbruket framleis er ein viktig del av næringsgrunnlaget.
Bildet er frå Eikesaas i Svandalen.*

GRUNNLAGET FOR PLANARBEIDET

Sauda er ein kommune der livsgrunnlaget og historia er særleg tydeleg. Dei grøna bøane med beitedyr og spreidd busetting fortel at landbruket framleis er ein viktig del av næringsgrunnlaget. Vatnet som fossar nedetter fjellsidene, til somme tider så kolossalt at biltrafikken har problem med å komma fram, eller som ein framleis kan sjå at har vore tamd i omfangsrike rørgater, gir ei intuitiv kjensle av kraft. Og midt i tettstaden, på den beste tomta, ligg eit stort fabrikkanlegg som har gitt arbeid og identitet til staden i meir enn 100 år.

Sauda er ein unik industristad. Kraftstasjonane, fabrikken, bustadane og forretnings- og tenestebygga ligg konsentrerte på ei lita flate. Same kor ein snur seg er fabrikken eit bakteppe, om enn mindre synleg etter at røyken blei borte, og flammen snart blir det. Den raske utbygginga av industristaden i første halvdelen av 1900-talet, og dei høge krava som blei stilte til kvalitet, gjer at spora etter historia, eller minna om ein vil, er godt synlege også i dag.

I tillegg er Sauda ein industristad med ein uvanleg god dokumentasjon av historia. Sauda lokalarkiv er eit omfattande arkiv om vasskraft- og industriutbygginga, arbeidslivet og den frivillige sektoren. Arkivet er eit kunnskapsgrunnlag som gir tyngde til forteljinga om staden.

Det ligg føre ein omfattande lokalhistorisk litteratur. Her er eit solid bygdebokverk, bøker og skrift om bedriftene og fagforeningsarbeidet, og lokalhistoriske skrift frå eit uvanleg vitalt sogelag. Ryfylkemuseet har bidratt til både innsamling, bevaring og formidling av historia. I skjønnlitteraturen har Sauda nedfelt seg i verk som har nådd både nasjonal og internasjonal merksemd. Til og med i populärmusikken har Sauda blitt sett på kartet.

Under den tyske okkupasjonen av Norge 1940-1945 blei Sauda sentrum for omfattande industriutbygging. I Saudasjøen blei det bygt ein aluminiumsoksidsfabrikk, og det blei bygt jernbane mellom Sauda sentrum og Saudasjøen. Til vern av kraftproduksjonen og industrianlegga blei det etablert solide vakt- og forsvarsanlegg. Store militærstyrkar blei lokalisert i og kring Sauda, og det blei etablert leirar for tvangsarbeidarar, særleg russerar. Ulike byggverk frå okkupasjonstida er ei sterk påminning om eit liv i ufred.

Kunnskap om, og oppleving av historia kan legge verdi til staden, både for dei som bur der, og for dei som kjem tilreisande. Staden er eit viktig del av identiteten til den enkelte, gjenkjenninng gir tryggleik og trivsel, og eit medvit om verdien av historia kan gi grunnlag både for næringsutvikling og arbeidsplassar.

Det er gode grunnar til å ta vare på minnemateriale. Bygningar, andre byggverk av ulike slag, gjenstandar, foto og arkivalia hjelper oss til å forstå staden, oss sjølv og tida vi lever i. Eit kulturhistorisk medvit er eit godt fundament for bygging av framtida.

Denne planen skal vera eit grunnlag for politiske vedtak om kva ein vil ta vare på, og kva tiltak ein vil setta i verk for å gjera det. Planen bygger på tidlegare registreringar og analyser av kulturminne, men gir ei statusoppdatering så langt det har vore rom for å ettergå tidlegare registreringar, og drøfter mulege tiltak. I arbeidet med planen har vi hatt god hjelp av medlemmar i Sauda sogelag, Ryfylke lokallag av Fortidsminneforeningen, eigarar av bygningar som har kulturhistorisk interesse og interesserte enkelpersonar elles. Det følgjer lister over publikasjonar og folk vi har snakka med bak i dokumentet.



Midt i tettstaden, på den beste tomta, ligg eit stort fabrikkanlegg som har gitt arbeid og identitet til staden i meir enn 100 år.

Ein plan for forvalting av kulturminne

I kulturminnelova blir kulturminne definert som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til». Kulturmiljø er «områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller samanheng».¹ Omgrepet omfattar dermed også spor menneska har sett etter seg i produksjonslandskapet.

I periodar har også munnlege og litterære minne vore omfatta av kulturminneomgrepet², men for praktiske formål i arbeidet med kommuneplanlegging er det nødvendig å avgrense arbeidet til dei bygde omgjevnadane. Eit døme på immateriell kulturarv som det kunne vore relevant å vurdere, og som det har kome innspel på under arbeidet med planen, er parisapolkaen, som vi forstår var særleg populær som dans på Folkets Hus.³ Vi har ikkje

¹ Lov om kulturminner §2: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

² Ord for ord – Rapport om bruk av begreper innen kulturminnevernet, Fortidsminneforeningen 1981

³ Bakka, Egil: Parisapolka, immateriell kulturarv og eksportartikkel frå Sauda, Ryfylke 12.09.2017

funne rom for nærmare vurdering av immaterielle kulturminne i denne omgangen. Vi har heller ikkje følgt opp eit innspel om hesteavl og hestekøyring.

Nasjonale føringer

Dei nasjonale føringane for kulturminnevernet og planlegginga av denne er nedfelt i ei rekke utgreiingar og stortingsmeldingar, seinast i Meld.St.35 (2012-2013): *Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken*. Meldinga vidarefører hovudmåla frå St.meld. nr. 16 (2004-2005): *Leve med kulturminner* om at det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø «skal minimeres», og at den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i dei varig verna kulturminna og kulturmiljøa skal bli betre. Ambisjonen var at både vedlikehaldet og breidda skulle vera på plass innan 2020.

Kommunane er peika ut som viktige aktørar i kulturminneforvaltinga. Kommunane skal ha ansvaret for å ta vare på eit representativt utval av kulturminne som ein felles kunnskaps- og erfaringsbank, og som ein møteplass mellom fortid, nåtid og framtid. Miljøverndepartementet minner om at kulturminne er ikkje-fornybare ressursar, og at dei er tapt for alltid dersom dei blir fjerna eller øydelagde. Kulturminne representerer viktige verdiar, og har betydning for identiteten, trivnaden og sjølvforståinga til folk. Dei kan også vera ressursar for ei god samfunns- og næringsutvikling. Målet med kulturminnepolitikken er derfor å forvalte dei kulturhistoriske verdiane på lang sikt som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Da Riksrevisjonen undersøkte saka i 2006 fann han at arealstatusen og arealutviklinga i Norge på fleire område ikkje ivaretar verdiar og prinsipp som Stortinget har veklagt for å sikre ei berekraftig arealdisponering, m.a. ved at kulturminne og kulturmiljø blir borte. Riksrevisjonen meinte at kommuneplanlegginga måtte brukast meir aktivt for å sikre ei berekraftig utvikling, men peika på at aktiviteten i kommunane i for stor grad var prega av behandling av private planforslag og dispensasjonssøknadar, i staden for overordna planlegging.

Støtte frå riksantikvaren

Riksantikvaren har fått i oppgåve å gjera noe med den ikkje altfor gode tilstanden, og har utarbeidd rettleiingar og sett i verk ei tilskottssordning for å styrke kulturminneplanlegginga i kommunane. Før siste utlysingsrunde (2017) meldte Riksantikvaren at 250 kommunar hadde fått midlar til å lage kulturminneplanar.⁴ Målet er at 90% av alle kommunane skal ha ein kulturminneplan innan 2020. Mellom dei som har fått støtte er Sauda kommune, som både har fått generelle midlar til dette arbeidet, og særlege midlar til registrering av krigsminne. Midlane er formidla gjennom Rogaland fylkeskommune.

⁴ Riksantikvaren: *Ønsker flere kulturminneplaner*, pressemelding frå Riksantikvren 11.01.2017

Målet med planen

Ein kulturminneplan skal gi kunnskap om fortida og avklare kva kulturminne ein vil ta vare på i framtida. Med bakgrunn i ei oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, skal kulturminneplanen vera ein plan for forvalting av desse.

Formålet med ei medviten forvalting av kulturminne bygger på ein ide om at kulturminne er med på skape skape tilhørning til staden, gi identitet, og legge verdi til staden både for fastbuande og tilreisande. God forvalting av kulturminne kan vera eit strategisk virkemiddel i arbeidet med utvikling av staden og verdiskapinga. Kulturminne er med å gi attraktive rammer for eit vitalt byliv.

Eit forsøk på formulering av eit overordna formål, eller ein visjon for Sauda kunne vera slik:

Sauda skal vera ein stad med sterkt identitet som industriby. Gjennom dokumentasjon, vern og formidling skal Sauda løfte fram industristadkulturen som del av ei nasjonal og internasjonal historie. Kulturen skal vera ein ressurs i verdiskapinga.

Sauda skal dokumentere, verne og formidle dei lange perspektiva i historia, frå mellomalderen til nåtid, og vise samspelet mellom dei tradisjonelle primærnæringane og den moderne industristaden.

Utgangspunkt i planprogrammet for kommuneplanen

Behovet for eit kunnskapsgrunnlag for kulturminneplanlegging i Sauda er tatt med i planprogrammet for Kommuneplan for Sauda 2018-2030.⁵ Her er potensiale, problemstillingar og utfordringar knytt til kulturminnevernet nemnt fleire stader, m.a. gjennom overordna utfordringar om å utvikle eit meir berekraftig samfunn, gjera Sauda meir attraktivt som besøks- og turistdestinasjon, og gjennom vidareutvikling av kvalitet i tettstaden. Meir spesifikt peikar planprogrammet på behovet for å få til ei «stadsutvikling med kvalitet». Programmet sannkjenner at eigenart og særpreg er verdiar som bidrar til at staden er attkjenneleg, og at det er ei utfordring å få til ei heilskapleg og estetisk god utvikling som bidrar til å framheva eksisterande stadskvalitetar på ein god måte.

Utfyllande prioriteringar i høringsuttaler

I ein høringsuttale til planprogrammet peikar Rogaland fylkeskommune på behovet for å legge klare premissar for korleis ein kan fortette «utan å redusere stadens identitet og oppleveling av mellom anna Sauda sentrum som kulturmiljø». Fylkeskommunen skriv vidare at «ein må gi uttrykk for klare haldningar til bevaring, vidareføring av lokal byggeskikk og

⁵ Kommuneplan for Sauda 2018-2030, Forslag til planprogram, Sauda kommune 26.05.2017

estetikk. Kommunen må vurdere grundig over kor det kan byggast og i kva form.»⁶ Gevinsten knyter fylkeskommunen til reisemålsutvikling og opplevingsøkonomien gjennom å styrke tiltrekkingskrafta til kommunen. Fylkeskommunen peikar og på utvegane til å utvikle og ivareta arbeidsplassar innafor bygg- og anlegg, reiseliv og opplevingsøkonomi gjennom forvalting av kulturarven.

Med den støtta frå Riksantikvaren som det er gjort greie for ovanfor har det vore råd å setta i gang arbeidet med ein plan som skal leggast ved kommuneplanen som ein temaplan. Oppdraget har vore å samle tidlegare registrerte oversyn over kulturminne, supplert med innspel frå frivillige deltakarar. Det skal også utarbeidast ein handlingsdel. Kommunen tenkjer at planen seinare kan utviklast til ein delplan i kommuneplanen.⁷

Både i føringane for arbeidet frå Sauda kommune, og i høringsuttalen frå fylkeskommunen er Sauda sentrum og Åbøbyen peika ut som dei viktigaste samanhengane kulturmiljøa i kommunen. Men fylkeskommunen minner også om at andre vesentlege kulturminne og kulturmiljø må vurderast, eksemplifisert med Hellandsbygd og Saudasjøen.

I NB!-registeret til Riksantikvaren er sentrum og Åbøbyen peika ut som kulturmiljø med nasjonal interesse. NB!-registeret er ein database over by- og tettstedområde som Riksantikvaren meiner det har nasjonal interesse å ta vare på. Det er i alt 249 område i 75 byar som er med i dette registeret. I Rogaland gjeld det område i Egersund, Haugesund, Sandnes, Skudeneshavn og Stavanger utanom Sauda.⁸ Også Fortidsminneforeningen støttar eit særleg fokus på Sauda sentrum.⁹

Bygger på tidlegare gjennomførte registreringar

Utgangspunktet for arbeidet med ein kulturminneplan for Sauda er tidlegare gjennomførte registreringar, analyser og litteratur som vi gjer nærmare greie for i kapitlet som handlar om kunnskapsgrunnlaget. Det har ikkje vore rom for noen systematisk revisjon eller omfattande nyregistrering av kulturminne, men det har på ulike vis vore søkt etter kulturminne og kulturmiljø som bør ha merksemd i arbeidet. Her har medlemmar i Sauda sogelag, andre med god kunnskap om lokale forhold, Facebook-sida «Gamle Sauda», Ryfylke lokallag av Fortidsminneforeningen og Ryfylkemuseet vore til god hjelp.

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i bladet Ryfylke og på Altinn til aktuelle partat med frist for innspel 17. oktober 2017. Det er registrert i alt 11 innspel. Liste over innspela er tatt inn i ei liste bak i dokumentet, under «Kjelder». Innspela blir kommenterte der dei hører heime i omtalen av kulturminnetilfanget.

⁶ Uttale til planprogram kommuneplan for Sauda 2018-2030, Rogaland fylkeskommune, Fylkesrådmannen, i brev til Sauda kommune 30.08.2017

⁷ Kulturminneplan Sauda, epost frå Åshild Marie Øverland, kultursjef i Sauda kommune, 16.06.2017

⁸ Riksantikvaren, NB!-registeret: <http://www.riksantikvaren.no/Tema/Byer-og-tettsteder/NB!-registeret>

⁹ Høyring – forslag til planprogram for kommuneplan for Sauda 2018-2030, uttale frå Fortidsminneforeningen, Ryfylke lokallag 2107.2017



Øyra er løfta fram som eit bygningsmiljø av nasjonal interesse, og det er gitt føringer om at området må få ein sterkare plass i kulturminnevernet.

Fleire om ansvaret

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for korleis det ser ut kring oss, men det er fleire som er med og delar på ansvaret. Først og fremst sjølvsagt eigarane av kulturminna. Det er ikkje ei rein privatsak korleis ein bygning, eit bygningsmiljø eller andre bygde former framstår i det offentlege rom. Ved sida av å rette seg etter lover, reguleringar og forskrifter, burde ein kunne forvente at eigarar ivaretar eit alminneleg ansvar for vedlikehald og orden på eigedomane sine, sjølv om det er nok av døme på at det ikkje skjer, også i Sauda. Det kan vera grunn til å minne om at kommunen, ved sida av sitt overordna ansvar, og sit med eit meir jordnært ansvar som huseigar.

Tett oppfølging frå fylkeskommunen

Eit viktig virkemiddel i arealforvaltinga skal vera statlege organs deltaking i den kommunale planlegginga gjennom samarbeidsplikt, samråd og medverknad. Fylkeskommunane,

fylkesmennene og regionale statlege etatar er, med heimel i plan- og bygningslova, pålagte å bidra i planprosessen. I den undersøkinga av berekraftig arealplanlegging og arealdisponering som vi refererte til ovanfor (Riksrevisjonen 2007), peikar Riksrevisjonen på fleire veikskapar ved oppfølginga av det kommunale planarbeidet. Dette gjeld t.d. om planlegginga i kommunen som heilskap er tilstrekkeleg overordna, og om dei planane som blir utarbeidde i stor nok grad følgjer dei nasjonale føringane. I Sauda ser vi likevel at Rogaland fylkeskommune ser ut til å ha eit tett og godt forhold til arbeidet med utvikling av kulturminnevernet.¹⁰

Stort frivillig engasjement

I den frivillige sektoren er Sauda sogelag ein viktig aktør. Laget blei etablert i 1979 og har vore ei viktig og aktiv stemme i arbeidet med vern og formidling av Sauda-historia. Sogelaget gir kvart år ut eit årsskrift der ulike sider ved historia til Sauda-samfunnet blir belyst. Det var Sauda Sogelag som tok initiativet til arbeidet med vern av Åbøbyen. Sogelaget har også, gjennom eitt av sine årsskrift, lagt viktige premissar for vernearbeidet i sentrum.

Fortidsminneforeninga har hatt fylkeslag i Rogaland i lang tid. I januar 2013 blei det oppretta lokallag for Ryfylke. Det har vitalisert arbeidet. Foreininga arrangerer møte, turar og kurs som fremjer interessa for og kunnskapen om historia og kulturminna, er høringsorgan i plansaker og følgjer med på planleggings- og tiltaksarbeidet i kommunane. Fortidsminneforeninga er ei frivillig foreining med avgrensa ressursar, men har som mål å vera ein konstruktiv bidragsytar i samfunnsforminga. Ryfylkeavdelinga av Fortidsminneforeninga har avgitt høringsuttale til planprogrammet for kommuneplanarbeidet i Sauda.

Ryfylkemuseet

I 1981 blei Rogaland folkemuseum omgjort til regionmuseum for Ryfylke, og fekk seinare namnet Ryfylkemuseet. Sauda har vore eit hovudarbeidsområde heilt frå starten, og museet har både utvikla eiga museumsverksemd i kommunen, vore rådgjevar for andre museumstiltak, og hatt ei aktiv rolle i kulturminnevernet, ikkje minst i arbeidet med vern av Åbøbyen. Vi skal komma tilbake til det. Ryfylkemuseet har eit lokalt museumslag som er engasjert i utviklinga av museumsarbeidet i Sauda.

Utfordringar i arbeidet

Det sterke engasjementet til overordna styresmakter og Riksantikvaren tar utgangspunkt i at stor aktivitet og utbyggingspress gjer at kulturmiljøa i mange byer og tettstader er utsette for

¹⁰ Utsegna bygger på samtalar/epostutveksling med kultursjefen i Sauda, spesialrådgjevar i fylkeskommunen og private huseigarar.

På jakt etter kulturminne



Roy Halbo har startet på jakt etter kulturminnene i Sauda. Her sammen med arkitekturhistoriker og bygdeleiarar Anne-Katrin Aune og Kjetil Fløystad.

Alle kulturminna i Sauda blir nå kartlagt. Om eit par månader skal kulturminneplanen vere ferdig.

FRANK INNAL

Tidlegare i år fekk Sauda kommunale 300 000 kroner av Riksantikvaren for å utarbeide ein kulturminneplan. Tidlegare direktør av Ryfylkemuseet, Roy Halbo, er nynå inn for å lege kulturminneplanen.

I fjor gav veiledera starta han arbeidet. I løpet av hausten vil Halbo bli godt kjent med Sauda.

– Eg har all vore i Svanedalen og Hellandsbygd. I dag var eg ned i Sauda byen. Det er i dette som er godt vedlikeholda, sier Roy Halbo.

– Ryfylke har matte haft.

– Då er han i Sauda sentrum og tar ein prat med Kjetil Fløystad, som eig bygget Sauda bokhandel. Held til!

– Eg tar godt hjelp fra eit par personar i Skude Segelsgjeng, opplyser Nelles, medan avlagsgjeldei Arneig Asladd fyker inn informasjon om det gamle bokhandla bygget til Fløystad.

– Det første må gjev er å gå opp taufasara registreringar for å sjå korleis det ser ut dag. Det slår store registreringane sykdeie på 1990-talet.

Lager oversikt

Det første Halbo skal gjyme er å lage ei oversikt over kulturminna i Sauda.

– Denne vil det førestille prioriteringar til slutti til det munnar ut i ein handlingsplan der ein førestiller totalt for å ta vare på kulturminna, sier Roy Halbo.

I tillegg til at kulturminne må registreres av det offentlege, meiner Halbo det er like viktig å drive nytting, oppsynshenting og støtte eigentane. Mange kulturminne er på private hender. Halbo meiner det er viktig å ha sin kultur-

minneplan i styre etter:

– Denon det er område i Sauda ein ønskar å sevur, må det leggast fram til på kva byggeskikk, tilslat og utforming ein ønsker i dette området. Kjø ønsker ein å plese? Installasjonar skal ankre ein for eksempel å ha ein stor bensinstasjon for bilkørbetongen blant dei gamle husa i Sauda-sognen sentrum? Når skal ein gi depemaksimal? Det er viktig å ta en tilnærming på kva byggeskikk ein ønsker å invitere, sier Roy Halbo.

Han synest Sauda er ein veldig spennende plass med eit unik industriekultur, som i tillegg er godt akvert. Han meiner dette er mest på å laffe Sauda opp som ein nasjonal interesserant sted.

Bankar på døra

Det heinder han bankar på og tar ein prat med nærliggande når han reiser rundt.

– Nokon reiser bort og tankar viss, men mange tar godt imot oss og synes det er stort at nokon har interesse for bygget døra i denne tidera, sier Roy Halbo.

– Han opplyser at han vil komme med forslag til kva kommunale kan sette inn som oppmuntrande tilbake overfor privatpersonar.

– Halbo opplyser at han har fått bestyrd om å rette eit samleg fokus på industriarbeidskultur og kognisjon.

– Dersom folk har tips til meg når det for eksempel geld kulturminne, må dei gjerne ta kontakt, sier Roy Halbo.

Sjølv om han ikke bur i Sauda, er han likevel godt kjent med Sauda og kulturhistorisk. Som mange ganger i historien av Ryfylkemuseet på Sand er han godt kjent med nabokommunane. Ryfylke-kommunane har jobba aktivt i ei rekke av Ryfylke-kommunane. Nå er han pensjonist og har dørtak til å ta på siv arbeidet med å utarbeide ein kulturminneplan for Sauda kommune.

Publikum har vore invitert til å involvere seg i arbeidet med kulturminneplanen gjennom avisoppslag, Facebook og kontakt med enkeltpersonar og foreiningar.

endringar og øydeleggingar. I Sauda er det peika på at ønskje om fortetting i sentrumsområda gjer at ein må vera særleg merksam på omsynet til kulturminna for å kunne oppnå måla om å ta vare på stadens identitet og kunnskaps- og attraksjonsverdiane som er knytt til dei eksisterande kulturmiljøa.

Men det er også andre utfordringar.

Gjennomgangen av dei bygningsregistreringane som blei gjort kring 1990, og andre forsøk på registrering av kulturminne i Sauda viser at det er mange trugsmål mot kulturminna. Vi vil komma nærmare tilbake til dette under gjennomgangen av det kulturhistoriske materialet lenger bak, og i forslaga til handlingar, men nemner punktvis noen utfordringar her:

- Tidlegare registreringar er mangelfulle, upresise og prega av ulik utøving av skjønn. For Sauda har det dessutan slått særleg uheldig ut at SEFRAK-registreringane berre skulle omfatte bygningar frå før 1900. Eit materiale som er tillagt så stor vekt som SEFRAK-registreringane, er derfor eit tvilsamt utgangspunkt for eit systematisk vernearbeid i Sauda.
- Uønska hendingar og medviten forståing av registrerte kulturminne har redusert tilfanget i omfattande grad, utan at det har vore råd å gjennomføre ein så systematisk revisjon av registreringane at det er råd å seia noe om kor stor prosentdel av kulturminna som er blitt borte.
- Bruksendringar og omleggingar av drift knytt til bygningane har ført til at bygningar er fjerna eller sterkt ombygde.
- Oppussing og rehabilitering har ført til endringar i form, funksjon, detaljering og materialar i så stor grad at det vanskeleggjer lesinga og forståinga av den opphavlege bygningen.

- Tekniske installasjonar som varmepumper og parabolantener, og behov for oppgradering av bad, kjøkken, uteplassar, søppelhandtering og garasjeanlegg har

tilført enkeltminne og kulturmiljø framandelement som skjemmer ut og forsøpler den opphavlege forma til bygningane.

- Kunnskapslaus og umedviten bruk av byggematerialar, bygningselement og overflatebehandling har forringa kvaliteten og uttrykket til bygningane.
- Tilgroing, brannar, riving og etablering av nye funksjonar og byggverk har forringa omgjevnadane og samanhengen kulturminna står i.

Summen av uønska hendingar, likesæle og medvitne endringar gjer at tilfanget av kulturminne, og tilstanden deira, raskt blir redusert. Dersom ein ønskjer å vidareføre kulturarven, og dess meir, sjå på han som ein ressurs i samfunnsforminga og næringsutviklinga, hastar det med å etablere kunnskap om kulturminna og setta i verk tiltak for å ta vare på dei.

Verdisetting av kulturminne

Det følgjer av det som er sagt ovanfor at bygningar kan ha ulik verdi som kulturminne avhengig av opphav, funksjon, bruk og vedlikehald. Riksantikvaren meiner vi bør skilje mellom følgjande grupper av verdiar i vurderinga av potensielle kulturminne¹¹:

- Kunnskapsverdiar
- Opplevingsverdiar
- Bruksverdiar

For å identifisere eit bygg som kulturminne er det ei rekke eigenskapar som kan bli vektlagde:

Alder, historie og autentisitet

Alder har alltid vore ein slik eigenskap, og ofte den viktigaste. Til eldre ein bygning er, til meir verdfull har han vore sett på. Dette er eit syn på kulturminne som har opphav i ei tid der det var viktig å synleggjera at Norge hadde ei historie å vera stolt av frå før dansketida. Slik er det ikkje nødvendigvis lenger, og etter kvart som interessa har utvida seg frå i stor grad å omfatte bondesamfunnet, til også å omfatte kyst- og fiskerisamfunnet, og etter kvart industriksamfunnet, må aldersverdien få mindre vekt.

Historia til bygningen er likevel ein del av aldersperspektivet som må tilleggast stor vekt. Ein bygning som er i ein slik stand at han framleis kan fortelja ei historie om opphav og bruk er eit viktig bidrag til både kunnskap om og oppleveling av det tidsrommet bygningen har stått.

Det følgjer av dette at bygningen har større verdi til lettare det er å forstå korleis bygningen har sett ut og kva han har vore brukt til. *Autentisiteten* til bygningen er derfor viktig, det vil seia i kor stor grad bygningen framstår som ekte eller opphavleg.

¹¹ Riksantikvaren: *Håndbok for lokal registrering, Kulturminner i kommunen u.å.*



Medan høg alder har vore ein viktig eigenskap ved kulturminne, er Sauda eit industrisamfunn som fekk si form i mellom- og etterkrigstida. Bilde frå Egne Hjem. Ukjent årstal. Bildet er lagt ut på Facebooksida Gamle Sauda av Wenche Verdal.

Det finst byggverk med stor aldersverdi også i Sauda. Mellomalderkyrkjegarden i Saudasjøen og ein del av dei eldste gardshusa er døme på det. Men den største bygningsmassen er frå 1900-talet, og er altså så ung at han fall utanom den nasjonale registreringa av kulturminne (SEFRAK) som gikk føre seg på 1980 og -90-talet. Det er likevel udiskutabelt at alle bygningar som har såpass autentisitet i behald at dei kan fortelja om buforhold, handel og produksjon opp gjennom 1900-talet har stor interesse i Sauda som industristad. Det er ein viktig grunn til at både Åbøbyen og Øyra har kome på NB!-lista til Riksantikvaren.

Arkitektur, form og estetikk

Lenge var det arkitektar og kunsthistorikarar som dominerte vernearbeidet. Og alle ære til dei, men det kunnskapsgrunnlaget som desse la til grunn favoriserte fort byggverk som tilfredsstilte høge krav til god *arkitektur, form og estetikk*. Dette kunne også føre til at det sjeldne, det som peika seg ut som noe omframt, blei høgare verdsett enn det alminnelege. Sjølv om det var mange gode grunnar til at det blei eit sterkt engasjement for å bevare stavkyrkjene, var det aparte med konstruksjonen og utsjånaden sterkt medvirkande til interessa for dei. Det var nok ikkje utan grunn at Frank Årebrot tilsynelatande blanda korta da han i sitt store foredrag på NRK TV i 2014 kalte Folkets Hus i Sauda for «Arbeiderbevegelsens stavkirke». Her blei stavkyrkja ein metafor for noe anna som var særleg verdfullt, altså Folkets Hus.

Med blikket til arkitekten eller kunsthistorikaren er stilhistoria blitt ein viktig kunnskap for å forstå og forklare bygningane. Til betre ein kan lesa stilhistoria i ein bygning, og til betre dei

stilhistoriske elementa er bevart, til større verdi har bygningen fått. Men sjølv om vi legg ei breiare verdivurdering til grunn, er det framleis slik at stilhistoria kan vera til god hjelp i arbeidet med å tolke ein bygning, og ho kan hjelpe oss til å forstå økonomiske og kulturelle føresetnadnar for dei bygningane vi skal forholde oss til.

Slik sett kan vi lesa den tidlege arkitekturen i Sauda som kvalitetsbyggeri. Det var dei beste arkitektane som blei engasjerte, dei tok med seg den nyaste kunnskapen om korleis bygningar skulle utformast til Sauda, og vi fekk eit byanlegg, eit sentrumsområde, og anlegg for kraftproduksjon som framstår som solide og framståande uttrykk for si tid.

Dette ser ein også i materialbruken og handverket, men handverkarane veit vi lite eller ingenting om. Det er først dei siste åra at handverket er løfta fram som ein viktig del av bygningshistoria. Ved musea er det ei veksande sannkjenning av at handverket, det som ofte blir kalla den handlingsborne kunnskapen, er vesentleg både for å forstå bygningane, og for å kunne drive eit truverdig vedlikehald av dei. Dette er ikkje mindre aktuelt i Sauda enn andre stader.

[Samanheng og heilskap](#)

Bygningar som del av eit miljø blir oftast vurderte som meir verdfulle enn enkeltståande bygningar. Dette gjeld både bygningar i jordbrukslandskapet, der bygningar i eit intakt gardstun byr på både større kunnskapsverdiar og opplevingsverdiar enn enkeltbygningar, og i urbane bygningsmiljø.

Utvegen til å overleve som del av ein heilskap er i stor grad knytt til bruksverdien. På gardane har bygningane gått ut av bruk ettersom driftsvilkåra har endra seg. Bygningar som var viktige i ei mangfaldig drift, blir unyttige på eit deltidsbruk med meir einsidig produksjon. Det klaraste uttrykket for bortfall av bruksverdi er likevel knytt til utløene, som var ein viktig del av fôrberginga. Men også bygningar som høyrdet til i tunet, som eldhus og smier, er ofte dei som forfall fortast.

I industristaden er det den samanhengande busetnaden som er grunnlaget for den største interessa. Bygningane i Åbøbyen og på Øyra kan vera interessante i seg sjølve, både av arkitektoniske årsakar, på grunn av historia som er knytt til dei, og fordi dei er representative for ei større gruppe av bygningar i Sauda. Men det er heilskapen som gjer desse byområda til bymiljø av nasjonal interesse. Det er gjennom heilskapen vi kan tilegne oss kunnskap om industrisamfunnet, og få ein utveg til å oppleve industristaden.

Likeeins er det i kraftproduksjonen og på smelteverket. Kraftstasjonane er dei mest iaugefallande delane av kraftanlegga, men dammanne, tilførselssystema, tunellane og røyrgatene, og kraftlinjene ut av stasjonane er viktige føresetnadnar for å forstå korleis kraftproduksjonen går føre seg. På smelteverket er det eit system av bygningar og kommunikasjonsårer som både historisk og i dag gir uttrykk for dei ulike delane av produksjonsprosessen. Til betre ein kan ta vare på desse samanhengane, til meir interessant vil det vera.

I Sauda må vi heller ikkje oversjå samanhengen mellom busetnaden i jordbrukslandskapet og busetnaden i industribyen. Det var eit gjensidig avhengigheitsforhold mellom bedriftene og

folk på gardane. Slik sett bør ein ikkje sjå på dei rurale og dei urbane delane av Sauda som to åtskilde samfunn, men som to sider av den nye Norge som oppstod med kraftutbygginga på 1900-talet.

Dokumentasjon og formidling (kjeldeverdi)

Bygningar er kjelder til kunnskap om fortida, og grunnlag for formidling av denne kunnskapen. I forsking om fortida bruker vi ulike typar kjelder: Dokument, foto, munnlege minne, gjenstandar og bygningar. Kva som blir vektlagt er avhengig av kva problemstillingar ein arbeider med, men arkitekten Hans Jacob Hansteen er mellom dei som meiner vi ikkje må undervurdere bygningane som historiske primærkjelder. Samtidig minner han oss om at bygningar er eit av dei mest allment tilgjengelege historiske dokumenta vi har.¹²

Hansteen peikar på at ein ikkje kan tolke ein stad, og historia til staden, utan å studere det i samanheng med handlingane som det er eit resultat av. Av dette følgjer at bygnings- og busetnadshistoria i første rekke handlar om korleis og kvifor handlingar har gitt seg uttrykk i det han kallar bygget form.¹³ Gjennom studiet av bygd form meiner Hansteen vi kan finne fram til viktige trekk ved det samfunnet ho representerer. Bygd form er direkte resultat av «byggende og brukende handlinger i fortid». Den bygde forma dokumenterer derfor historie, og er historieforteljande. Som allment grunnlag for oppleving av historie og tileigning av historieforståing, meiner såleis Hansteen at bygt form er mellom dei viktigaste dokumenta vi har.

Dette er eit syn som musea kjenner seg godt att i. Bygningar som blir verna av museum blir ofte tatt vare på fordi dei dokumenterer viktige forhold i fortida, og fordi dei er godt eigna som grunnlag for opplevingar av fortida. Bygningar som held fram med å vera i bruk kan miste noe av dokumentasjonsverdien om ein ikkje er medviten om dei vala ein gjer i vedlikehaldet av bygningen, eller når det er behov for tilpassingar til ny bruk.

Noen brukar uttrykket pedagogisk verdi om den verdien ein bygning har som historieforteljande objekt, eller som bakgrunn for forteljingar om fortida. Vi forstår at den verdien ein bygning måtte ha i pedagogikken heng nøyse saman med dei eigenskapane vi elles har omtala ovanfor.

¹² Hans Jacob Hansteen er ein av nestorane i bygningsvernet, og også ein av pionerane. Han har vore aktiv i faget sidan 1960-talet, og avslutta yrkeskarrieren som byantikvar i Oslo i 2003. I Fortidsvern nr. 3, 2017 er det eit fyldig dobbelportrett av Hans Jacob og kona Tale Kristina Hansteen. Tankegodset det blir vist til nedanfor er henta frå ei førelesing: Hansteen, Hans Jacob: *Vern av bygget form som dokument*, førelesing i prosjektet Bygningstradisjoner i grensetrakter, Karlstad 2005

¹³ Hansteen brukar uttrykket «bygget form» fo rá unngå einsidig merksemd om hus. Omgrepene omfattar meir enn hus, og kan i høgste grad vera tenleg i eit arbeid med kulturminne i ein kommune som Sauda.

Forekomstverdi og representativitet

I ein tidleg fase av kulturminnevernet var det det sjeldne, unike, særprega og gamle som blei høgast verdsett. Etter kvart blei det lagt større vekt på representativitet, altså at det var viktig å ta vare på bygningar som kunne representere ein alminneleg byggeskikk.

I arbeid med kulturminnevernet i Sauda er det viktig å vera medviten om den nasjonale og internasjonale interessa staden har som industrisamfunn. Som heilskap er Sauda eit relativt godt bevart, heilskapleg og lett lesbart minne om den industrialiseringa som skjedde i kjølvatnet av utnyttinga av vasskrafta. Det faktum at staden framleis er ein levande og vital industristad gjer verdien av den historiske forankringa dess meir verdfull.

Identitets- og symbolverdi

Med symbolverdi meiner ein bygningar som er høgt verdsette fordi det var bygningar som hadde ei særleg tyding i si samtid, eller dei kan ha fått det gjennom ny bruk, t.d. som museum. Det fremste dømet på ein bygning med høg symbolverdi i Sauda er gjerne Folkets Hus, både gjennom den historia som er knytt til huset, og gjennom den revitaliserte funksjonen det nå skal få som kulturhus og storstove for Sauda-samfunnet.


Identitetsverdien ligg nær symbolverdien ved at dette er ein verdi som blir knytt til den evna ein bygning har til å styrke kjensla av kontinuitet og tilhøring til ein stad eller eit sosialt miljø. I Sauda er det mange teikn på at «Byen» har ein slik verdi for mange. I arbeidet med kulturminneplanen har vi også opplevd at sjølve smelteverket er ein sterkt identitetsmarkør for mange.

Dersom ein ønskje rå ta vare på og vidareføre identitets- og symbolverdier er det viktig å ta vare på og forvalte dei aktuelle bygningane på ein slik måte at folke kjenner seg att.¹⁴

Kva er eit kulturminne

Det er muleg å spesifisere enda fleire verdiar, og det kan, ikkje minst, vera nyttig å vekte, eller prioritere verdiane. I Sauda vil det i høgste grad vera aktuelt å vekte høgt kulturminne som representerer ein viktig fase i historia (etableringa av industrisamfunnet), eller verksemder med særleg vekt i historia (kraftselskapet, smelteverket). Kommunen har sjølv peika på verdien kulturminne kan ha som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping (reiselivet). Men kva er det som gjer ein bygning eller eit bygningsmiljø til kulturminne?

¹⁴ Omtale av verneverdiar finst mange stader. Attåt litteratur som det blir vist til andre stader har vi i dette kapitlet også hatt nytte av Mørk, Max Ingar: *Stilarter i arkitekturen*, NTNU, Institutt for bygg, anlegg og transport 2012



Industrisamfunnet var lenge noe som hørte framtida til. Ikkje før på 1980-talet oppsto ideen om å sjå på industrien som kulturminne. Valplakat for Arbeidarpartiet 1945.

interessere seg for tekniske og industrielle kulturminne, dokumentasjonsprosjekt, og Museumsforbundet prøvde å utforme ein strategi for innsamling, dokumentasjon og formidling av industrisamfunnet. Fram til da var oppfatninga av industri noe som var knytt til framtida, men så endra altså oppfatninga seg, slik at industri kom til å bli oppfatta som noe fortidig, og noe som det var knytt verdiar til som det var viktig å ta vare på. Industrien blei tillagt verdiar som gjorde bygningar og tekniske innretningar til kulturminne.

I Sauda er det muleg å dokumentere denne endringa i synet på industrien nokså presist. I 1970 var Norsk Ukeblad på besøk og laga stor reportasje under overskrifta «Et sted i Norge – Sauda – storindustri på bygdegrunn». Her var agendaen å framstille det moderne industrisamfunnet med alle herlegdomane bygda hadde. Det var det moderne Sauda som sto i fokus i kontrast til det gamle jordbruksamfunnet og stølsdrifta som var så avfeldig at «eldre bygdefolk som husker tiden før industrien innfant seg, har nærmest inntrykk av å være kommet på en annen klode». Utviklinga kunne berre gå til himmels, for der «fremsynte menn» hadde bygd storindustri og skaffa bygda vegutløsing, strømde turistane nå på i stadig større tal. Sjølv røyken blei framstilt som noe «de lever av». Og på eit forsiktig spørsmål om

Vi har referert definisjonen i kulturminnelova ovanfor. Eit kulturminne er altså eit objekt som det knyter seg historiske hendingar til. Ein bygning er ikkje i utgangspunkt eit kulturminne i seg sjølv, men han kan bli tillagt verdiar som gjer han til eit kulturminne. Dette kan gjelde enkeltbygningar, eller det kan gjelde typer av bygningar. Stavkyrkjene er det fremste dømet på korleis ei gruppe bygningar kan bli tillagt verdi som kulturminne etter at dei blei frigjorte frå sitt opphavlege formål og gjort til gjenstand for beundring av byggemåte, utforming og detaljering.¹⁵ Av nasjonalpolitiske årsaker, eller vi kan kalle det nasjonalromantiske årsaker blei bondesamfunnets bygningar løfta fram som særleg verdfulle på slutten av 1800-talet, spesielt gjennom at dei eldste og mest særprega bygningane blei plasserte på ei rekke nye folkemuseum som blei etablerte rundt inngangen til 1900-talet.

Industri som kulturminne er noe nytt. Ideen oppsto først på 1980-talet. Da fekk vi dei første industrimusea, Riksantikvaren tok til å

¹⁵ Framstillinga av korleis bygningar blir kulturminne bygger for ein del på Ågotnes, Hans Jacob: *Om transformasjon fra industri til kulturminne*, foredrag på fagseminar for tekniske og industrielle kulturminne, Riksantikvaren og Norsk Tricotagemuseum, Salhus 2017

røyken ein dag ville vera borte, svara personalsjef Johan Matland at «så langt tror jeg aldri vi vil komme, for det skal noe til å få all røyken helt vekk».¹⁶

Ti år seinare tek avisene til å møte opp med journalistar, fotografar og teiknar for å skrive lange artiklar om Åbøbyen og arbeidet med ta vare på byanlegget.¹⁷

Det er ikkje noe nytt at endringar skaper interesse for kulturminnevern. Endring kan føre til tap av noe menneske opplever som verdfullt, og som det blir viktig å passe på når det kan vera fare for at det blir borte. På denne bakgrunnen ser vi at mange ver neprosjekt knytt til industri og kraftutbygging er blitt utløyst av nedleggingar og opphør av drift, med påfølgande fare for at bygningar og miljø kan bli rivne, ombygde eller transformerte til heilt andre formål (forretningar, restaurantar, kulturformål, bustader).

I Sauda har vi den situasjonen at hundre år gamle verksemder framleis er i full drift. Likevel blir den lange historia Sauda har som industristad opplevd som ein viktig del av identiteten til saudbuen. Den store utfordringa i Sauda er å finne ut korleis ein kan bevare viktige delar av verksemdere og det bygde miljøet rundt, utan å hindre ei vidare utvikling. Eller sagt på ein meir konstruktiv måte: Korleis ein kan ta vare på dei kunnskapsverdiane, opplevingsverdiane og bruksverdiane bygningar og miljø har som ressursar for vekst og verdiskaping i Sauda.

Virkemiddel i kulturminnevernet

Medan Kulturminnelova slår fast at kulturminne og kulturmiljø skal vernast, legg Plan- og bygningslova føringar for korleis dei bygde omgjevnadane blir utforma gjennom planar, reguleringar og byggesaksbehandling. På eit overordna nivå er lova sektorovergripande, og ho legg opp til eit system for heilskapleg planlegging der arealforvalting er ein viktig del. Kulturminne kan vera premiss i ei slik planlegging.

Plan- og bygningslova

Kommunen er plan- og bygningsmyndighet, og er dermed ansvarleg for at nødvendig arealplanlegging finn stad, og at kulturminneinteressene blir innarbeidde i planen. Ein kulturminneplan kan fungere som grunnlag for utarbeiding av arealplanar.

Kulturminnepolitikken blir synleggjort gjennom ein slik plan, og han kan fungere som ein kunnskapsbank eller bli ein bindande del av planstrukturen i kommunen.¹⁸

Omsynet til kulturminne, kulturmiljø og landskap skal vera forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen gjennom mål og strategiar. Kulturminneplanen er ei utdjuping av det som er nedfelt i samfunnsdelen av kommuneplanen.

¹⁶ Schjander, Fredrik: *Et sted i Norge, Sauda – storindustri på bygdegrunn*, Nork Vekeblad nr. 41, 1970

¹⁷ T.d. Håland, Leif Amund og Uppstad, Knut: *Åbøbyen*, Stavanger Aftenblad 02.10.1982

¹⁸ Riksantikvaren har utarbeidd ei omfattande rettleiing om planlegging etter plan- og bygningslova: *Veileder – Kulturminner, kulturmiljøet og landskap – planlegging etter plan og bygningslover*, Riksantikvaren 2016

I kommuneplanen kan kulturminne, kulturmiljø og landskap sikrast gjennom omsynssoner, føresegner til arealformål eller generelle føresegner. Omsynssoner (bokmål: hensynssoner) er det viktigaste virkemiddelet. Ei omsynssone, med tilhørende føresegner og retningslinjer, kan vise omsyn og restriksjonar som er viktige for bruken av arealet. Omsynssona skal vise kva omsyn ein skal ivareta innanfor sona, uavhengig av kva arealbruk det blir planlagd for. Dette er eit aktuelt virkemiddel i arbeidet med kommuneplanen for Sauda, da tidlegare registreringar av kulturminne er mangfulle, og det ikkje er muleg å få til ei detaljert og systematisk nyregistrering innafor rammene til arbeidet med denne kulturminneplanen.

Reguleringsplanar kan brukast som formings- og styringsverktøy der kulturminneinteressene er premiss for det som kan gjerast i planområdet. Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan sikrast gjennom arealformål LNFR med underformål vern av kulturminne og kulturmiljø, gjennom omsynssoner med tilhørende føresegner, og føresegner til arealformål. Føresegnehene i ein reguleringsplan er heilt vesentleg for ei god forvalting av område med kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsinteresser. Erfaringane er at føresegnehene må vera presise og konkrete.

Freding

Det strengaste virkemiddelet i kulturminnevernet er freding. Noen kulturminne er automatisk freda. I vårt tilfelle gjeld dette faste kulturminne frå før reformasjonen (1537) og ståande byggverk med opphav frå perioden 1537–1649.¹⁹

Eit vedtak om freding av nyare kulturminne skjer etter kulturminnelova og fører til at det er forbode å gjennomføre endringar av kulturminnet utan løyve frå kulturminnestyresmaktene. Initiativet kan springe ut av allmenne interesser, ønske frå eigar, eller ha utgangspunkt i kommunen eller fylkeskommunen. Dei fleste fredingssakene blir førebudde av fylkeskommunen, medan Riksantikvaren er delegert vedtaksmyndighet. Eigaren, kommunen og andre skal bli hørt i arbeidet med ei fredingssak.

Planlegging, regulering og freding er legale virkemiddel som legg avgrensingar og restriksjonar på tiltak knytt til enkeltobjekt eller område. Det finst ei rekke andre virkemiddel som kan ha til formål å styrke kunnskapen og interessa for kulturminne eller støtte arbeidet med vern av kulturminna.

Tilrettelegging, oppmuntring og formidling

Skilting, rydding og tilrettelegging, publikasjonar, utstillingar, arrangement og nettbaserte formidlingstiltak er døme på tiltak som kan bidra til å gjera kulturminna kjente, attraktive og tilgjengelege. Det mest påkosta tiltaket av dette slaget i Sauda er byggverka til Nasjonale Turistvegar i Allmannajuvet. I den andre enden av kostnadsskalaen er arbeida med

¹⁹ *Forvaltning. Kulturminneloven §§15 og 19. Saksbehandlingsregler og prosedyre for gjennomføring av fredningssak*. Riksantikvarens informasjon om kulturminner 2004

registrering, tilrettelegging og formidling av krigsminna i Saudasjøen, der ein fekk gjort mye for 100.000 kr. og ein god dugnadsinnsats.

Rettleiingar, konsulenthjelp, premiering og tilskott er døme på tiltak som oppmunstrar til og støttar arbeidet med å ta vare på bygningar som har kulturhistorisk interesse. I arbeidet med vern av Åbøbyen har det vore utarbeidd rettleiingar og ytt gratis konsulenthjelp, men det har aldri vore etablert noen økonomisk støtteordning for rehabilitering eller restaurering av verneverdige hus. Det blir arbeidd med reviderte retningslinjer for Åbøbyen og det ligg også føre planar om ein bygeskikkrettleiar for heile kommunen.

Fortidsminneforeningen i Rogaland delar kvart år ut ein vernepris for førebileteleg bevaring av bygningsarven. I 2011 fekk Leiv Haga prisen for istandsettinga av ei samanhengande husrekke i Odinsveien i Åbøbyen.

Sauda kommune introduserte og ein bygeskikkpris, men utdelinga av prisen blei nedlagt etter noen få år.



Den mest påkosta tilrettelegginga av eit kulturminne i Sauda er installasjonane til Peter Zumthor i tilknyting Nasjonal turistveg og sinkgruvene i Allmannajuvet.

Tilskottsordningar

Det finst nasjonale og regionale tilskottsordningar som kan vera ei støtte i arbeidet med å ta vare på verneverdige bygningar. I delar av landet der ein har lagt stor vekt på rettleiing og

hjelp med skriving av søknadar, har dette vore viktige kjelder til finansiering av bygningsvernet. Rogaland er ikkje mellom dei fylka som har greidd å hente ut den største delen av tilskotta frå t.d. Norsk kulturminnefond.

NORSK KULTURMINNEFOND

Dei største tilskotta til bygningsvernet kjem frå Norsk Kulturminnefond. Kulturminnefondet blei etablert i 2003 og har sidan (fram til sommaren 2017) delt ut 570 mill. kr. Fondet kallar tilskotsordninga eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne. Også frivillige lag og organisasjonar, anten dei eig kulturminna sjølv eller forvaltar dei på vegner av andre, kan söke.

Kulturminnefondet støtter tiltak på alle typar faste kulturminne, t.d.: Buplassar, bygningar, båtar, hageanlegg og kulturlandskap. Søknadsfristen er 1. november.²⁰

Kulturminnefondet har sjølv peika på at det er ei utfordring at ein etter måten liten del av midlane blir delt ut til tiltak på Vestlandet. Det kan skuldast at rettleiingstenesta her er dårlig, eller heilt fråverande, og at det blir skrive få søknadar. I fylkeskommunar og kommunar der dei har satsa på ei rettleiingsteneste oppnår dei årleg store tilskott frå Kulturminnefondet. Her, som i forhold til andre støtteordningar, vil det vera ein fordel at dei kulturminna det blir sökt om tilskott til er omfatta av eit vernetiltak.

SMIL

Eigarar av kulturminne som er berettiga produksjonstilskott i landbruket kan söke om SMIL-midlar. SMIL er ei offentleg tilskotsordning som blir forvalta lokalt av kommunane. SMILs kulturlandskapstiltak kan brukast til istandsetting og skjøtsel av jordbruks kulturminne. I 2017 er det sett av 95 mill. kr. til bevaring av verneverdige bygningar. Dette er midlar som blir administrert av dei lokale landbrukskontora.²¹

NORSK KULTURARV

Norsk Kulturarv er ei stifting som har til formål å sikre kulturarven gjennom berekraftig bruk. Norsk Kulturarv har ei rekke aktivitetar, men tilbyr også støtte gjennom målretta aksjonar. «Ta et tak» er ein aksjon som rettar seg mot våningshus og driftsbygningar som har kulturhistorisk verdi. Det er ein fordel å legge med uttale frå antikvarisk styresmakt eller dokumentasjon på registrering i SEFRÅK når ein søker. «Rydd et kulturminne» er ein aksjon som gir støtte til aktivitetar der barn o gunge blir engasjerte til å ta del i det lokale kulturminnevernet. Les meir om desse aksjonane på heimesida til Norsk Kulturarv.²²

²⁰ Kulturminnefondet: <http://kulturminnefondet.no/>

²¹ Spesielle miljøtiltak i jordbruksdirektoratet – SMIL: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/om-tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket#smil-i-2017>

²² Norsk Kulturarv: <http://www.kulturarv.no/>

STIFTELSEN UNI

Stiftelsen UNI er ein allmennytig stiftelse som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminner. For søknadar om støtte til kulturminnevern krev stiftelsen dokumentasjon av verneverdien. Søknadar blir behandla fortløpande, som regel seks gonger i året. Sjå nærmare om krav til søknad heimesida til stiftelsen.²³

FORTIDSMINNEFORENINGEN

Fortidsminneforeningen har to støtteordningar, ein lokal og ein nasjonal. Den lokale er Antikvarisk vernefond Rogaland og Konrad Foldøys fond som blir forvalta av Fortidsminneforeningen avd. Rogaland. Målet med tilskott frå fonda er «å heve den antikvariske kvaliteten ved forvaltningen av tilskuddsobjektene». Det blir knytt klare vilkår til tilskotta, og Fortidsminneforeningen deltar også i mange tilfelle med antikvarisk konsulenthjelp på byggeplassen. Søknadar blir behandla 15. april og 15. oktober kvart år. For nærmare informasjon om utvegen til støtte frå fonda, kontakt Fortidsminneforeningen.²⁴

Nasjonalt forvaltar Fortidsminneforeningen relativt store midlar frå Sparebankstiftelsen DNB som blir kanalisert gjennom prosjektet Kulturminner for alle. Hovudmåla for prosjektet er å styrke og ivareta dei gamle handverka og sikre kulturminne som er allment tilgjengelege. Eigrarar av kulturminne som står i fare for å gå tapt kan søke om midlar frå prosjektet. Tiltak som har fokus på kompetanseoverføring blir prioritert. Bygninga det blir søkt om støtte til må dessutan vera tilgjengelege for ålmenta, og ha ein plan for vidare bruk. Les meir om prosjektet på heimesida til Fortidsminneforeningen.²⁵

FYLKESKOMMUNALE MIDLAR

Gjennom fylkeskommunen er det råd å søke om tilskott til freda bygg og anlegg. Men det er ikkje til så stor hjelp for Sauda, som førebels ikkje har noen freda bygg og anlegg frå nyare tid. Men så er det også ei ordning for tilskott til verneverdige bygg og anlegg som blir vurdert til å ha «særleg kultur- og/eller arkitekturhistorisk loka og regional verdi». Tilskottsordninga er meint å dekke noen av meirkostnadane ved vedlikehald og istandsetting etter antikvariske prinsipp. Fylkeskommunen prioriterer bygninga som er registrerte i klasse A eller B i SEFRÅK, og bygninga som er regulerte til spesialområde eller omsynssone. Søknadsfristen er 1. november kvart år.²⁶

Eigarar av landbruksbygninga kan i tillegg søke om tilskott frå det som blir kalla Regionalt miljøprogram.

²³ Stiftelsen UNI: <http://www.stiftelsen-uni.no/>

²⁴ Fortidsminneforeningen Rogaland: ingeborg.f.solli@uis.no

²⁵ Fortidsminneforengen, Kulturminner for alle: <https://www.fortidsminneforeningen.no/kulturminner-for-alle>

²⁶ Tilskottsordningar Rogaland fylkeskommune: <http://www.rogfk.no/Tilskudd-og-oekonomisk-stoette/Natur-og-kulturvern2>

Styrking av dokumentasjonen

Eit iaugefallande trekk ved kulturminneplanlegginga i Sauda er at grunnlagsmaterialet er mangefullt. Vi kjem tilbake til kva som er utført av slikt arbeid nedanfor, i kapitlet «dokumentasjon og vern av kulturhistoria», men det synest nokså klart at det både er behov for ein systematisk revisjon av tidlegare utførte registreringar, og ein plan for nyregistrering og dokumentasjon av viktige tema i historia til kommunen. Dette gjeld både bustader og bygg for handel og tenesteyting, og det gjeld særleg bygg for kraftproduksjon og industri. Under handlingsplanen sist i dokumentet, vil vi komma tilbake til konkrete forslag til dokumentasjonstiltak.

ÅTTE TUSEN ÅRS BYGDEHISTORIE



Kyrkjegarden på Sausa i Saudasjøen var i bruk frå mellomalderen og like fram til i 1950-åra. Torger Tveitane har registrert 128 gravminne som framleis står på staden. Klokketårnet vart bygd i 1952.²⁷

Da isen begynte å trekke seg tilbake for 10 - 12 000 år sidan følgde menneska etter. Når dei første kom til Sauda veit vi ikkje sikkert, men dei eldste funna av etterlatenskaper etter menneska er frå kring 6 000 år før vår tidsrekning. Det er ei steinøks som blei funnen av Ola Grønsdal på Nes i Saudasjøen i 1914. Dette er det eldste kulturminnet vi veit om frå Sauda.²⁸

Seinare er det gjort fleire steinalderfunn (ca. 8 000 – 1 800 f.Kr.) som viser at her har det vore jegerar og sankrarar, og kan hende jordbrukarar, som har funne livberging på grusmoane i Saudasjøen og på flatene på Åbø, like innunder Brekke. Seinare, av funn frå bronsealderen (ca. 1 800 – 500 f.Kr.), veit vi at husdyrhald da var blitt ein del av næringsgrunnlaget.

Det er få arkeologiske funn som kan fortelja oss noe om utviklinga av busettinga i Sauda i jernalderen (ca. 500 f.Kr. – 1 000 e.Kr.). Det eldste og sikraste funnet er ei brannggrav frå Austarheim som gir grunn til å tru at det var etablert ein gard der i folkevandringstida (ca. 400 – 600 e.Kr.). Ved å setta saman kunnskapen om dei funna som er gjort, og gardsnamna,

²⁷ Torger Olav Tveitane har arbeidd mye med å dokumentere kyrkjegarden. Omtalen av kyrkjestaden i Saudasjøen bygger for ein del på eit handskrive manuskript av Tveitane.

²⁸ Omtalen av den eldste historia bygger på Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda – Bygdesoga før 1880*, Sauda 1991

har Arnvid Lillehammer funne at det kan ha vore eit par og tjue gardar i Sauda på denne tida. Det er Åbø, Herheim og Austarheim, land-gardane Hovland, Hølland, Fiveland, Birkeland, Espeland, Øverland og Handeland, Årtun, Nes, Teig og Søndenå, for å nemne noen av dei Lillehammer reknar med.



Steinen som står ved oppgangen til kyrkjegarden i Saudasjøen er del av ein større bautastein som sto på Hedlot så seint som i 1810.

Fram mot høgmellomalderen (ca. 1150 – 1350 e.Kr.) gikk det føre seg ei kraftig utviding av busetnaden og nye område blei busette, som t.d. Svandalen. Nå kjem Tveitgardane: Hustveit, Kjerringtveit (skilt ut frå Djuv), Fosstveit (skilt ut frå Risvoll), Amdalstveit og Mollatveit. Og så Rødgardane: Ivarsrød, Amdalsrød og Gunnarsrød. I mellomalderen var det og fast busetnad i Slettedalen.

Busetnaden og folketalet var på topp første delen av 1300-talet. Frå eit samfunn av noen og tjue gardar på dei vide grusmoane rundt fjordbotnen i eldre jernalder (før 600 e.Kr), hadde aukande folketal og rydding av nye gardar i vikingtid og tidleg mellomalder ført til i eit samfunn av nærmere seksti gardseiningar. Tettast var det nede i bygda, men Lillehammer tykkjer dei mange nye gardane som var rydda inne dalane og opp mot fjellet gir eit særleg sterkt inntrykk. Attåt jordbruket spelte jakt og fiske ei rolle i livberginga. Kor mange dei var, er vanskeleg å vita. Det var nok noen hundre, men neppe så mange som tusen. Og snart skulle dei bli færre. Svartedauden var ei katastrofe som ramma både folk og busetnad.

Kyrkjested i Ytrebygd

Det er ingen kjelder til kunnskap om den første kyrkja i Sauda, men Arnvid Lillehammer finn det rimeleg å tru at den første kyrkja kunne vore bygd seinast ein gong på 1100-talet. Ho sto på Kyrkjehaugen i Saudasjøen, men korleis ho såg ut veit vi ingenting om.²⁹

Etter reformasjonen veit vi litt meir om kyrkja. Ho var i dårlig stand da, og auke i folketalet gjorde at ho blei for lita. Ved inngangen til 1600-talet var det derfor behov for både vøling og utviding. Etter ymse reparasjonar og vedlikehaldsarbeid utetter hundreåret, var det behov for eit nytt, stort løft i starten på 1700-talet. Det heldt i hundre år til. Da blei gamlekyrkja riven,

²⁹ Lillehammer, Arnvid (red.): *Sauda kyrkje 1866-2006*, Sauda sokneråd 2006

og ei ny bygt opp, men truleg med gjenbruk av brukande materialar. Den nye kyrkja var ferdig i 1806. Det var ei tømra kyrkje, 12 meter lang og 7,5 meter brei. Ho blei på eit tidspunkt dekorert med rosemåling innvendig. Når, og kven som gjorde det veit vi ikkje heilt sikkert, men Lillehammer tykkjer det ligg nær å tenkje seg at det var meistermålaren Lars Aslakson Trageton (1770-1839) som blei hyrt inn.

Kyrkja på Kyrkjehaugen blei riven i 1868 og berre noen få gjenstandar er bevart. Materialane blei sold til bønder i Finnøy for 80 riksdaler³⁰. Ryfylkemuseet oppdaga ein del bord frå kyrkja i ei løe på Finnøy for ein del år sidan. Om lag 20 bord blei henta heim til Sauda da løa blei riven på 1980-talet. Desse er nå i kapellet i Saudasjøen. Skal ein få eit bilde av korleis kyrkja såg ut er truleg treskjærarbeidet til Ola Fagerheim det beste å ty til. Men Kyrkjehaugen ligg der framleis, og er freda som mellomalderkyrkjegard.

Sjølv om Saudasjøen hadde kyrkje, måtte Saudabuen til Sand eller Jelsa, eller like til Stavanger, om dei ville på handel. Først i 1790 fekk Sauda sin første gjestgjevar. Frå da vaks Saudasjøen fram som det første bygdesenteret i Sauda.³¹

Frå katastrofe til velstand

Sauda kom ut av Svartedauden med kraftig redusert folketal, og kraftig reduksjon av bruk i drift. Arnvid Lillehammer reknar at i verste fall kan berre kvart fjerde menneske i bygda ha overlevd pesten. Ved inngangen til 1500-åra var det ikkje meir enn 17 gardar i bruk. Men det tok seg snart opp att. Snart er Svandalen busett på nytt, gardane kring Amdal er rydda, og i Hellandsbygd er det ny drift. Ein av dei siste gamle øydegardane som blei busett var Indre Molla, der ein son frå Ytre Molla sett seg til i 1650-åra. Frå da gikk det oppover ei stund, i alle fall for ein del. Men det var ikkje jordbruket som ga dei største inntektene.

Ute i Europa var det god fart i økonomien, og det var stor etterspurnad etter trelast. I Norge sto skogen fin og hogstmoden etter Svartedauden og øydegardstida. Og det viktigaste av alt: Vassaga blei tatt i bruk for å bearbeide trelasten.³²

På Vestlandet låg alt til rette for eit trelasteventyr. Her var både skog og vatn til å drive vassager. Og det var stutt veg til stader der trelasten kunne berast om bord i langvegsfarande skuter. For driftige folk var det berre å brette opp ermane, og mange gjorde det. Arnvid Lillehammer har gått etter kjeldene og kartlagt vassagene som var i drift først på 1600-talet. Han fann at dei låg tett langs fjordane i Ryfylke, og mange gjorde det godt. Det var på denne tida Hylstronnå fekk nemninga Sølvkannestronno på folkemunne. Her var fine, dekorerte sengebuer på gardane, og sølvkanner i stovene, begge delar symbol på velstand og overskot.³³

Det var ikkje like tett mellom sølvkannene i Saudafjorden. Velstanden kom ikkje til Sauda i like stor grad som til grannebygda. Da sølvskatten blei utlikna i 1816 ga bøndene i Hylsfjorden i gjennomsnitt 10,4 spesiedalar, medan bøndene i Sauda ga eit gjennomsnitt på

³⁰ Etter Torgeir Olav Tveitane.

³¹ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991

³² Lillehammer, Arnvid: Sakskurd og trelast i Ryfylke først på 1600-talet, i Frå bygd og by i Rogaland, årbok for Rogaland Folkemuseum 1977

³³ Drange, Ernst Berge: *Sand – Gardar og folk I*, Suldal kommune 1997

3,9 spd.³⁴ Medan dei største utlikningane i Sauda var 18 spd. på Handeland og 16 på Fosstveit, blei fleire gardar på Hylsstronno likna for kring 40 spd.³⁵ Grunnane til dei store skilnadane kunne vera fleire. Omfanget av produktiv skog og eigarskapet til sagene var to viktige grunnar.



Det finst restar etter oppgangssager fleire stader. Ein av dei lettast tilgjengelege er murane etter saga i Svandalsfossen. Diverse vegutbyggingar har øydelagd både hustufter og den gamle vegen ned til saga, men nå går det trapp frå avkøyringa ved fossen.

Landbruket kunne ikkje brødfø alle

Sjølv med nydyrkning, trelastbonanza og god utnytting av fjellbeite var det ikkje like gode utsikter til inntekter for alle. Jordbruket ga ikkje like god avkasting kvart år, og mindre etter kvart som klimaet blei ringare, februket kunne ikkje dekke behova for kjøt, mjølk og mjølkeprodukt, skogen blei etter kvart uthoggen. Frå litt ut på 1600-talet var det teikn til vanskelegare tider.

Mange gardar blei delte til det ikkje var meir å dele. Så blei løysinga at folk kunne få setta seg ned som husmenn. Dei første husmennene var spesialistar, handverkarar, eller folk som arbeidde på sagene, og som fann eit rimeleg utkomme i andre gjeremål enn å dyrke jorda.

³⁴ Drange, Ernst Berge: *Hertug Tjelmeland og grev Løland – Blant bausar (storfolk) på Sølvkannestronno i Sand sokn, Ryfylke*, i Bondemotstand og sjølvkjensle på Sørvestlandet, seminarrapport Utstein Kloster 2002

³⁵ Digitalarkivet: Sølvskatten

Etter kvart var det meir nauda som førte folk over i husmannsklassa. Noen fekk seg mindre plassar i utkanten av gardane, noen slo seg ned ved sjøen. Ei samling hus nede ved sjøen på Hedlot var starten på det senteret som Saudasjøen seinare blei. Men enda ut på 1700-talet var husmennene ei lita gruppe i Sauda. Lillehammer skriv at husmannsgruppa berre utgjorde 16% av folketalet i 1758, men at ho auka utetter hundreåret. I 1801 utgjorde husmannsgruppa 1/3 av innbyggjarane.

Om folkeauken hadde vore smålåten så langt, kom han på 1800-talet til å bli så sterk at han sprengde rammene for bygdesamfunnet. Frå 1801 til 1875 auka folketalet i Sauda to og ein halv gong. «Folkepresset tvinga busetnaden ut mot yttergrensa av det moglege», skriv Lillehammer i bygdesoga. «Verken før eller seinare har busetnaden i Sauda strekt seg så langt inn i dalane og opp mot fjellheimen som på 1800-talet. Heimar vart bygde på dei mest utrulege stader. I tronge dalar og i bratte lier klora folk seg fast, sete opp hus, spadde åker og fødde kyr, sauer og geiter». Men det var ikkje åker, kyr, sauer og geiter som redda dei, det var verda utanfor. Først Amerika, før Amerika kom til Sauda.



Nedbøen var husmannsplass under Øverland. Her budde det folk i om lag hundre år, frå 1820-talet og fram til 1920. Da plassen blei SEFRÅK-registrert i 1992 sto ennå løa, som var samanbygd med stovehuset. Når står huset til nedfalls. Det skal vera den siste husmannsplassen med hus på i Sauda.

Forvarsel om nye tider

Det kom eit forvarsel om nye tider alt før århundreskiftet. I 1881 blei det oppdaga sinkforekomster på Birkeland, og det kom i stand prøvedrift alt på slutten av dette året. Det blei skipa eit selskap som skulle ta ut sinken, Saude Grube Compagni. Arbeidet med å opne gruvene kom i gang vinteren og våren 1882. Ingen i Sauda hadde kompetanse på gruvearbeid, så dette førte til innflytting både av folk som skulle ha leiande stillingar i prosjektet, og arbeidarar.³⁶

Vegbygginga var den største utfordringa. 80 mann var i arbeid med vegen vinteren 1883-1884. Det blei usemje om løna, og den første streiken i Sauda blei varsla, men arbeidarane tok opp att arbeidet da dei blei truga med revolver. Gruvevegen er i dag eit av dei mest spektakulære kulturminna i Sauda, men det er framleis ein krevjande veg. På grunn av utrasingar har berre ein liten del av han vore tilgjengeleg dei siste to åra.



Sinkgruvene i Allmannajuvet omfattar både eit brakke-, kontor- og vaskeriområde nær vegen til Hellandsbygd, gruvevegen på sørssida av elva og gruvegangar med skinnegang og diverse utstyr etter drifta. Det er førstekonservator Trygve Brandal frå Ryfylkemuseet og tidlegare kultursjef Leiv Arild Berg som her er på synfaring inne i ein av gruvegangane.

³⁶ Omtalen av sikgruvene bygger på Brandal, Trygve: *Sinkgruvene i Almannajuvet i Sauda, Utgreiing til Statens Vegvesen, Turistvegkontoret, Ryfylkemuseet 2002*. Her er det også tatt inn ei detaljert liste over kjente kulturminne i gruveområdet.

Den første utskipinga av malm skjedde i 1884, men det gikk ikkje så godt, og det blei stillstand att alt i 1887. Nå overtok engelske eigarar. Den nye direktøren fekk bygt den vakre direktørbusstaden på Kongshaug som i dag er eit anna kulturminne frå gruvetida.

Dei nye, engelske eigarane trappa opp drifta kraftig. I åra 1880-1890 var opp mot 100 mann i arbeid. Men heller ikkje engelskmennene lukkast riktig, og drifta blei på nytt innstilt frå hausten 1894 til sommaren 1896. Så kom eit jubelår med stor drift og heile 168 tilsette i 1897, men to år etter, i 1899, blei drifta innstilt for godt.

Utanom gruvevegen etterlet gruvedrifta seg eit omfattande system av sjakter, orter, synkar og kanalar inn ei fjellet. For å transportere malmen ut av gruva blei det rigga til skinnegangar for vogner. I friluft blei det bygt plattingar for utsortering av malmen. Avfallet ligg ennå att som fyllingar utafor gruveopningane. Derifrå blei malmen transportert med hest og vogn, eller slede om vinteren, ned til knuseriet og vaskeriet som blei bygt i 1888-1889. Samtidig blei det reist eit kontorbygg og det blei etablert brakker for arbeidarane.

Det var etter kvart Saudefaldene som blei sittande med aksjane i sinkgruvene, men det blei aldri noen aktiv gruvedrift att. I 1938 blei husa selde på auksjon for å få dei rivne. I dag er det såleis berre murane att etter bygningane, men to av formidlingsbygga som er sett opp som lekk i utviklinga av Nasjonale turistvegar er plasserte der kontorbygget og vaskeriet sto.

Eit kraftsenter i krig og fred

Gruvedrifta i Almannajuvet førte ny aktivitet og nye folk til Sauda. Ein kan sjå på ho som ei slags ouverture til kraftutbygginga og industrireisinga, og i vår samanheng har ho etterlate seg kulturminne som både kan gi kunnskap om og opplevingar av ei tid med nokså røffe arbeidsforhold. Men ho førte ikkje til noen varig omvelting av bygdesamfunnet.

Det fekk støre konsekvensar da lokale entreprenørar, og etter kvart storkapitalen, fekk interesse for utbygging av vasskrafta. «Då avgjerala om utbygging av Storelv-vassdraget vart teken i 1914, var dette i realiteten ei avgjerd om ei total omforming av Sauda-samfunnet», skriv Trygve Brandal i ein artikkel om krafthistoria.³⁷ «Utnyttinga av vasskrafta til produksjon av elektrisk energi er grunnlaget for det Sauda-samfunnet vi kjenner i dag», skriv han vidare. Minna om kraftutbygging har ein naturleg og viktig plass i kulturminnevernet i Sauda.

Sauda Vassdragsselskab blei skipa i februar 1913. Seinare same året blei det halde konstituerande generalforsamling i det som nå blei heitande A/S Saudefaldene. Stortinget ga konsesjon for utbygging av Storelva i juli 1914. Eit viktig konsesjonsvilkår var at utbyggjarane blei tilplikta å «skaffe arbeiderne sundt og forsvarlig husrum, tomter til bygning av egne hjem med veier, vand, kloak og elektrisk lysanlæg samt grund til forsamlingslokale, til lokale for kooperativ eller anden handelsvirksomhed og lignende». Ei viktig grunnlag for dei kulturminna vi i dag meiner har verdi å ta vare på ligg altså i konsesjonsvilkåra for kraftutbygginga frå 1914.

³⁷ Brandal, Trygve: *Vatnet og krafta – 100 års krafthistorie i Sauda*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

Dei første anleggsarbeida kom i gang i mars 1915. Ombygging av vegen til Hellandsbygd var noe av det første dei måtte ta i ferde med, men også reising av permanente bustader både i Sauda og i Hellandsbygd. Arbeidet med kraftstasjonen ved Storlivatnet (Stasjon I) starta i oktober 1916. Han var klar for prøvedrift tre år seinare, men var heilt ferdig først i mars 1920. Stasjon II ved Dalvatn var klar til prøvekjøring to år etter. Den lange anleggsperioden avspeglar både meteorologiske, økonomiske og organisasjonsmessige vanskar. Men dei blei overvunne, og i 1927 kunne utbygginga halde fram.

Bygginga av Sauda III førte til dei byggverka som i dag framstår som dei mest synlege minna om kraftutbygginga i Sauda. Sauda III skulle utnytte vatnet mellom Storlivatnet i Hellandsbygd og Sauda fjorden. Frå dammen i Storlivatnet blei det bygt ein lang tunnel fram til eit fordelingsbasseng ovanfor Sønnå. Ein del av denne tunnelen var den spektakulære røyrgata, Elvekryss, over Tverrdalen i Almannajuvet. Frå fordelingsbassengen blei det bygt røyrgate ned til stasjonen. Stasjon III blei sett i drift i februar 1931 og har fått stor merksemd som muleg verneobjekt etter at han blei tatt ut av drift da det nye Sønnå kraftverk var ferdig i 2009.



På Øverland var det stor aktivitet første delen av krigen, etter at arbeidet med Sauda IV hadde starta. Det er ennå godt synlege minne etter denne tida på staden.

Kraftproduksjonen i Sauda ga grunnlag for store planar om industriutbygging under den tyske okkupasjonen av Norge 1940-1945. Planlegging av Sauda IV ved Storlivatnet starta i 1941 og det blei utført omfattande arbeid fram til 1943, da dei blei avslutta. Arbeidet med Sauda IV blei først tatt opp att lenge etter krigen og stasjonen blei set i drift ved årsskiftet 1967-1968.

Det er likevel minne att etter aktiviteten til tyskarane i Hellandsbygd. På Øverland er det både ståande byggverk og tufter etter bygningar.³⁸

I åra 2005-2011 blei det gjennomført ei kraftig opprusting av kraftanlegga i Sauda. Ny kraftstasjon til erstatning for Sauda III blei bygt inne i fjellet ved Sønnå. Stasjonen opna i april 2009.

Industrisamfunn i hundre år

Formålet med kraftutbygginga var å selja kraft til selskapet Electric Furnace Products Company, Limited (EFP), som var eit datterselskap av Union Carbide and Carbon Corporation i New York. EFP ville etablere ein karbidfabrikk i Sauda, men botn fall ut av marknaden før dei kom i gang, så det blei ein ferromanganfabrikk som først opna i 1923.

I tida fram til igangsettinga av fabrikken hadde det gått føre seg ei omfattande anleggsvirksemad i Sauda. Kraftutbygginga hadde starta i 1915, brakker og bustadar kom opp for å huse arbeidarar og funksjonærar, på Klubben, ned med sjøen, hadde EFP fått 200 mål til rådvelde til å bygge fabrikk på. «Den gamle jordbruksbygda skifte fullstendig utsjånad», skriv Arnvid Lillehammer.³⁹ «Ikkje berre i fjellet, men også ned i bygda, der folk flest kunne fylgja med på endringane frå dag til dag».

Kombinasjonen av behov for husvere, strenge konsesjonsvilkår og teikn til paternalistiske haldningar hos arbeidsgjevaren, førte til at Sauda fekk ein av dei mest velforma industribyane i landet. Åbøbyen blei anlagt under forestillingar om eit tydeleg skilje mellom klassane, og byanlegget dekka slett ikkje behovet for bustadar til alle som kom, men det var eit mørnsteranlegg som bygde på ideane frå dei engelske hagebyane. Arbeida på dei første husa, i Wergelandsveien, starta i 1916 og bustadbygginga pågikk i femti år. Til saman er området bygd ut med 120 hus fordelt på einebustadar, to-, tre- og firefamiliehus, butikk, skule, sjukhus, klubblokale, tennisbane og park. Etter at EFP tok til å selja ut husa i 1981 har det vore eit engasjement for å sikre eigenarten til husa om byanlegget.⁴⁰

På Øyra, på vestsida av Nordelva, hadde ein liten tettstad begynt å ta form mot slutten av 1800-talet. Gruverksemda i 1880- og -90-åra stimulerte nok utviklinga, men meir fart blei det i utviklinga da kraftutbygginga og industrireisinga tok fatt i 1915. I tida fram til 1930 blei det bygt mange forretningshus på Øyra. Etter ei uroleg tid med mange skifte før krigen, har Øyra etter krigen utvikla seg til eit attraktivt senter for handel og tenesteyting. Og sjølv om det bur færre i sentrum nå enn det gjorde før, er det framleis også eit bustadområde. Øyra, eller sentrum, noen seier dei skal «på byen», ber også i seg viktige minne om utviklinga av Sauda som industrisamfunn.⁴¹

Det er denne skissa av historia om menneskas liv og virke i Sauda som er grunnlaget for dei kulturminna vi kan vente å finne i Sauda. Menneskeleg aktivitet etterlet seg mange slags spor,


³⁸ Lunde, Ståle: *Sauda IV utbyggingen – Utbygging med NORDAG under krigen*, foredrag i Sauda Sogelag 06.05.2015

³⁹ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda IV*, Sauda 2002

⁴⁰ Høibo, Roy: *Amerikanerbyen på Åbø*, i årsskrift for Sauda Sogelag 1981

⁴¹ Vetti, Torgeir og Viland, Lars: *Tre gater på Øyra*, årsskrift for Sauda Sogelag 1999

og det blir på ulike vis brukt ressursar på å ta vare på desse spora, og gjera dei tilgjengeleg for folk flest og slike som vil bruke dei som kjelder til ny kunnskap om fortida. Dei fysiske spora i landskap og bygningar er ikkje dei som har hatt det beste vernet. Mange kulturminne er blitt borte. Ja, dei er blitt borte så raskt og i så stort omfang at noen har ropt eit varska. Arbeidet med ein plan som grunnlag for eit betre vern er ein lekk i arbeidet med å gjera noe med det. Vi skal starte med å sjå kva som er blitt gjort i Sauda så langt.



Øyra i 1917. Utbygging av det som skulle bli handelssentrumet i Sauda hadde så vidt kome i gang. Vi ser m.a. Grand Hotel som var sett opp året før.

DOKUMENTASJON OG VERN AV KULTURHISTORIA

Arbeidet med å ta vare på kulturminne er heller ikkje i Sauda noe nytt. Alt i 1927 skreiv Sauda ungdomslag eit brev til heradstyret om behovet for få etablert eit bygdemuseum og få skrive ei bygdesoge for Sauda. Men det skulle gå lang tid før det blei noe konkret arbeid med saka.⁴²

I 1942 blei det oppnemnt ei kommunal kulturminnenemnd. I arkivet til nemnda er det nemnt ei rekke initiativ, men det blei ikkje noe resultat før ein starta arbeidet med Tveit-tunet i 1952. Enda skulle det gå mange år før Tveit-tunet blei museum. Først i 1978 hadde arbeidet kome så langt at Sauda kommune kunne opprette ei stifting til å ta ansvaret for tunet. Attåt arbeidet med Tveit-tunet var det sikring av Fagerheimsamlinga som var hovudsaka til kulturminnenemnda utetter 1970-talet.



Tveit-tunet var det første, store resultatet av arbeidet til kulturminnenemnda. Tveit-tunet sto ferdig restaurert og blei opna som museumstun i august 1980.

I 1982 blei kulturminnenemnda lagt ned og dei gjenverande samlingane tilbydd Rogaland folkemuseum, som snart skifta namn til Ryfylkemuseet. Det var ingen fest over avsluttinga av arbeidet. Slik oppsummerte Lars Viland arbeidet: «Men samtidig må en si at det i lengre tid har foregått misbruk av kulturminnenemndas medlemmer, misbruk av deres tid, evner og

⁴² Eit oversyn over museumsarbeidet i Sauda finst i Høibo, Roy: *Eit museum for industribyen*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

arbeidsinnsats. Kulturminnenemndas protokoller er nedslående lesning. Nemndas mange initiativ, forslag og arbeid i det hele, har i svært liten grad ført til praktiske resultat. En skulle tro at mange av nemndas medlemmer i de siste 40 år må ha følt en viss frustrasjon (...).»⁴³

Sogelaget blei ein viktig aktør

Da den kommunale kulturminnenemnda blei lagt ned var Sauda sogelag allereie stifta. Det skjedde i 1979. Sogelaget skulle samle det engasementet som ikkje lenger kunne få utlaup gjennom kulturminnenemnda, eller som ikkje fekk plass i bygdesogenemnda. Lars Viland flytta med seg engasementet sitt, og blei den drivande krafta i sogelaget gjennom 25 år.



Sauda sogelag har vore ein aktiv bidragsytar i arbeidet med å skape medvit om kulturminneverdiane i Sauda. Her frå vandring i Åbøbyen med stopp framfor Sauda Klubb.

Sogelaget starta med vandrings i kulturlandskapet, og ga i 1981 ut det første årsskriftet. Seinare har det kome årsskrift kvart år som har bydd på eit breitt tilfang av stoff om Sauda-samfunnet. Sogelaget har møte ein gong i månaden, og samlar kvar gong eit stort publikum. Sogelaget har vore ein katalysator for kulturminneinteressene i Sauda og ein pådrivar i arbeidet med å skape eit større engasement for kulturminnevernet.

⁴³ Frå arkivet til Kulturminnenemnda, Interkommunalt arkiv, Stavanger

Ei av dei store sakene sogelaget ga seg i kast med var å vidareføre eit engasjement for vern av Åbøbyen, som kulturminnenemnda så vidt hadde rukke å ta fatt i. Våren 1981, da det nye Ryfylkemuseet, som skulle vera regionmuseum for Ryfylke, så vidt hadde fått etablert seg på Sand, inviterte sogelaget til samarbeid om vern av Åbøbyen. Det blei starten på ei langvarig og omfattande samarbeid som vi skal komma tilbake til under omtalen av Åbøbyen som verneobjekt.

Ryfylkemuseet

Det hadde vore mye diskusjon om eit museum for Ryfylke før Rogaland folkemuseum blei forsøkt etablert som eit tradisjonelt friluftsmuseum i Stavanger i 1936. Det var krefter som ville hatt det i Sauda. I 1980 tok fylkeskommunen grep og ville ha betre struktur på museumsstellet i Rogaland. Dei delane av Rogaland folkemuseum som var i Ryfylke skulle bli utgangspunktet for eit regionmuseum for regionen. Igjen meldte Sauda interesse, saman med det som skulle vera det andre regionsenteret i Ryfylke: Strand. Men gevinsten gikk til Suldal fordi det var der museet hadde dei største samlingane.

Etableringa i Suldal hindra ikkje eit sterkt og varig engasjement i Sauda. Det starta med Åbøbyen og Industriarbeidarmuseet i Håkonsgate 51-53, etter at sogelaget hadde invitert til samarbeid. Undervegs blei det stifta eit lokalt museumslag som har støtta arbeidet med utvikling av museums- og arkivarbeidet i Sauda.

Da Industriarbeidarmuseet var etablert starta eit langvarig arbeid for å finne eit bygg som kunne ivareta behovet for eit senter for kunnskap og oppleving av heile historia til industristaden. Folkets Hus var det første, og det ser ut til at huset kan tilby rom til formidling av delar av denne historia etter den rehabiliteringa som nå er i gang. Det største engasjementet har likevel vore knytt til ønskje om å verne og bruke Sauda III som eit bygg for arkiv- og museumsformål.

Parallelt med arbeidet med industristad- og kraftverkshistoria i Sauda sentrum blei det arbeidd med bevaring, sikring og formidling av sinkgruvene i Allmannajuvet. Spørsmålet om opning av gruvevegen hadde kome opp i 1986. Gjennom eit samarbeid mellom kulturkontoret, Ryfylkemuseet, sogelaget, museumslaget, Saudefaldene og smelteverket, og med støtte av arbeidsløysemidlar, kunne arbeidet gjennomførast og vegen opnast i 1989. Museet inngikk avtale med grunneigarane om rett til bruk og vedlikehald. Ein ivrig kultursjef og ein like ivrig reiselivskonsulent skapte aktivitet og formulerte ambisiøse mål for gruveanlegget.

Ryfylkemuseet tok på seg oppgåva med innsamling, dokumentasjon og planlegging av eit gruemuseum. Men da Nasjonale turistvegar starta arbeidet med å gjera gruveanlegget i Allmannajuvet til hovudattraksjon i turistvegprosjektet var det ikkje lenger behov for Ryfylkemuseet.

Ryfylkemuseet var samtidig med engasjementet i Allmannajuvet blitt bedt om å engasjere seg i Jonegarden på Hustveit. Garden kom på sal etter at siste eigaren døydde i 1986, staten nyttja forkjøpsretten sin til å kjøpe han, og museet blei invitert til å ta vare på husa. Museet gikk noe nølande inn i dette arbeidet, da det meinte at det ikkje var enda ei samling frå bondesamfunnet

som burde prioriterast i Ryfylke, men etter sterkt påtrykk frå kommunen og eit engasjert publikum blei arbeidet med Jonegarden eit av hovudengasjementa i Sauda.



Gjenreising av løa på Hustveit var eit omfattande prosjekt der mange frivillige var med. Her har dei tatt oppstilling på stillaset etter at taket var ferdig lagt i 2007.

Sauda lokalarkiv

Sauda lokalarkiv er ein institusjon som løfter Sauda fram som ein industristad med ei uvanleg godt dokumentert historie. Utgangspunktet var dei eksisterande arkiva til smelteverket, Saudefaldene og fabrikkarbeidarforeininga. I 1989 blei det oppretta ein avtale mellom bedriftene, fagforeininga og Ryfylkemuseet om å setta i verk tiltak for å fremje arbeidet med dokumentasjon, forsking og formidling av historia. Oppgåva var stor og nyskapande i høve til tidlegare arbeid med privatarkiv her i landet. Finansiert av smelteverket kunne museet starta eit arbeid med å ordne arkivet gjennom tilsetting av ein mellombels stipendiat i 1989. Smelteverket betalte og for opprusting og tilrettelegging av det gamle lokalet for sentralarkivet.⁴⁴

Stipendiatperioden varte i om lag to år. Da spørsmålet om vidare sikring av arkivet kom opp blei svaret skiping av ei arkivstifting. Sauda lokalarkiv blei stifta i desember 1992 og overtok

⁴⁴ Drange, Ernst Berge: *Sauda lokalarkiv*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

frå da ansvaret for arkivet. Stiftinga blir styrt av eit styre med representantar for dei tre arkivskaparane, eit medlem oppnemnt av Sauda kommune, eit av Sauda sogelag og eit frå Ryfylkemuseet. Av formålet til stiftinga går det fram at ho også skal samle inn og gjera tilgjengeleg anna privat arkivmateriale frå Sauda, altså materiale frå andre arkivskaparar enn dei tre opphavlege.

Sidan har det gjennom ulike tilskott frå bedriftene og Norsk kulturråd vore muleg å gjennomføre fleire økter med ordning av arkivet, men ein har ikkje kome så langt at arkivet har permanent betjening, og det er heller ikkje sikra på tilfredsstillande måte. I skrivande stund er det ein prosess i gang for at arkivet skal blei ei avdeling i Ryfylkemuseet.



Sauda lokalarkiv er ei skattkiste for kunnskap om industrisamfunnet. Ein del av materialet er ordna og katalogisert, men det står att mye arbeid før alt er i orden.

Fylkeskommunen på banen

Det ser ut til at det første forsøket på å få til eit oversyn over kulturminne i Sauda skjedde under arbeidet med ein fylkesplan for kulturminne i perioden 1985-1987. Det var Rogaland fylkeskommune som utførte arbeidet med hjelp frå ei styringsgruppe med medlemmar frå musea og fylkeskommunen. Det materialet som var tilgjengeleg i Sauda var registrerte fornminne, 13 i alt, og ei registrering av gamle bruer. Ut over dette bygde oversynet på allmenn kunnskap om kulturminne i kommunen.⁴⁵

Planen prioriterte 8 av i alt 40 kjente kulturminne eller –miljø frå nyare tid som høgt prioriterte. Det var desse:

⁴⁵ Fylkeskulturstyret i Rogaland: *Fylkesplan for kulturminner 1 – 2*, Rogaland fylkeskommune 1989

- Sauda kyrkje
- Kvekerkyrkjegarden i Åbøbyen
- Tveit-tunet
- Vierane (stølsområde)
- Utløe i Slettedalen
- Åbøbyen
- Handeland bru (trebru som nå er borte)
- Hølland bru



Stolshusa på Vierane, inst i Slettedalen, var med på dei første listene over kulturminne i Sauda. Husa blei sett i stand av Helmert og Øyvind Herheim i 1994. Foto: Tone Årtun.

Tredve år etter kan ein undre seg over at akkurat desse objekta blei valde til å vera særleg interessante framfor andre. Vi skal ikkje ta med heile lista her, men vil vise til at dei følgjande kulturminna var mellom dei som ikkje kom med på den prioriterte lista:

- Sauda fjordhotell
- Stasjon III
- Smelteverket
- Hustveit
- Murar etter oppgangssag i Svandalselva
- Husmannsplassen Nedbøen, Øverland

- Kongshaug (direktørbustaden)
- Sinkgruvene i Allmannajuvet
- Elvekryss (rørgata)
- Gammal ferdelsveg til Hellandsbygd
- Nes bru
- Storskjerkaien

I tillegg ser det ut til at dei som har arbeidd med planen har hatt god kunnskap om heiemråda. Det er mange stølsområde som er med på lista, og fleire ferdelsvegar i heia.

Vi kjenner att ein del av dei objekta som har vore framme i arbeidet med å verne kulturminne seinare, men den fylkeskommunale kulturminneplanen er også eit vitnemål om eit ressurssvakt og tilfeldig arbeid med kartlegging og vern av kulturminne. Men det var sett i gang eit meir systematisk arbeid med registrering av kulturminne, det hadde berre ikkje kome i gang i Sauda.

Sefrak

SEFRAK er eit landsdekkande register over bygningar og kulturminne frå før år 1900. Namnet er ei forkorting for SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne. Dette var ein institusjon som hadde ansvar for registreringsarbeidet, og som gjennomførte det i samarbeid med fylkeskommunane og kommunane. Arbeidet starta i 1975 og pågikk fram til 1995. I alt blei det registrert kring ein halv million objekt.

I Sauda kom ein nokså seint i gang med arbeidet. Det ser ut som det meste blei gjort i åra 1990-1992. I alt er det registrert 162 objekt i kommunen.

Registrering i SEFRAK gir ikkje eit objekt noen automatisk vernestatus, og det legg ingen spesielle restriksjonar på kva som kan gjerast med huset. SEFRAK-registeret seier såleis lite om verneverdien til eit objekt. På den andre sida kan det vera objekt som ikkje er registrerte i SEFRAK som kan ha verneverdi. Det er likevel slik at SEFRAK-registeret er blitt brukt på ein måte som gjer at det blir knytt særleg verneinteresse til hus som er med i registeret, kanskje fordi dette er hus som har ein høgare aldersverdi enn andre hus. Det er derfor grunn til å vera nokså medviten om kva ein kan bruke registeret til.

SEFRAK-registreringa i Sauda har ein særleg veikskap fordi alle bygningar som er knytt til kraftutbygginga og industrireisinga fell utanom ettersom dei er bygde etter 1900. Ein vesentleg del av Saudas historie og identitet er knytt til staden som industrisamfunn. Det blir såleis meiningslaust å ekskludere det som er bygt etter 1900 frå lista over interessante kulturminne i Sauda. Men det er også andre veikskapar.

I arbeidet med dette forslaget til kulturminneplan har vi ettergått ein del av SEFRAK-materialet, utan at vi har hatt utveg til noen systematisk revisjon av registreringane. Vi finn da at det er bygningar som burde vore med som ikkje er registrerte og at den verdivurderinga av bygningane som er gjort i ettertid virkar noe tilfeldig. Det alvorlegaste er likevel at det er mange registrerte bygningar som er vanskelege å finne att. Det ser såleis ut til at ein heil del av dei bygningane som blei registrerte for 25 år sidan anten er tapt eller sterkt ombygde.

OBJEKT		STUE-FJØS, ØVERLAND "Nedbøen" Øverland Snøra			
EIGAR (namn, postadresse)		førsteis Øverland, Hellandsbygd 4200 Sætre			
BRUKAR (namn, postadresse)		Ingen			
ARKIV / KARTREF	1. OSJEKTNRUMMER	Kommunenummer 1135	Registreringsskjem nr. 501	Hus lepenummer 605	
	2. FOTONRUMMER	Filmr. 001 Bildnr. 28 h. 32	Filmr. Bildnr. h.		
	3. KARTBLADNR.	Karttype Kartblad BR 040-5-4			
	5. KOMMUNE	Kommunenavn Snøra	Topografisk nemning, namn og nr.		
	6. TOPOGR. NEMN				
	7. Matrikkel	G.nr. 41 B.nr. 1 Festeste. Underfesteste.	G.nr. 1 B.nr. 1 Festeste. Underfesteste.		
		Menetad			
	9. NAMNET PÅ EIGEDOMEN	Dialektform Nedbøen	Offisiell form Øverland		
	10. VEG / GATEADR.	Veg / gatenavn	Nr.	Bokstav	
	11. FUNKSJON OG MÅL	Merknad			
12. OPPH. FUNKSJON (FORMÅL)	Kode 1 2 3 4	Merknad Husmannstøne og fjøs, høyde.			
13. NOV. FUNKSJON (FORMÅL)	Kode 1 2 3 4	Merknad Utøve av bruk siden 1920.			
14. OPPH. SOSIAL SAMANHENG	1. Embetsverk m.m. 2. Næringsdriv. 3. Terendeinnmenn	Merknad HESAMANN.			
15. FORHOLDDET TIL ANDRE MINNE	1. Spesielt dyrket mark <input checked="" type="checkbox"/> 2. Del av omlegg (gruppe) fratatt <input type="checkbox"/> 3. Nygd <input type="checkbox"/>	Merknad			
16. FYSISK MILJØ- SAMANHENG	1. Større lefestad (by) <input type="checkbox"/> 2. Mindre lefestad <input type="checkbox"/> 3. Gardsbruk (innmark) <input checked="" type="checkbox"/> 4. Seter <input type="checkbox"/> 5. Andre grunnlagt mark <input type="checkbox"/> 6. Ubygd strok <input type="checkbox"/>	Merknad Flygjer til gardsbruk Se ref.			
		50 REFERANSE	1135, 501, 001		

Døme på materiale fra SEFRAK-registreringa: Første sida av registreringsskjemaet for husmannsplassen Nedbøen på Øverland. Registrert av Brita Espvik i juni 1992.

Dette er ei problemstilling som også Riksantikvaren har vore opptatt av. For å få nærmare kunnskap om tapet av kulturminne, og årsaken til at dei går tapt, har NIKU gjennomført ei granskning for Riksantikvaren i eit utval kommunar. Resultatet er at 23% av dei registrerte bygningane er tapt, ein liten del er delvis rivne, 14% av dei gjenståande bygningane er i dårlig eller svært dårlig tilstand, 46% er endra gjennom ombyggingar eller endring av fasadar. Verst har det gått ut over uthusa. Bustadhusa er i noen grad betre bevarte.⁴⁶

Dei registrerte bygningane er altså i nokså stor grad utsette for tap eller endring, delvis gjennom planlagd riving eller endring, delvis som følgje av forfall, men ofte utan at det er råd å få klare svar på kva som har skjedd. I landbruket kjem endringane ofte som følgje av omleggingar i drifta eller ved generasjonsskifte. Det er behov for modernisering og utviding av driftsbygningars, og bustadbehovet blir ofte løyst ved oppsetting av nytt bustadhus, eller sterkt rehabilitering av det gamle. Både bygningane i seg sjølve, og omgjevnadane dei står i, kan som følgje av slike endringar få ein heilt ny karakter.

Konklusjonen må vera at SEFRAK-registreringane er den mest omfattande og mest systematiske registreringa av gamle hus vi har hatt til nå, men at materialet i dag berre kan

⁴⁶ Damman, Åse: *Gamle hus da og nå*, NIKU rapport 82, 2015

vera ein indikator på kor ein kan vente å finne verneverdige bygningar, og, for Sauda sin del, berre i dei rurale delane av kommunen.

Kulturminne i reiselivet

I ein strategi- og handlingsplan for reiselivsarbeidet i Sauda frå 2000 blei ei rekke ulike attraksjonar tatt med. Her har både natur, kultur og aktivitetar fått plass. Det er inga overraskinger i forhold til andre oversyn over kulturattraksjonar i Sauda, men eit par objekt som ikkje er prioriterte andre stader har fått plass her. Det gjeld Fagerheimsamlinga, som ikkje er noe kulturminne i seg sjølv, men som både er dokumentasjon og formidling av den tida utskjeringane handlar om. Og det er Risvolltunet, der omvisingane på mølleplassen er framheva.

Registrering av krigsminne

Det siste registreringstiltaket kom i stand etter frivillig initiativ. Eg gruppe som kalla seg Foreininga for krigens kulturminne i Sauda tok initiativ til å få identifisert, rydda og formidla ein del av krigsminna i Sauda, særleg i Saudasjøen. Sauda var tiltenkt ei sentral rolle i krigsindustrien til okkupasjonsmakta, og det blei bygt ein aluminiumsfabrikk i Saudasjøen.

Gruppa fekk støtte til arbeidet frå Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren, og greidde for smålåtne midlar å identifisere og registrere krigsminne, særleg i Saudasjøen, få til avtalar med grunneigarane, rydde rundt krigsminna, designe, produsere og utplassere skilt, etablere nettside og utarbeide brosjyremateriell.⁴⁷

Det har vore eit ønskje om å identifisere og registrere kulturminne også i andre delar av kommunen. I arbeidet med denne planen har vi fått med ei gruppe slike minne frå arbeidet med Sauda IV på Øverland i Hellandsbygd.

Fortidsminneforeininga

Den ferskaste aktøren i kulturminnearbeidet i Sauda er Fortidsminneforeininga. Fortidsminneforeininga har vore aktiv i Rogaland lenge, og har også hatt ei merksemd mot Sauda. I 2011 delte foreininga ut pris for førebileteleg bevaring av fire hus i Odins gate i Åbøbyen.

⁴⁷ Foreininga for krigens kulturminne: <https://www.krigsminnesauda.com/>



Det var mange som møtte opp da Foreninga for krigens kulturminne Sauda inviterte til opning av kulturminneløypa i Saudasjøen 8. mai 2017. Foto: Kirsten Hellerdal Fosstveit.

I 2013 blei det skipa lokallag for Ryfylke, med eit tyngdepunkt i engasjementet i dei indre kommunane. Det har skapt eit sterkare og eit meir vitalt engasjement for kulturminneverdiane i Sauda.

Fortidsminneforeininga har som mål å vera den leiande frivillige organisasjonen i det norske kulturminnevernet. Foreininga kjempar for at verdifulle kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på for ettertida. Fortidsminneforeininga har rettsleg klageinteresse i saker som vedrører kulturminne og kulturmiljø. Aktuelle plan- og byggjesaker skal difor sendast på høyring til foreininga. Ryfylke lokallag har allereie engasjert seg sterkt i arbeidet med denne kulturminneplanen.

Det politiske engasjementet

I 2006 oppnemte Sauda kommunestyre ein komité til å kartlegge aktuelle museums- og kulturvernprosjekt i Sauda. Komiteen gikk gjennom dei museums- og kulturverntiltaka det var arbeidd med i kommunen, vurderte forslag til nye tiltak, og sette opp eit forslag til ei prioriteringsliste. Det dokumentet som kom ut av komitéarbeidet var ei påminning om oppgåver i kulturvernet, veikskapen var at det mest handla om tiltak som det allereie var eit engasjement rundt, og arbeidet blei gløymt like fort som det var presentert for kommunestyret.



Leif Haga (til høgre) og snikkar Arild Austerheim blei heidra med verneprisen til Fortidsminneforeningen i Rogaland i 2011.

Komiteen peika på Jonegarden på Hustveit og, under noe tvil, Tveit-tunet som viktige minne frå den førindustrielle perioden. I det rurale landskapet hadde komiteen i tillegg merka seg steinkvelvbruene i Høllandsfossen og i Saudasjøen (Nesbrua) og ei ballastrøys ved Sagfossen.


Sinkgruvene fekk ingen særleg omtale, da komiteen var kjent med arbeidet som var i gang for å gjera gruveområdet til ein attraksjon i strategien til Nasjonale turistvegar.

Mellom minna frå industrisamfunnet prioriterte komiteen Åbøbyen og Industriarbeidarmuseet i Håkonsgate, Stasjon III, Folkets hus og Sauda klubb. Komiteen meinte industrihistoria kunne bli eit viktig strategisk virkemiddel i arbeidet med å få til ei positiv utvikling i kommunen. Gjennom å etablere, utvikle og drive museumsanlegg og verne kulturminne ville ein kunne formidle kunnskap om og forståing av samanhengar i utviklinga av industristaden, og gjennom dette styrke identiteten til staden og dei som bur der.⁴⁸

Komiteen prøvde å få fram ein bodskap om at kraft skaper kultur, og at kultur skaper kraft. Dei kulturelle prosessane som har gått føre seg i Sauda frå omgjeringa av staden frå ei jordbruksbygd til ein industristad kunne vera ein ressurs i den vidare utvikling av staden.

⁴⁸ *Museums- og kulturvernprosjekt i Sauda*, forslag frå ein komite, Sauda kommune 2006

Dette er seinare brukt i arbeidet med å gjera industrikulturen til kulturindustri eit prosjekt for verdiskaping i Sauda.⁴⁹



Museum- og kulturvernkomiteen såg for seg eit overordna perspektiv på presentasjonen av museumsavdelingar, arkiv og kulturminne der Stasjon III var navet i formidlinga av kunnskap og opplevingar.

Sjølv om utgreiinga til museums- og kulturvernkomiteen ikkje blei møtt med ovasjonar, kan det sjå ut til at tankegodset har slått rot. I gjeldande kommuneplan (2012-2023) sannkjenner kommunen at «Sauda har sin heilt spesielle industriarbeidarkultur som avspeglar seg i mange kulturminner. Døme er Stasjon 3, Folkets Hus, Åbøbyen, Sinkgruvene og andre tekniske kulturminner som utgjer eit stort potensiale innan reiseliv og til styrka eigen identitet».⁵⁰ Mellom måla for sektoren er å få avklart stoda for Folkets Hus, Stasjon 3 og «andre tekniske kulturminne», finne fram til ein modell for samarbeidet med Ryfylkemuseet og ei driftsform for Sauda museum.

I planprogrammet for kommuneplan 2018 – 2030 blir dette vidareført gjennom formuleringar om at «(...) kulturlandskapa og kulturmiljøa våre er viktige for identiteten vår, og ein viktig ressurs for tilflytting, besøk og næringsutvikling.» Planprogrammet stiller spørsmål om

⁴⁹ Bjelland, Kåre Bjarte i foredrag om kultursatsing i Sauda 2014

⁵⁰ Sauda kommune: *Kommuneplan 2012 – 2023*, vedtatt av kommunestyret 20. juni 2012

korleis byggeskikk og lokalt sær preg kan bidra som konkurransestrategi, og om kulturminna også kan vera eit potensiale for kunnskaps- og næringsutvikling.⁵¹

Meir eksplisitte er reguleringsføresegnene for Åbøbyen, som blei vedtatt i 1983. Her blir ein stor del av Åbøbyen, men ikkje heile, regulert til «spesialområde med historisk, antikvarisk og annen kulturell verdi etter bygningslovens §25,6». Hovudformålet er at «bebyggelsen, beplantning, gatemiljø og parkanlegg skal i hovedtrekkene søkes bevart, og områdets særpregede miljø og karakter videreføres».⁵²

I høringsuttalen til planprogrammet peikar Rogaland fylkeskommune på at ein må gi uttrykk for klare haldningar til bevaring, vidareføring av lokal byggeskikk og estetikk.

Fylkeskommunen seier vidar at kommune må vurdere grunder kor det kan byggast, og i kva form.

I reguleringsplanen for Sauda sentrum er det både generelle og spesielle føresegner som har til formål å bevare bygningar av kulturhistorisk interesse. Ein liten del av området, kring nedre delen av Rådhusgata, er regulert til spesialområde med formål vern, medan det for resten av sentrum er generelle føresegner om tilpassing, materialbruk og installering av utvendige installasjonar som skilt og antenneanlegg.⁵³

Både i den overordna planlegginga, og i arealplanlegginga er det altså eit medvit om bevaring av kulturminneverdiar, men når ein ettergår praksis er det lett å fine døme på at målsettingane ikkje er følgt opp.

⁵¹ Sauda kommune: *Kommuneplan for Sauda 2018 – 2030*, Forslag til planprogram 26. mai 2017

⁵² Sauda kommune: *Reguleringsplan for Åbøbyen*, ikraftsett 26.09.1983

⁵³ Sauda kommune: *Reguleringsplan for Sauda sentrum*, ikraftsett 15.06.2000



På Hustveit prøver Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune, Friluftsrådet Vest og Ryfylkemuseet å samarbeide om forvalting av hus og innmark. Bildet viser Seljeåkeren, Storåkeren til venstre, Askebakkjen opp mot huset. Foto: Audun Steinnes. Hustveit er utførleg omtala i Folk i Ryfylke, årboka til Ryfylkemuseet, 2005.

DET FØRINDUSTRIELLE LANDSKAPET

Vi har tidlegare prøvd å gi eit stutt riss av den kulturhistoria som har etterlate seg kulturminna. Dette er ei historie som både omfattar ei lang forhistorie, historisk tid (frå kring 1 000 e.Kr), og nyare tid (tida etter mellomalderen). Dei kulturminna vi finn i dag, i form av byggverk av ulike slag, og bruksspor i landskapet, er helst frå dei siste par hundre åra, eller frå eit enda stuttare tidsrom.

Det førindustrielle landskapet, det rurale landskapet, er i Sauda som regel eit produksjonslandskap som strekker seg frå fjord til fjell. Ved fjorden låg nausta og sagene, langs bekker og elver var det kverner og tørkehus og andre innretningar for utnytting av vasskrafta, på bøen låg gardshusa med innhus til fleire generasjonar og uthus til alle formål, i utmarka hadde dei stølar og lører til oppbevaring av fôr frå utslårter lauvingsskog. Mellom dei ulike delane av garden var det vegar av ulikt slag. Det var eit stort tal bygningar som hørte til gardsdrifta, og produksjonslandskapet strekte seg over eit stort areal. Endringar i rammevilkåra og omleggingar av drifta har ført til store endringar i dette landskapet. Mange bygningar har gått ut av bruk. Dei mest kuriøse, som kvernhusa, kan noen stader ha blitt tatt vare på, medan det knapt finst ei utløe som det er funne verd å bruke tid og pengar på å halde ved like. Nye reiskapar, nye framkomstmiddel, ny bruk av utmarka og nye vegar har skapt store endringar i landskapet.



Eikjelausløa hører til Olagarden på Hustveit og ligg tett inntil stien opp til Hustveitstolen og Såta. Ryfylkemuseet restaurerte løa i 2014.

Vi kan ikkje vente at verken den enkelte eigar, eller samfunnet, kan ta vare på alle dei bygde formene som finst i kulturlandskapet. Men skal vi forstå tidlegare tiders levevis og livsvilkår kan vi heller ikkje gi slipp på alt. Vi kan oppmuntre til, støtte og legge til rette for at noen gode døme blir tatt vare på, og at det kan vera muleg å oppleve strukturen i landskapet, sjølv

om ein del av dei elementa som var der er borte, berre finst att som ruinar, eller i dag framstår i sterkt ombygd form. I dette kapitlet skal vi prøve og peike på noen slike område, og noen bygningar som kan ha potensiale til å bera arven frå det førindustrielle landskapet vidare. Men det er ei utfordring, både i dette kapitlet, og i omtalen av andre delar av kulturminnematerialet i Sauda, at vi har svak eller ingen kunnskap om bygningar som ikkje er registrerte frå før, og at arbeidet med denne planen ikkje har gitt rom for nyregistreringar. I mangel av eit godt kunnskapsgrunnlag må ein derfor håpe at det kan vera muleg å legge eit føre var-prinsipp til grunn i behandlinga av byggesaker.

I høringsuttalen til planprogrammet peikar Rogaland fylkeskommune på Hellandsbygd og Saudasjøen som interessante område utanom sentrumsområda. Med utgangspunkt i SEFRAK-registreringane kan også eit par andre område ha kulturhistorisk interesse.

Hellandsbygd

I Hellandsbygd, inklusive Øverland, blei det under SEFRAK-registreringane i 1992 registrert kring 20 ståande bygningar og ein del ruinar eller tufter etter bygningar. I tillegg er det registrert ein del stølar, ruinar etter stølar, sommarfjøs og hytter i Slettedalen. Det har ikkje vore tid til å ettergå desse registreringane, og dei blir ikkje nærmare omtala her. Dette er delvis sårbare bygningar som står i fare for forfall om dei ikkje blir tatt i bruk som hytter. Vi har tidlegare vist eit eksempel på at stølshusa på Vierane er tatt vare på ved hjelp av offentleg støtte. Kan hende burde det vore eit program for nyregistrering og bevaring av bygningar i utmarka.

Under evalueringa av registreringsmaterialet frå Hellandsbygd blei 10 av bygningane plasserte i vernekasse B. Det betyr at dei er vurderte som bevaringsverdige etter Plan- og bygningslova. Resten er i vernekasse C som betyr at ein ikkje finn grunnlag for å foreslå særlege vernetiltak. Ingen av bygningane i Hellandsbygd er plasserte i vernekasse A, som skal vera dei høgast verdsette bygningane, bygningar som kan vera fredingsverdige.

Mellan dei bygningane som er plasserte i vernekasse C er husmannsplassen Nedbøen, som på registreringstidspunktet framleis ser ut til å ha vore noenlunde intakt. Ti år etter har løsige i hop og det siste minnet om husmannstida i Hellandsbygd, og kanskje i Sauda, er i ferd med å forvitre. I årsskriftet til sogelaget for 2003 er det tatt inn ein velskriven artikkel om livet på Nedbøen og folke som levde der.⁵⁴

Dei SEFRAK-registrerte bygningane i Hellandsbygd utgjer ein liten del av bygningsmassen i bygda, og det er berre eit fåtal av dei registrerte bygningane som framstår i om lag same form i dag som dei gjorde for 25 år sidan. Men dette treng ikkje bety at bygningsmassen er utan interesse. Busetnaden i Hellandsbygd skil seg ut ved at bygningsmassen på begge sider av elva, både på Årtun og Handeland ligg tett og utgjer eit intimt og opplevingsrikt bygningsmiljø med ei blanding av bygningar med større eller mindre aldersverdi.

⁵⁴ Grøndalen, Jorunn og Øverland, Vrål: *Husmannsfolket på Nedbøen Marta og Tjøstov*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2003



Utsnitt av temakartet for Hellandsbygd der SEFRAK-registrerte bygningar og kapellet er markert.



Husmannsplassen Nedbøen under Øverland fotografert av Ryfylkemuseet i 1981. Løedelen til venstre på bildet på siden falle sammen, men bustaddelen av huset står ennå.

På Årtun var det berre eit einaste hus, eit folgehus utan tidfesting, som blei tatt med i registreringa. Litt likare var det på andre sida elva der både ei «drengestue», nå kalla folgehus, og eldhuset på bnr. 1 kom med og blei vurderte som verneverdige bygningar. Hovudbygningen på garden brant under krigen og blei bygt opp att i 1945. I tillegg er fire andre bygningar registrerte: Driftsbygningen og eit hønsehus på bnr. 1, våningshuset på bnr. 2 og eit uthus på Småmo, bnr. 17. Drengestova/folgehuset, også kalla Littlestova er kanskje det mest interessant. Huset er tidfesta til tidleg 1800-tal. Taket er lagt om, og kledningen skifta, men det framstår i ei tilforlateleg autentisk form.



Folgehuset på Handeland, registrert som drengstove i SEFRÅK, er tidfesta til tidleg 1800-tal. Hovudbygningen på garden, som vi ser bak, blei bygt opp att etter ein brann under krigen.

I Kalvhagen, på vestsida av vegen, er tre hus registrerte, av desse er to vurderte som verneverdige: løa og ein vedaskut på baksida, medan våningshuset ikkje er funne verdig til ei slik klassifisering. Kanskje er det omlegging av taket, skifte av kledning og utskifting av glas som har gjort utslaget.

Den sterkeste opplevinga av Hellandsbygd får ein likevel av dei tre funksjonærbygningane som frontar grenda mot sør, og som ikkje er med i SEFRÅK-registreringa fordi dei er oppførte etter 1900. Det var i Hellandsbygd den nye tida starta, og det bygde landskapet gjennomgikk ei omfattande endring med kraftutbygginga. Da dei førebuande arbeida til kraftutbygginga starta i 1915 blei det først sett opp to bustadbrakker i Hellandsbygd, deretter messebrakke og hus for funksjonærar. Husa blei sett opp «i tjukkaste enga rett framfor det gamle tunet på Årtun», skriv Arnvid Lillehammer i bygdesoga. Dei to første var ferdige våren 1915, det siste året etter. Oppføringa av bygningar for kraftverket førte til ei fortetting av bygningsmassen, og skapte eit miljø for bygningar som både omfatta det tradisjonelle og det moderne livsgrunnlaget. I dei nærmaste omgjevnadane er det markerte, tekniske kulturminne

frå kraftutbygginga, og ikkje langt unna, restar av tunge installasjonar etter okkupasjonsmakta. Kraftutbyggings kulturminne og krigsminna blir omtala på annan stad i dette dokumentet.

Denne blandinga av landbruk og kraft avspeglar ei rask og dramatisk omstilling av leveviset. Hellandsbygd blei fylt av folk frå alle kantar, og ikkje alle fekk plass i nybygde hus, same kor romslege brakker som blei bygde. «Dei som kom var i husnaud. Folk i bygda «innskrenka» seg så godt dei kunne. Heime hjå oss vart vevstol, rokk, vindetre og hespetre, ja, fleire ting med, flytte på låven. Me stuva oss saman så godt me kunne. Det var pengar å tene, som kom vel med. Bøndene fekk køyring og ungguten arbeid på «verket».» Slik fortel Valgerd Wedvik som var fødd i Hellandsbygd i 1900.⁵⁵

Og dei fekk ikkje berre besøk av nye folk. Dei fekk og straum og telefon. Det blei etablert ein liten kraftstasjon i 1917 som kunne forsyne bygningane til kraftutbyggjarane og andre med straum.

Busetnaden i Hellandsbygd framstår som ein samanhengande og lett leseleg bygningsstruktur, og med enkeltbygningar med stor antikvarisk verdi. Vi antar at det kan vera aktuelt å ivareta kulturminneinteressene gjennom fastsetting av omsynssoner i kommuneplanen. Eventuelt at det blir utarbeidd reguleringsplan for sikring av kulturminna i det mest sentrale området (Årtun og Handeland).



Hellandsbygd 1916. Den siste av funksjonærbusadane er nesten ferdig, dei to til høgre var ferdige i 1915. Gardsbusetnaden på Årtun er gøymt bak den nye tida.

⁵⁵ Wedvik, Valgerd: *Frå Hellandsbygd og Slettedalen*, i årsskrift for Sauda sogelag 1984-1985

Sør i Hellandsbygd ligg bruket Ekren. Her er det registrert eit par driftsbygningars og eit folgehus, men her er bygt mye nytt, og bruket framstår ikkje i dag som eit prioritert kulturminne.

På Øverland er det registrert verneverdige bygningars både på bruk 1 og 2. På bruk 1, Bakka, er det våningshuset som har fått høgast karakter, medan løa, eit sauehus og eit eldhus er registrerte som mindre interessante bygningars. På bruk 2, Storeflåt, er både våningshuset, eldhuset og ei smie registrerte som verneverdige, medan løa ikkje blei vurdert som spesielt interessant, sjølv om ho var gammal. Husa på begge bruken har gjennomgått moderniseringar og oppgraderingar.

Slettedalen var eit rikt stølsområde før dalen blei demt ned i 1960. Ei rekke stølshus og andre bygningars til utmarksformål som låg over høgaste regulerte vasstand blei likevel ståande, og Slettedalen er framleis eit område som er rikt på kulturminne. Mange stølshus lever vidare som hytter, medan fjøs og løer er meir utsette for forfall. Så langt vi har oversikt over er det berre to mindre anlegg som blir tatt vare på med offentleg støtte. Det eine er ei lita bu som var ein del av portefølgjen til den gamle kulturminnenemnda i Sauda, og som Ryfylkemuseet har prøvd å ta vare på etter at kulturminnenemnda blei lagt ned. Denne ligg like ved vegen langs Slettedalsvatnet. Den andre er Vierane, som er i privat eige, og som ligg lengst inni i dalen, på grensa mot Etne og Odda. Kulturminne i utmarka er viktige kjelder til kunnskap om tidlegare tiders driftsformer, og ein verdi ved opplevinga av landskapet som rekreasjonsområde.

Saudasjøen

Saudasjøen har den mest konsentrerte forekomsten av fornminne i kommunen. Her er gjort fleire lausfunn, men det er også registrert faste spor etter busetting og gravlegging. Det er ein kyrkjegard frå mellomalderen på Kyrkjehaugen, der den gamle kyrkja sto, det er ein del SEFRÅK-registreringar i området, og i seinare tid er det identifisert viktige minne frå okkupasjonstida. Det er mange minne om den rolla «Sjøen» har spelt som bygdesentrums før industriutbygginga starta, og om den rolla Sauda fekk i den tyske rustningsindustrien. Saudasjøen er eit område med stor interesse for kulturminnevernet. Og det er eit konsentrert område der ein vil oppleva å komma tett på kulturminna same kor ein snur seg.

Fornminna er automatisk freda og tydeleg avmerkte i karta. I arbeidet med kulturminneplanlegginga er det ikkje desse som treng størst merksemd. Det er likevel grunn til å framheve mellomalderkyrkjegarden som eit viktig minne for forståinga av heile det gamle bygdesamfunnet. Kyrkja på Kyrkjehaugen i Saudasjøen var møtestaden for folk i bygdene like frå ho blei bygt ein gong på 1100-talet til ho blei riven i 1868.

Også i Saudasjøen er det slik at berre eit fåtal kulturminne frå nyare tid er registrerte, og det er ingen form for vern av desse verken i kommuneplanen eller i reguleringsplanar.⁵⁶

⁵⁶ Gjeldane reguleringsplan for dei sentrale delane av Saudasjøen er frå 1984.




Den nye tida ser ut til å ha starta kring 1790 da Ola Alvson og Johanne Andersdotter fekk gjestgivarløyve og sette seg til i Saudasjøen. Gjestgiveriet sto nede med sjøen på garden Hedlot. Men noen livleg handel i Saudasjøen dei første tiåra etter 1800 vitnar ikkje kjeldene om. Meir fres i verksemda blei det da Jon Larsen starta som gjestgivar og handelsmann i byrjinga av 1830-talet. Heller ikkje han lukkast med foretaket sitt i lengda, og det var først midt på hundretalet, etter at handelen på bygda fekk friare tøyler, at det var fleire som våga seg på handel, og det blei eit lite handelsmiljø ved Sjøen. Men da hadde alt Fløgstadøyrå og Vangnes kome til som konkurrerande handelsstader.⁵⁷

Attåt handel var det fleire som ville tilby tenestene sine i Saudasjøen. Ein gong på 1880-talet etablerte Sjur Hoftun seg som skomakar. I 1903 utvida han verksemda til å omfatte handel frå ei krambu, og i 1912 startar han bakeri, og det var ikkje det einaste bakeriet.⁵⁸ Det utvikla seg eit tettstادmiljø i Sjøen, og sjølv om endringa av tyngdepunktet i Sauda fekk eit tydeleg symbol da kyrkja blei flytta til Fløgstad, var handelen i Saudasjøen livskraftig like opp mot vår tid.

Saudasjøen var eit sentrum for handel og turisme før Sauda blei industristad.

⁵⁷ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991

⁵⁸ Hoftun, Svein: *Hundre år ved sjøen*, i Årsskrift for Sauda sogelag 1993, og Bakarane i «Ytrabygdå», i Årsskrift for Sauda sogelag 2006



Det er avmerka mange forminne i kartet over Saudasjøen, og også noen SEFRAK-registrerte bygningar, men få nede med Sjøen. Krigsmenna er avmerka med stipla linje.

Dette avspeglar seg i liten grad i registreringa av kulturminne i Saudasjøen. I SEFRAK er det registrert 9 bygningar nede med sjøen, noen fleire i område lenger opp frå sjøen, men av alle berre ei handfull i verneklass B. Den sparsame registreringa har vel samanheng med at få av husa kan tidfestast til tida før 1900.

Det er altså eit sentrumsområde i Saudasjøen som fell utanom det meste av merksemda mot område som burde vore vurderte for vern. Men det er meir. Saudasjøen var og eit startpunkt for turismen i Sauda. «Landliggjartidi er som eit lite millomspel i bygdi sitt liv – i overgangen millom den gamle bondebygd og den nye industribygd», skriv Dorthea Rabbe. Det var byfolk og «einkvar storkaren» som ville ligga på landet, og det kom kunstmålarar «og måla natur og folk». I tida 1880-1914 budde det byfolk i mest kvart hus i bygda, mest i Ytrabygda, meinte Rabbe.⁵⁹

⁵⁹ Rabbe, Dorthea: *Ymse frå «landliggjartidi» i Sausokn omkring hundradårsskiftet*, i Årskrift for Sauda sogelag 1980. Artikkelen hadde tidlegare stått på trykk i årboka til Stavanger Turistforening 1931.

Saudasjøen er ein strandstad med fleire lag av kulturhistorisk verdfulle bygningsmiljø, frå mellomalderkyrkjegarden på Kyrkjeaugen, via landbruksbusetnaden, strandstad bygningane og krigsminna, til funksjonær bustadane på Saua gard.

Etterspurnaden etter rom blei etter kvart så stor at det var grunnlag for sanatorie- og hotellverksemd, men det er i dag ingen spor att etter den tidlege hotellverksemda.⁶⁰ Derimot står det framleis ein praktfull hotellbygning oppe med riksvegen. «Det er vel verd å feira hotellet, for det er eit hus ein blir glad i», skreiv Lars Viland da Saude Turisthotel kunne feire 75 års jubileum i 1989. «Eit hus det er verd å verne», legg han til.⁶¹



Sauda Fjordhotel er eit praktbygg som er verd å verne.

Det var Stavanger Turistforening som gikk i gang med hotellprosjektet. Det var etter kvart arkitekt Erik Guettler (1884-1938) som fekk oppdraget med å teikne hotellet. Han var ein

⁶⁰ Vetti, Torgeir etter Tveitane, Torgeir Olav: *Sanatorium, hotell- og gardsdrift på Saua, gardsbruk nr. 1*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2001

⁶¹ Viland, Lars: *Omkring bygginga av Saude Turisthotel*, i Årsskrift for Sauda sogelag 1989

avansert jugendarkitekt, og Saude Turisthotel «kom til å framstå som en solid og karakteristisk representant for hjemlig jugendstil på akademisk nivå».⁶² Alt til påsken 1914 var det ferdig, halvtanna år etter at tomta var sikra.

Av dei 9 objekta som er SEFRAK-registrerte nede med Sjøen, er eitt blitt vurdert til å tilfredsstille krava til klasse B, verneverdig. Det er «Haeremshuset» heilt i vestre enden av gata. Dette skal vera bygt i 1893, og skal ha vore butikk i kjellaren. På andre sida gata ligg «Gusdalhuset» frå kring 1850. Her var det postopneri. Litt lenger aust sto Rabbes hotell midt i den nåverande gata, med sjøhus og butikk framfor. Hotellet blei rive i 1947. Her var elles fleire butikkar, bakeri, skipsekspedisjon, bank og kafé. Lite av dette finst att nå, men «Sjøen», gata langs sjøen, er framleis eit område som byr på ei sterk oppleving av tettstad.



På nordsida av gata gjennom Saudasjøen ligg m.a. husa til tidlegare bakermeister, kjøpmann og dampsekspeditør Johs. Hoftun. Det gamle bakeriet til venstre, bustaden i midten og det nye bakeriet til høgre. Ingen av desse husa er registrerte. Bustadhuset skal vera bygt ca. 1925. Dette er bygningar som både er med på å fortelja historia om Saudasjøen, og som gir verdi til opplevinga av staden.

Eit av dei finaste husa som sto i Saudasjøen før Sauda Fjordhotell blei bygt var «Fransahuset», som vi nå finn att i Brugata 18 på Øyra. Fransahuset var opphavleg bygt som direktørbusnad for direktøren ved Visnes gruver på Karmøy. Kring 1898 kjøpte Martin Sandved huset og sette det opp att som sanatorium på Saua gard. Det var eit vakkert hus, men det blei seinare sterkt ombygd og i 1917 seld til bruk som hotellbygg i Rådhusgata i Sauda.

⁶² Buch, Carl Egil: *Hotellslottet i Sauda – eksempel på lokal jugend-arkitektur*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2005

Her fekk det namnet Saude hotel. I 1926 blei det rive på nytt og flytta til Brugata, der det står nå.⁶³

Saua gard finn ein ikkje mye att av nå. Store delar av gardsbruket er lagt ut som bustadområde. Da EFP kom til Sauda var det därlege tider og vanskeleg å skaffe mat til folk. Dei var derfor på utkikk etter ein gard, og valde i 1918 å kjøpe Sauda gard. Etter det blei garden drive av ein gardsbestyrar, til innmarka etter kvart blei stykka ut til bustadomter.

Det første bustadområdet var haugen rett framfor der gardshusa på garden hadde stått, i dag med gateadresse «Saua». Her fekk sjefane på smelteverket setta seg opp bustadar, og hagar og fellesanlegg blei halde ved like av folk frå vedlikehaldsavdelinga til bedrifta, «byanlegget». Dette var hus med høg standard og høg kvalitet som bør ha interesse også i vår tid sjølv om dei blei sett opp etter krigen.



Saua 46 var det første huset som blei sett opp i det nye bustadområdet på Saua gard. Huset er teikna av arkitekt Gustav Helland som elles har sett sterkt preg på Sauda.

I dei nærmaste omgjevnadane til «Sjøen» og Saua gard, inklusive Mosbakka og Fosstveit som ytterpunkt, er det registrert 18 – 20 objekt i SEFRAK. Ei handfull gardshus er plasserte i klasse B, mellom anna våningshusa på Risvold og Hovland. Det siste er tilbakeført til tidlegare utsjånad i seinare tid, og ligg godt synleg til frå hovudvegen (veg 520). For å ta vare på den heilskaplege forteljinga om historia til lokalsamfunnet i og kring Saudasjøen vil det vera naturleg å innlemme dei SEFRAK-registrerte bygningane i ei omsynssone for staden.

⁶³ Tveitane, Torgeir Olav og Vette, Torgeir: *Sanatorium, hotell- og gardsdrift på Sauda, gardsbruk nr. 1*, årsskrift Sauda sogelag 2001



Saudasjøen har fleire lag av kulturminne. Hovland er ein del bygningsmiljøet kring den gamle strandstaden.

Om ikkje fornminna, mellomalderkyrkjegarden, sentrumsdanninga i Sjøen og minna etter mange hundre års landbruk er nok, ligg også det vesentlege av minna etter rustningsindustrien til okkupasjonsmakta 1940-1945 i Saudasjøen. Desse blir omtala på annan plass i dette dokumentet. Det er også samferdslehistoriske minne i Saudasjøen som blir omtala i kapitlet om vegstellet. Her må det vera gode grunnar til å vurdere nærmare om ikkje kommuneplanen og reguleringsplanane for området i større grad må avspegle verneinteresser.


Svandalen

Attåt dei to områda som er omtala ovanfor er det eit par område til som bør ha merksemd. Det eine er Svandalen.

Svandalen er i dag ei avgrensa grend der det framleis er eit aktivt landbruk, men der turismen også har utvikla seg sterkt, best synleg gjennom dei mange hyttene. Det gamle produksjonslandskapet er sårbart i møte med nye behov, men også ein ressurs i ein rekreasjonsøkonomi. Ein bør vurdere nøyne korleis ein kan sikre minna etter eit fleire hundre år gammalt landbruk i møte med ein veksande turisme.

Svandalen låg heilt øyde etter Svartedauden. Men litt før 1600 ser det ut til at folk tok til å busetta seg i Svandalen att. I skattelistene dukkar først Eikesås, Østhus og Lindvoll opp, så Øye, Kjerringtveit og Djuv, og eit ti-år ut på 1600-talet ser det ut til at alle gardane på ny er busette.⁶⁴

⁶⁴ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991



Svandalen er sterkt prega av hyttebygging og turisme, men det gamle produksjonslandskapet og gardsstrukturen er i stor grad intakt. 12 bygningar i området blei klassifiserte i vernekasse B etter SEFRAK-registreringa i 1992.



Den best bevarte bygningen i Svandalen er våningshuset på Eikesås.

Det er neppe 1600-tals bygningar att i Svandalen i dag, men i SEFRAK-registreringa er det registrert eldre bygg på dei fleste gardane. Noen av dei er framleis godt bevarte, men i eit aktivt landbruk med eigarskifte og omleggingar i drifta er det og døme på store endringar. 12 bygningar er plasserte i vernekasse B.

Det første gardstunet ein møter når ein kjem opp i Svandalen er Lindvoll. Her er det ei heil gruppe bygningar som er registrerte i SEFRAK. Ingen i klasse B, det var kanskje litt for mange tilbygg og moderne glas til det, men at det er eit heilt miljø av bygningar frå før 1900, og at strukturen i tunet er intakt, gjer dette til eit interessant og verdfullt miljø. Også på Svandals-garden, som er eit sentralt bygningsmiljø i dalen, er det registrert fleire bygningar, mellom desse to uthus i klasse B, men her er det eit sterkare innslag av modernisering og nybygg som gjer at ein ikkje så lett oppfattar dei eldre bygningane.

På sørssida av elva har nok Øye vore eit interessant gardstun med fleire verneverdige bygningar bygde frå 1850 og framover, men her har husa stått tomme og ubrukta nokså lenge, og forfallet har kome langt.

Meir interessant er Eikesås der det er fleire bruk som har bygningar nokså tett i einannan. Dei best bevarte bygningane står på gnr. 9, bruk 3 og 5, der det eldste våningshuset (bruk 5) skal vera bygt i 1864, medan det nyaste (bruk 3) er oppført 1954. Her er også godt bevarte uthus, veganlegg og steingjerder.

På nabobruket, Kjerringtveit, var både våningshuset og eldhuset registrerte i SEFRAK. Eldhuset er borte medan våningshuset har gjennomgått ei omfattande rehabilitering. Det er bygt både nytt bustadhus (folgehus) og ny driftsbygning på garden, men det har altså vore ei sterk vilje til å ta vare på kvalitetane ved våningshuset.

Det som forundrar noe er at ikkje også Djuv er med i SEFRAK-registreringa. Djuv er eit frittliggende og godt synleg gardstun i kulturlandskapet i Svandal, og det har vore bygningar av høg alder der, men vi har ikkje hatt høve til å undersøke bygningsmassen nærmare.⁶⁵

Det er heller ikkje registrert bygningar i utmarka som hører til gardane i Svandalen.

Svandalen er rik på kontrastar, mellom noen av dei best bevarte gardsbygningane i Sauda, til bygningar i tydeleg forfall, og mellom aktivt landbruk og høgt utvikla turisme. Det er synd med forfallet, men kombinasjonen av bevaring og reiseliv kan vera eit vinnaroppskrift. Det tradisjonelle produksjonslandskapet i Svandalen er inngangen til det nye rekreasjonslandskapet for mange. Ei skjønsam forvalting av bygningar og landskap aukar verdien av landskapet som rekreasjonsområde. Det er såleis rimeleg å tru at ei forvalting med vekt på vern også vil gi avkasting for grunneigarane i form av nye inntekter frå utmarksbruket.

⁶⁵ Norges bebyggelse – Rogaland, Oslo 1954




Over: Kjerringtveit før påbygginga i 1936. Under: Kjerringtveit etter rehabiliteringa dei siste åra.



Mollagrenda

Mollagrenda, det vil seia Indre og Ytre Molla, Grave og Mollatveit, er den siste av dei førindustrielle områda vi vil peike på som har verneinteresse utanom det vanlege. Her er det registrerte bygningars som er eldre enn frå 1900 på alle gardar, mange i vernekasse B.



På gardane i Mollagrenda er det registrert verneverdige bygningar på alle gardar.

Også Mollagardane blei busette att dei første tiåra etter 1600, men den siste av dei gamle øydegardane som blei busett i Sauda var Indre Molla, som blei tatt i bruk att først i 1650-åra.⁶⁶

Eit av dei best bevarte våningshusa i heile Sauda står hos Knut Molla på Indre Molla. Huset er bygt i 1877 og har stått slik sidan. Dei originale glasa står endatil i huset ennå. Det er eit tradisjonelt gardshus med stove i eine enden, mot nord, bu i andre enden, gang og kjøkken på midten. Det er store rom, høgt under taket, og vitnar om romslege kår da det blei bygt, men så

⁶⁶ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991

gikk og mye av skogen på garden med. Innreiinga i huset har og røter til tidlegare generasjonar som har budd i huset.

Ved sida av står eit folgehus frå 1923. Uthusa er enda eldre. Løa er bygt i 1859. Utanom husa i tunet er det registrert eit kvernhus med uviss tidfesting. Eldste inskripsjonen som er funne i veggane er frå 1753.



Eit av dei best bevarte våningshusa i heile Sauda står hos Knut Molla på Indre Molla. Skuten i søre enden er til ved.

På Ytre Molla er det også registrert fleire hus. Våningshuset frå midt på 1800-talet og eit kvernhus er klassifiserte som verneverdige bygg, men her er gjort større endringar på bygningane enn på Indre Molla. Ytre Molla blei landskjent da Wenche Foss, Hildegunn Riise, Per Jansen, Anne-Marit Jacobsen, Bjørn Skagestad og andre kjendisar rykka inn for å lage dramaserien Vestavind om etterkrigstida i ei vestlandsbygd som blei sendt på fjernsynet i 1994 og 1995.⁶⁷

På Grave budde Jakob og Anders Mollatveit. Også Grave blei gjenstand for mediamerksemd, både gjennom sangen til Jakob, og fordi det var trivelege karar som heldt koken lenge. Fjernsynet var der i 1991 og laga reportasje. Da hadde Jakob passert 90 og Anders var rett føre.⁶⁸ I dag er det ingen som brukar dei gamle husa på Grave og dei står til forfall, men kan framleis reddast.

⁶⁷ Dramaserien Vestavind er framleis tilgjengeleg på NRK. Sjå: <https://tv.nrk.no/serie/vestavind>

⁶⁸ NRK Rogaland: https://www.nrk.no/video/PS*154670



Ytre Molla var ramme for innspeling av dramaserien Vestavind som blei sendt på fjernsynet i 1994 - 1995. Wenche Foss hadde rolla som bestemor.



Det gamle tunet på Grave har mange hus. Alle er i dag forlatt og står til forfall.



Gamlehuset på Mollatveit huser ei lensmannshistorie.

På Mollatveit står det gamle våningshuset, som også var lensmannshus ein periode, som eit lite, privat museum. Stova mot nord-vest skal vera frå 1600-talet, medan resten er tilbygd i 1865. Ved sida av står eit folgehushus frå tidleg 1800-tal. Etter brann og eigarskifte er dei andre husa på garden nye.

Verneverdige bygningar andre stader

Registratoren som utførte SEFRAK-registreringa på austsida av Saudafjorden, Eva Fløgstad Klimek, har gjort ein samvitsfull jobb, og fått med seg ei rekke vister etter stølhus, utløer, naust og sager. Eit ståande stølshus på Mollastølen er ved evalueringa av materialet plassert i klasse B, det gjeld også to naust i Mollavika.

Nord for Mollagrenda, nærmare Sauda sentrum, blei det registrert verneverdige bygningar både på Vetrhus og i Maldal, men begge stader har det skjedd store endringar etter SEFRAK-registreringa som gikk føre seg i 1992.

Også andre stader er det registrert verneverdige bygningar i SEFRAK som vi ikkje foreslår særlege vernetiltak for her. Men vi antar det er naturleg å vera føre var ved innmelding av arbeid som gjeld registrerte bygningar. Vi skal likevel kommentere noen innspel som har kome under arbeidet med planen.

Det har kome oppmoding om å sjå nærmare på fleire naust, løypestrenger og murar etter oppgangssager som det er fleire av kring Saudafjorden. Det har ikkje vore tid til å følgje opp slike oppmodingar, men det er klart at kulturlandskapet rommar eit stort tal kulturminne som

har gått under radaren for tidlegare kulturminneregistreringar, som det må kjentfolk til å finne att i dag, og som det vil krevje eit stort engasjement og tilgang på ressursar for å kunne ta med seg inn i framtida.



Unnselg kulturminne som ligg like innafor Maldalsfossen. Foto: Lars Njøten.

Som ein lekk i arbeidet med oppgradering av kraftleidningen Sauda – Lyse skulle det byggast ny trafostasjon og ei rekke kreftleidningar aust på Austarheim. Her var fleire bygningar på Longabakka og Træet registrert i klasse B, verneverdige bygningar. I ei konsekvensutgreiing utført av NIKU er konklusjonen av Longabakka «framstår som et typisk og representativt kulturlandskap som etter hvert har blitt mer og meir sjeldent». NIKU meinte vidare at området hadde stor opplevingsverdi og pedagogisk verdi på grunn av både «form, innhald og synlighet». Verneverdien blei klassifisert som stor.⁶⁹

NIKU peikar på Træet som eit typisk døme på husmannsplass i Sauda, og fann at også Træet hadde stor opplevingsverdi og pedagogisk verdi. Begge bygningsmiljø blei rivne sommaren 2017.

⁶⁹ Lindblom, Inge: Konsekvensutredning: *Oppgradering kraftledning 300-420KV Sauda – Lyse*, NIKU oppdragsrapport 181/2013



Longabakka vinteren 2017. Foto: Roar Lund.

Mellan Øyra og Saudasjøen, på Fagerheim øvst i Fagerheimvegen, er det registrert ei lite hus som ha hatt eit opphav som del av eit gjestgiveri i Saudasjøen på 1700-talet. Huset blei flytta til Fagerheim i 1920. Eigaren ser gjerne at huset blir verna.

Byggeskikken

Det er noen felles kjenneteikn ved dei bygningane vi finn på gardane. Det er bygningar som er reiste med grunnlag i tradisjonskunnskap, kunnskap om materialar, verktøy og arbeidsmåtar som er nedarva gjennom generasjonane, og gitt ein utsjånd som er i samsvar med allment akseptert skikk.⁷⁰

Stovehuset

Våningshuset, eller heimehuset, har som regel ein tredelt plan. Ei stove i eine enden, ei bu eller finstove i andre enden, og gang og kjøkken på midten. Bak stovene var det som regel kammers. På lemmen var det soverom, kammers og kott. Nemninga bu på det som seinare

⁷⁰ Framstillinga av byggeskikken bygger på kunnskap om bygningsvernet på Ryfylkemuseet, m.a. slik det er omtala i Holmboe, Grete: *Byggeskikk i Ryfylke*, Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2001. Sjå også Høibo, Roy: *Varmare, våtare, villare – Rapport om museas møte med klimautfordringane*, Byggnettverket og Håndverksnett 2017

blei finstova, skriv seg frå ein eldre tradisjon der bua var ein frittståande bygning for oppbevaring av mat og klede, og kanskje med ei seng til gjester. På 1800-talet blei bua samanbygd med stovehuset, men nemninga bu hang att lenge etter at bua var blitt finstove i det samanbygde huset. Stovene var lafta, medan mellombygget, gangen og kjøkkenet, kunne ha ein reisverkskonstruksjon.

Bygningane står som regel på ein tørrmur. Ettersom det ofte er bratt, finn ein som regel ei høg trapp på nedsida, der hovudinngangen ofte er.



Familie med typisk stovehus, Hustveit 1906. Det er Torger og Siri som poserer framfor huset sitt med dei 7 barna som var fødde til da.

Husa har ein flott, symmetrisk hovudfasade, dei eldste med rokokkoglas, det vil seia to-rams glas med åtte ruter i kvar rame. Seinare kom empireglasa med tre ruter i kvar rame. På 1900-talet fekk sveitserstilen og seinare funkisstilen innverknad på utforming av glasa. Det er ofte gjennom utskifting av dei gamle glasa med nye ein ser dei største endringane på husa. Nye glas kan ha anna storleik og form enn dei gamle, dei har breiare lister og det er sett inn isolerglas i rammene. Ofte blir gamle glas skrota utan at det er noen grunn til det. Gamle glas er som regel laga av solide materialar, og dei toler godt ei restaurering.

Også den utvendige kledningen følgjer moteretningane. Det er liggende kledning som gjeld på våre kantar av landet. Det vanlege har vore supanel med eller utan staff, som regel høvla. Med sveitserstilen endra bordkledningen seg. Da fekk vi dobbelfasa kledning med staff. Det er ikkje alltid så lett å finne rette slag kledning, eller kledning med tilfredsstillande kvalitet, når ein i dag skal skifte ut kledning. Da kan lokale bygdesager vera ei løysing.

Med sua kledning vil det bli holrom mellom kledningen og listverket kring glas og dører. Her la ein på ei krabbelist som følgde kledningen, og så kom hjørnebordet eller lista oppå krabbelista. Dette blei tett og godt, og det ga eit solid inntrykk.

I dag er alle hus måla. Det var dei nok ikkje i starten, og slett ikkje kvite, som var den dyraste målinga. Fram til 1950-talet var det linoljemåling som galdt, og kanskje måling laga på lyse, tranolje. Så kom det moderne alkydolje-målingar som skulle vera så mye betre. I kombinasjon med eldre linoljemåling har det ikkje alltid gått så godt. Den nye målinga blir for tett og for lite elastisk i forhold til underlaget. Det er lurt å halde fram med å bruke den målingstypen som er på veggen frå før.



Never og torv var eit billeg og mye brukta materiale til taktekking. Ryfylkemuseet har arbeidd mye med å hente fram att kunnskap om den gamle taktekkingsmåten. Brørne Leif Magne og Bjarne Østebø var karar som kunne kunsten.

som må skiftast med nye materialar av same slaget. Dersom ein har gode grunnar til det, og gode kjelder til kunnskap om korleis huset har sett ut, kan det vera grunnlag for ei tilbakeføring til eit tidlegare stadium. Det er det som blir kalla restaurering. Dersom eit hus er blitt modernisert gjennom innsetting av moderne glas, og t.d. har fått plater på taket, kan restaurering vera eit godt grep for å gjenskape heilskapen og historia til huset.

Av og til snakkar vi om rehabilitering. Det er eit uttrykk som blir brukt i samband med istandsetting av ein bygning for nåtidig formål der ein samtidig ønskjer å ta vare på mest muleg av den antikvariske verdien og den arkitektoniske kvaliteten ved huset. Det er ofte

På taket kunne det vera never og torv, tre, villheller, skifer og tegl. Val av tekkningsmaterialar hadde noe å seia for kva takkonstruksjon ein skulle velja, og dimensjoneringa av denne.

Never og torv er nok den eldste taktekkinsforma. Den blei brukt på alle typer tak i alle delar av regionen. For å vidareføre skikken med torv på taket begynte ein på eit tidspunkt å legge andre materialar enn never under torva, etter kvart blei knotteplast, eller grunnmursplast, einerådande. Det har ikkje vist seg å vera noen lukkeleg løysing. Det blir tett og glatt og ser sjeldan fint ut, og det held heller ikkje så lenge som eit godt lagt nevertak gjer.

Tegltaka nådde seinst inn til dei indre bygdene i Ryfylke, men frå ut på 1800-talet blei tegl på taka meir og meir vanleg, om ein ikkje hadde god tilgang på heller og skifer. Frå kring 1900 blei skifer eit meir vanleg tekkmateriale.

I arbeidet med vedlikehald og vøling av gamle hus er det grunnleggande prinsippet at ein brukar dei materialane og metodane som ein møter. Altså at ein erstattar materialar

dette som er utgangspunktet når eit gamalt gardshus skal takast i bruk av nye brukarar med nye krav til komfort og funksjonar.

Uthusa

Det er gjerne stovehusa som overlever lengst. Ved omleggingar i drifta, eller når uthus går ut av bruk, går uthusa ofte tapt. Men ein del har overlevd, og det er ei rekke uthus med i SEFRAK-registreringane som blei gjort tidleg på 1990-talet.

Mange uthus, og særleg løene, er reist som stavkonstruksjonar, eller grindkonstruksjonar, som ein seier mange andre stader. Dette er ein typisk konstruksjon for Ryfylke-regionen. Truleg har konstruksjonen ein forlaupar i dei forhistoriske byggverka som arkeologane finn stolpehol etter. I så fall kan vi snakke om ein samanhengande byggetradisjon i meir enn 3 500 år.



Prinsippet for stavkonstruksjonen er to *stavar* som er bundne saman av ein dragar som i Ryfylke blir kalt for *slindre*. Dette dannar eit *reis*. Reiset er stiva av med *kroband* som går frå stav til slindre. Stavbygget kan vera sett saman av fleire slike reis. Reisa blir bundne saman med *stavlegjer*, dragarar, som blir lagt oppå slindrene. Langsidene blir stiva av med *kvarkaband* som går frå stavane opp i slindra, eller med *krossband* eller *skråband* som går frå stav til stav. Nedst og øvst på stavane er det felt inn *neglingar*. Dette er spikerslag for bordkledningen, på same tid som dei fungerer som avstiving.

Det vanlege på desse bygga er at taket er eit sperretak. Sperrene er felt ned i stavlegja, i mønet er dei felt saman med not og penn. Om det blir lagt tro kan vera avhengig av kva taket skulle tekkast med.

Kledningen skulle helst vera av adla furu, men andre treslag blei og brukte. På stavbygg brukte ein ståande kledning med over- og underslag. Kledningen blei lagd margside mot margside med rotenden ned. På dei eldste bygga er kledningen festa med naglar.

Uthus er sjeldan måla. Men det er ikkje det som tar knekken på dei. Om dei ikkje blir rivne, startar forfallet ofte med lekkasje i taket. Men det kan og vera grunnen somlear seg, eller at stavane er plasserte på ei underlag som ikkje er tørt og luftig nok, slik at tilførsel av fukt skaper grobotn for rote.

Mellom uthusa hører og hus som står utanom gardstuna: Naust, kvernhus og korntørker, sager, buhus, utløer og stølshus. Ein del slike er registrerte i SEFRAK og avmerka på karta. Dette er bygningar som i enda større grad enn husa i gardstuna er utsette for forfall og tap. Det hadde vore ønskjeleg om det hadde vore muleg å etablere ordningar som i større grad kunne støtte og oppmuntre til bevaring av fleire slike bygningar. Dei er viktige for den visuelle opplevinga av kulturlandskapet, og dei er vitnemål om ei tid da berekraft-omgrepet hadde eit meir reelt innhald enn i dag.



Prinsippet for stavkonstruksjonen. Teikning: Grete Holmboe.




Det ligg føre rivingsvedtak for Sauda I, men planen er under revisjon. Kan hende blir rørgata ståande.

KRAFT- OG INDUSTRISAMFUNNET

Det går eit skilje i Sauda ved inngangen til det 20. hundreåret. Kunnskapen om produksjon av elektrisk kraft var i ferd med å spreie seg og medvitet om at det kunne vera pengar å tene motiverte til å sikre seg rettar til utbygging av vassdrag. I Sauda blei den første avtalen om utnytting av vasskrafta underskriven i 1907. Initiativet var lokalt, men det kom etter kvart meir pengesterke interesser inn i arbeidet med å sikre seg vassdragsrettane.⁷¹

I 1913 blei Sauda Vassdragsselskap skipa med eit sterkt innslag av forretningsmenn frå Bergen på eigarsida. Selskapet blei etter kort tid omgjort til aksjeselskapet Saudefaldene. Kraftselskapet søkte straks, det vil seia i november 1913, om konsesjon for utbygging av vassdraget. Utanom ei viss bekymring for neddemming av stølsområda i Slettedalen fekk søknaden full tilslutning i kommunestyret i Sauda. Så glatt gikk det ikkje i Arbeidsdepartementet og Stortinget, men 1. juli 1914 blei konsesjon innvilga. Eitt av vilkåra var at kraftselskapet hadde noen å selja krafta til. Det ordna seg etter kvart da Electric Furnace Products Company, Limited kom på banen, skreiv kontrakt med kraftselskapet, og i desember 1914 fekk konsesjon for leige av krafta.



Storlivatn kraftverk, Stasjon I, var klar for produksjon i oktober 1919 og var i drift i meir enn 90 år.

Kraftutbygginga kom i gang i mars 1915. Da hadde arbeidet med reising av ein fabrikk for produksjon av karbid alt starta på Klubben i Sauda, på øyra mellom Storelva og Sønnåhavn,

⁷¹ Brandal, Trygve: *Vatnet og krafta – 100 års krafthistorie i Sauda*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

og det var sett i gang med husbygging og etablering av infrastruktur for den store arbeidsstokken som var nødvendig for å bygge og drive anlegga. Det var verkeleg ei travel tid i bygda som utanverda til da hadde kjent best som ein stad for rekreasjon og kvile.

Aktivitetane omforma bygda både fysisk, økonomisk og kulturelt. Der det før låg gardar med heimehus, folgehус, eldhus, lører og all slags uthus, husmannsplassar og naust, kom det fabrikk og kraftanlegg, hageby og urban sentrumsbusetnad. Mye av det som blei bygt står der ennå. Noe er endra, noe er rive, noe har fått nye funksjonar, noe har gått ut av bruk og noe er i forfall. Viss Sauda ønskjer å løfte fram og styrke ein identitet som industrikommune synest det opplagt at ein del av desse byggverka må vernast. Det store spørsmålet er kva som er viktig å ta vare på for framtida, og korleis ein kan gjera det.

Kraftutbygginga

Første fase i kraftutbygginga omfatta kraftverka Storlivatn (Sauda I), og Dalvatn (Sauda II). Sauda I hadde inntak i Dalvatn, medan Dalvatn kraftverk hadde inntak i Holmavatn.⁷²

Anleggsarbeida starta i 1915. Til dei førebuande arbeida hørte bygging av kai med lossekranar og lagerhus i Sønnåhavn, ombygging av vegen til Hellandsbygd, bygging av ferje for transport over Storlivatnet, og taubanar frå øvre enden av Storlivantet og opp til Dalvatn, Førstavatn og Holmavatn.⁷³

Sauda I og II

Det var i Hellandsbygd, og i heia aust og nordaust for Hellandsbygd det meste av arbeida gikk føre seg den første tida. Her blei det reist både permanente bustader og store brakker for å huse arbeidarane, og noen tok inn i hus som alt sto der. Brakka på Litlabøhauane kunne romme 200 mann. Midt i bygda blei det reist tre ingeniør- eller funksjonærbustadar. Men det var ikkje nok. Folk i Hellandsbygd klemte seg saman så godt dei kunne for å gi plass til alle dei framande. «Det var liv og rørsle, folke myldra hit og dit. Det summa av allslags dialekter med eit bra svensk innslag. Bygdedialekta kom mest bort. Kvasse mineskot small gjennom lufta.» Slik skildrar Valgerd Wedvik tilstandane. Ho var fødd i Hellandsbygd i 1900, og var i tenåra under kraftutbygginga.⁷⁴

Dei fekk lys i 1917 i Hellandsbygd, frå ein provisorisk kraftstasjon. AS Saudefaldene kjøpte heile garden på Litlabø og brukte heimehuset til bustad for butikkpersonalet og kontorfolka. Seinare blei det bygt ei funksjonærmesse. Men framdrifta i arbeide med sjølve kraftutbygginga møtte både økonomiske problem, leveringsproblem på grunn av krigen og

⁷² Sandvik, Arvid: *Aktieselskabet Saudefaldene 1913-1963, Saudakraft i 50 år*, Stavanger 1963

⁷³ Do.

⁷⁴ Wedwik, Valgerd: *Frå Hellandsbygd og Slettedalen*, i Årsskrift for Sauda Sogelag 1984-1985

problem med å skaffe nok arbeidskraft. Dess meir var det dårleg ver, mye snø og alvorlege flaumar.⁷⁵

Arbeidet med tilførselstunneleen frå Dalvatnet blei starta våren 1916. Hausten same året var kraftverkstomta og fundamenta for aggregata ferdige. Stasjonsbygningen var ferdig oppmurt og pussa i september 2017. Samtidig pågikk bygging av dammen i Dalvatnet og førebuing for bygging av kraftstasjonen Sauda II ved Dalvatnet. Men utstyret som skulle monterast, rørgata og det elektriske maskineriet blei forseinka, slik at arbeidet stoppa heilt opp og ikkje kom i gang att før i juni 1918.

Etter nye vanskar var kraftlinja ned til Sauda ferdig uthausten 1919, montasjearbeida for rørgatene og maskininstallasjonane i Stasjon I gikk etter kvart som planlagt. I oktober blei det for første gong levert straum frå to generatorar i stasjonen. Heilt ferdig var stasjonen først i mars 1920. Stasjon II var klar for prøvekjøring i januar 1922. EFP hadde forplikta seg til å kjøpe straumen, men dei var ikkje klare for å ta han i mot, slik at den første tida blei det meste av straumen produsert til fånyttes.



Saudefaldene bygde tre flotte hus for ingeniørar og funksjonærar på bøen til Årtun i Hellandsbygd. Husa utgjer eit sterkt og heilskapleg element i kulturlandskapet.

⁷⁵ Årtun, Jan Reidar og Lunde, Ståle: *Sauda I – En kraftkjempe har gått til ro*, i Årsskrift for Sauda Sogelag 2009

Dam Svartavatn

Litt i skuggen av førebuingane til dei første kraftleveransane gikk det føre seg bygging av ein dam som først seinare kom til å merke seg ut som eit byggverk av teknologihistorisk interesse: Dammen i Svartevatn.

Svartevatn var ein del av vasstilførsla til Dalvatn kraftstasjon, Sauda II. Her skulle det i første omgang byggast ein 4 m høg tørrmurdam, altså eit relativt smålåte byggverk, sjølv om det var strevsamt nok langt inne på heia som det var den gongen. Transporten av utstyr til bygginga gikk med taubane opp til Holmavatn, og derifrå med hest.

Arbeida starta i 1917, men blei ikkje fullført. Tunnel for vassoverføring blei ferdig i 1922, men først i 1927 blei dammen ferdig. Da vegen Hellandsbygd – Røldal blei bygt 1956 – 1959 blei det bygt bilveg over damkrona.

Dammen er ein av dei tidlegaste platedammane i Norge. Han er 18-19 m høg, 197 m lang, og er bygt opp av 31 felt á 5 m. På 1920-talet var damtypen ein nykommar mellom norske dammar. Dette har gjort at Dam Svartavatn er med i oversynet over verneverdige dammar som NVE har utarbeidd.⁷⁶

Saudefaldene blir amerikansk

Kraftselskapet låg med broten rygg etter å ha kome i mål med første fase av kraftanlegget. Inntektene frå salet av kraft kunne ikkje dekke gjeldskostnadane. Selskapet var desse meir forplikta til å halde fram med utbygginga for å kunne levere den avtalte straumen til EFP.

Den nærliggande løysinga var å be amerikanarane i EFP om å overta gjelda. Amerikanarane såg ikkje mørkt på det, men det streid mot konsesjonsvilkåra. Der heitte det at berre norske statsborgarar kunn eige aksjar i selskapet. Men dei norske interessene var komne i ein tvangssituasjon. Om ikkje amerikanarane fekk det som dei ville, sto heile smelteverket i Sauda i fare for å bli nedlagt. Det ville føre til økonomisk ruin og sosialt kaos. Alle ledd i prosessen såg det.

I oktober 1925 fekk selskapet konsesjon for å gi amerikanarane aksjemajoritet. Straks etter blei det gjort vedtak om utviding av aksjekapitalen i AS Saudefaldene, nye vedtekter og nytt styre. Kraftselskapet var blitt amerikansk til liks med smelteverket. «Det var inga fillesak», skriv Trygve Brandal i ein artikkel om kraftselskapet, «men ei stor sak i nasjonal målestokk. På 1920-talet var Saudefaldene ein av landets største kraftprodusentar, og Sauda ei av dei store kraftbygdene».⁷⁷ Med friske pengar kunne planane for vidare utbygging i Sauda ta til.

⁷⁶ Nynäs, Helena: *Dammer som kulturminner*, NVE rapport nr. 64 - 2013

⁷⁷ Brandal, Trygve: *Vatnet og krafta – 100 års krafthistorie i Sauda*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

Søndenåhavn kraftverk – Sauda III

Vasstilførsla til og utforminga av det tredje steget i kraftutbygginga hører til den mest spektakulære delen av kraftutbygginga i Sauda, og er den som har vekt størst interesse for vern av delar av byggverka. Både dammane i Storlivatn og Svartavatn, og kraftstasjonen i Sønnåhavn, Sauda III, har kome med i bøker om verneverdige kulturminne, og fleire av rørgatene har gått inn i medvitet om kraftproduksjonens kulturlandskap for folk flest.



Stasjon III fotografert på 1930-talet. Den mørke stasjonen med det lyse tårnet og rørgata bak utgjer ein heilskap.

I 1926 blei det utarbeidd planar for «Søndenå kraftverk», og i 1927 starta anleggsarbeida.

Kraftverket skulle utnytte fallhøgda mellom Storlivatn og Saudafjorden. For å få det til måtte det byggast dam i sørrenden av Storlivatn, tunnel og rørgate ned til sjøen, og så sjølve kraftstasjonen i Sønnåhavn.

DAM STORLIVATN

Inntaksdammen ved Storlivatnet blei planlagt som ein kvelvdam med overløp gjennom ei valselsluke med ei lengde på 15 m og ei høgde på 5 m. Valseluka var slik konstruert at ho kunne sleppe vatnet forbi ved at ho blir heva slik at vatnet kunne renne under. Bygging av store kvelvdammar av betong var noe heilt nytt i Norge, og Vassdragsvesenet var skeptisk til å bygge ein dam av denne typen i betong, men han blei etter kvart godkjent.



Dam Storlivatn var den første kvelv-, eller buedammen i landet. Han er dessutan kjenneteikna ved ein 15 m brei valselsluke, som vi ser til høgre på bildet. Lukehuset er teikna av dei same arkitektane som teikna Stasjon III. Vi har vald eit bilde frå 1930.

Dammen var ferdig i juli 1930. Han er ein av dei eldste kvelvdammane av noen storleik i Norge og «fremstår i dag som et monument over norsk ingeniørkunst og den vilje anleggsfolk hadde til å gjennomføre et svært krevende stykke arbeid under vanskelige forhold og med enkle redskaper». ⁷⁸

For vurdering av verneverdien til dam Storlivatn får vi hjelp av prosjektet «Dammer som kulturminner» som var ei tiårig, landsdekkande kartlegging og vurdering av vassdrags- og energisektorens kulturminne i regi av museumsordningan til NVE. Prosjektet inngikk i rekka

⁷⁸ Lunde, Ståle: *Dam Storlivatnet – et stykke norsk ingeniørkunst*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2011

av temaplanar for «Kulturminner i norsk kraftproduksjon» (KINK) som blei starta i 2003. Dam Storlivatn blir vurdert slik:

Som landets første buedam, og tilknyttet det helt unike bevaringsverdige kraftverket Sauda III i art deco stil, er dam Storlivatn både kultur- og teknologihistorisk sett av stor kulturminneverdi. Sauda III representerer et helhetlig og gjennomtenkt design. Valseluker er også relativt sjeldne lukeanordninger. Dammen representerer også mer generelt en omfattende vannrkaftutbygging basert på storindustriens behov. Kraftstasjonen Sauda III med rørgate forslås fredet som et vannkrafthistorisk kulturminne i Statkrafts Landsverneplan.⁷⁹

TUNNEL, BUE OG RØRGATE

Frå dammen i Storlivatnet blei det sprengt ein over 7 km. lang tunnel ned til fordelingsbassenget ovanfor Søndenå. Den første delen av tunnelen ligg på nordsida av Storelva, deretter blir elva kryssa i ei 129 meter lang rørbue over elva og vegen til Hellandsbygd i Tverrdalen. Rørbuen «danner et uventet og spennende element i landskapet», skriv NVE i rapporten om Kulturminner i norsk kraftproduksjon.



Rørbuen i Tverrdalen er både eit overraskande element og eit byggverk å beundre når ein kjører fylkesvegen til Hellandsbygd. Gruvevegen til sinkgruvene på sørsida av elva. Bildet er frå 1930.

Sjakt, tunnel og rørbue var ferdige hausten 1929. Frå fordelingsbassenget blei det bygt ei 800 m lang rørgate ned til Sønnåhavn, Langs rørgata går ein trallebane med same sporvidde som

⁷⁹ Nynäs, Helena: *Dammer som kulturminner*, NVE rapport nr. 64 - 2013

bana på fabrikken. Alle rør og anna tunggods kunne lossast ved fabrikken og kjørast fram til kraftstasjonen og vidare derfrå på trallebana.

Kraftstasjonen og rørgata ligg som eit visuelt landemerke og ein organisk heilskap inst i Saudafjorden, men etter at kraftstasjonen blei tatt ut av drift i 2009, og vatnet til det nye Sønnå kraftverk blei leia gjennom ein ny tunnel, har ikkje rørgata lenger noen funksjon. Kraftleidningane, kraftoverføringa frå stasjonen til fabrikken, er allereie fjerna. Medan det er muleg å sjå for seg gjenbruk av kraftstasjonen, er rørgata berre eit minne om ein eldre teknologi.

STASJON III

Sauda III, Stasjon III, eller Søndenåhavn kraftstasjon – kjært barn har mange namn – er smykket i kraftutbygging i Sauda. Planlegginga av kraftstasjonen blei sett bort til arkitektane Andreas Bjercke og Georg Eliassen. Desse var mellom dei mest nytta, kjende og premierte arkitektane i landet fram til 1950-åra. I eit nærstudium av arbeidet med kraftstasjonen understrekar Kirsten Hellerdal Fosstveit dei høge krava til kvalitet i val og bruk av materialar og utforming av bygningar dei planla.⁸⁰

Arkitekturen til Bjercke og Eliassen følgjer internasjonal stilutvikling, men dei var heller ikkje framande for å blande stilelement frå ulike periodar. I Stasjon III kan ein finne element både frå nyklassisme og funksjonalisme, men særleg art deco. Stasjonen føyer seg inn i rekka av arkitektteikna kraftstasjonar, men stikk seg samtidig ut som ein atypisk, moderne og påkosta kraftstasjonsbygning. «Byggverket balanserer flott dei to stilartane nyklassisme og funksjonalisme», skriv Fosstveit. «Nyklassismen trekkjer linene tilbake til tidleg arkitektur i formspråk og komposisjon. Dei funksjonelle trekka stramar bygningen opp og gjer han moderne. Det er likevel ikkje dette som gjer kraftstasjonen til den særegne bygningen den er. Eg vil framheva to ting som utmerkar seg i denne bygningen: Det eine er det dekorative bidraget i art deco-elementa. Den eksklusive og flotte utsmykkinga i denne stilarten er sjeldsynt i norsk samanheng. Det andre er fokuset på kvalitet, i materialar, i handverk og reint kunstnarleg.»

Kraftutbygginga i Sauda representerer ein fase som var av stor betydning for landet, og som har etterlatt seg byggverk av svært stor teknologihistorisk og arkitektonisk verdi.

Dei same arkitektane har også teikna lukehuset på Storlidammen, og forankringsklossane som er ein del av rørgata.

Stasjonen var ferdig for prøvekjøring i oktober 1930, og blei sett i drift året etter. I første omgang med to aggregat. Eit tredje blei sett inn av tyskarane under krigen. Stasjonen var i

⁸⁰ Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Kraftstasjon Sauda III*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2013

drift fram til nye Sønnå kraftverk blei sett i drift i 2009. Som vi har sett ovanfor er stasjonen med tilhørande rørgate foreslått freda.

Sønnå kraftverk

Den siste store utbygginga i Sauda, og det som blir omtala som den siste store vasskraftutbygginga i Norge, var utbygginga av Sønnå kraftverk 2005-2009. Utbygginga omfatta vassfall som låg mellom magasin som alt var regulerte, men tok også med seg det vatnet som tidlegare forsynte Stasjon I og III.

Utbygginga omfatta ikkje nye magasin, men overførte vatn frå tidlegare regulerte vassdrag og tilliggande elver gjennom eit tunnelsystem. Sjølve kraftstasjonen blei bygt inne i fjellet i Sønnåhavn, ved sidan av den gamle Stasjon III.

Utbygginga av Sønnå kraftverk førte til at både Stasjon I i Hellandsbygd og Stasjon III i Sønnåhavn blei tatt ut av drift. Medan det ligg føre fredingsforslag for Stasjon III, er det uvisst kva som vil skje med Stasjon I.

Smelteverket

Klubben, den flate moen ned mot sjøen på sørssida av Storelva, var husmannsplass under Søndenå. Det vil seia at det var fleire husmannsplassar der. I folketellinga frå 1900 er det nemnt 17 husmannshuslydar under Søndenå, dei fleste budde på Klubben eller i Sønnåhavn. Det var dette området A/S Saudefaldene i 1913 kjøpte til industriformål. Seinare kjøpte dei også Slåttå (bruk 7), Sønnøhaugen (bruk 12) og andre delar av garden.⁸¹

Kraftselskapet oppretta førebels avtale om levering av kraft til Electric Furnace Products Company, Limited same året, altså i 1913. Endelig avtale blei inngått i desember 1914, etter at det var oppnådd konsesjon for kraftutbygginga. Firmaet blei registrert i Norge i april 1915. Avtalen om kva areal som skulle brukast til industri- og bustadformål var på plass i september 1915.⁸²

Arbeidet med reising av fabrikkanlegget starta i 1916. Det blei først bygt brakker for arbeidsfolk og kontorformål. Samtidig starta arbeidet med nødvendig infrastruktur, som kai, vegar, vassstiførsel, straum og telefon, og dessutan ein jernbane som skulle brukast til transport av materialar og utstyr.

⁸¹ Lillehammer, Arnvid: Soga om Sauda II, Sauda 1974

⁸² Omtalen av fabrikkanlegget bygger i hovudsak på Danielsen, A. S.: *Electric Furnace Products Company, Limited*, Sauda 1954



Klubben i august 1915. Delar av den opphavlege busetnaden er framleis intakt, men førebuingane til reising av fabrikkanlegget har starta. Det er m.a. lagt ein skinnegang frå eit lita brygge og fram til eit lagerskur midt i bildet. Bildet skal vera tatt av John Oxaal som var med frå starten og som var verksdirektør frå 1923 til han blei arrestert av tyskarane i 1941.

Dei opphavlege bygningane

Trass i vanskelege arbeidsforhold på grunn av verdskrigen, kom arbeidet med fabrikkanlegget forbausande raskt i gang. Fundamentet til verkstadbygningen var klart alt i august, og stålkonstruksjonen blei rapportert ferdig i november. Og så gikk det slag i slag. Fabrikkbygningane fekk namn på engelsk, og har det i stor grad ennå i dag: *Drum shop*, tønnefabrikk til produksjon av tønner for karbid, *Cooling* for nedkjøling og *Breaking* for oppdeling av karbidblokkar. *Furnace* (omnshus), *Packing*, og *Lime Kiln* (kalkbrenneri), kaianlegg og lagerbygg.

Når verkstadbygningen var den første som blei reist, var det fordi denne var viktig for arbeidet med konstruksjon av resten av fabrikkanlegget. Det var ein stor bygning, 102 x 30 m, altså ei grunnflate på vel 3 000 m². Han var ferdig i oktober 1917 og blei etter kvart fylt med eit stort tal maskiner av ulike slag drivne av eit sinnrikt system av svinghjul og reimar, frå først av med motorkraft, men nokså snart med damp. Elles hadde ulike fag sine areal i bygningen, inklusive ei smie. Under taket blei det installert to mobile kraner.

Drum Shop, tønnefabrikken, var like stor, men delt i ein produksjons- og ein ferdigstillingsdel der tønnene blei merkte før dei blei transporterte over til pakkeriet. Sjølv om det ikkje blei noen karbidproduksjon, var det likevel bruk for tønner, så tønnefabrikken var intakt til etter andre verdskrigen, men han blei etter kvart også brukt til ei rekke andre formål. Ein kuriositet var at det under krigen blei lagra tørrfisk og tran her, og at det blei installert ein omn for røyking av sild. Det var dårleg tilgang på byggematerialar da bygningen skulle reisast. Mursteinen var av dårleg kvalitet, og begynte nokså snart å skalle av. Alt i 1928 blei dei utvendige veggane pussa med sement.

Da *Cooling og Breaking*, bygningane for kjøling og oppdeling av karbiden, blei bygt var ikkje murstein av god kvalitet å oppdrive i det heile, så bygningane blei bygt i betong. Dette var også store bygningar, til saman dekker dei eit areal på nesten $3\ 800\ m^2$. Mellom omnshuset og desse bygningane var det ein overbygd passasje, og det blei installert kraner og skinnegang for vogner og elektriske lokomotiv for transport av ferdigvarene.

Cooling blei, som dei fleste bygningane, også brukt til sekundære formål, som lager, og dessutan som ein etter kvart viktig funksjon som produksjonsstad for materiale til å plugge smelteomnane med.

Arbeidet med *Omnshus 1* blei starta i desember 1916. Det målte $102 \times 36\ m$ og var meint for 3 store karbidomnar. Bygningen blei reist i murstein. Etter omlegginga av produksjonen blei omnshuset utvida med eit tilbygg i 1926. Den første omnien, omn 2, blei starta i juni 1923, omn 3 i oktober same året, omn 1 i 1925 og omn 4 i 1926. To mindre omnar, nr. 10 og 11 blei sett i drift i 1928 og 1929, før den siste store omnien, nr. 5, om i drift i 1934. Men da var også omnhus nr. 1 sprengt, og nytt omnhus var reist for å romme ytterlegare auke i produksjonskapasiteten.

Planlegginga av ei utviding starta alt i 1929, og det som skulle bli *Omnshus 2 og 3* skulle bli den største bygningen på heile fabrikkområdet, $204 \times 34\ m$, nesten $7\ 000\ m^2$. Omn 21 blei sett i drift i 1931, omn 22 i 1933. Omnshus 3 kom i drift i 1937 med omn nr. 31. Omn 32 blei starta i mars 1940, så vidt før krigen kom. Enda ein omn, nr. 33, blei sett i drift i 1952.

Packing var ein mindre bygning, $42 \times 30\ m$, $1260\ m^2$. Det var ein bygning som aldri kom i bruk for det formålet han var bygt for, men som i stor grad blei brukt til lagerformål. Også denne bygningen fekk nye funksjonar under andre verdskrigen. Da var det potekjellar og grønsaklager i bygningen.

Det er materialhandteringa, lagring og transport av råvarer og ferdigprodukt, som tar plass i eit smelteverk. Det er såleis ikkje til å undre seg over at mye av arealet i bygningane blei brukte til lagring, og at transportlinjene var ein viktig del av infrastrukturen. Den største lagerbygningen blei bygt for å lagre karbid. Det var ein betongbygning på $3\ 400\ m^2$. Da fabrikken kom i gang i 1928 blei bygningen tatt i bruk til rensing, pakking og lagring av ferrologeringar.

Lime Kiln og *Mix* blei påbegynt i juni 1917 som dei siste av dei opphavlege bygningane. Dette var også ein romsleg bygning, neseten $4\ 800\ m^2$. Men det var ikkje nok. I 1929-31 blei Mix nr. 2 bygt til, og anda litt seinare blei det bygt eit overbygg mellom bygningane, slik at Lime Kiln og mixen framsto som ein stor bygning. Lime Kiln, skulle som namnet tilseier, brukast til kalkbrenning. Det blei opphavleg innstallert 3 kalkomnar og alt tilleggsutstyret som hørte til, m.a. eit anlegg for beltetransport av kalksteinen og eit anlegg for taubanetransport av

kalken. For å produsere kol til kalkomnane blei det installert eit kolmølleanlegg, og dessutan eit anlegg for handtering av koks. Det blei også plass til ein sentralfyr for fabrikkbygningane i Lime Kiln. Altså nokså mangesidige funksjonar også i denne bygningen, og meir skulle det bli. Da fabrikken raskt måtte gjerast om frå ein karbidfabrikk til eit ferrolegeringsverk i 1923, blei det gjennomført ei rekke mellombels tilpassingar, og seinare meir permanente installasjonar for råvarebehandling utan at vi kan gå i detaljar med det som blei gjort her.



Fabrikkanlegget frå sjøsida, truleg fotografert av John Oxaal i 1926. Vi ser den dampdrivne krana og trallebanen i framgrunnen, Lime Kiln og verkstadbygget bak.

Midt i den store bygningsmassen for produksjonsformål blei det reist eit sanitærbygg, eller ein Locker- and Lunch Room Building, som det blei kalla frå starten. Det ligg i direkte tilknyting til omnshus 1 og er på snautt 1 000 m². Bygningen blei tatt i bruk i 1921 da det blei innreidd ein seksjon med kontor i andre etasje. Til da hadde staben halde til i ei kontorbrakke. Kontorbygningen kom ikkje på plass før i 1927.

Sanitærbygget har romma ulike funksjonar opp gjennom åra, og sjølv bad- og garderobedelen har vandra noe, men har truleg hatt den forma det har nå sidan like etter krigen. Kantina, som nå er «den gamle kantina» fekk si nåverande form i 1949. Kantina er slåande dekorert med store freskomåleri på veggane. Det har ikkje lukkast å finne ut kven kunstnaren var. Etter ei utviding av sanitæravdelinga i 1949-51 hadde bygningen garderobeskåp for 800 mann. På det meste, i 1960, var det 1 171 arbeidarar på smelteverket, og 174 funksjonærar, til saman 1 345 tilsette. I 2016 var det 163 tilsette, verket opererte 2 smelteomnar, og produserte dobbelt så mye som i 1960.

Det var altså eit omfattande byggeprogram som blei realisert det første ti-året etter at industrien kom til Sauda. Frå å vera eit nokså tett befolka husmannsmiljø, blei Klubben på få år omforma til eit avansert industrianlegg i ein global økonomi. Og sjølv om grunnlaget for den opphavlege forretningsideen blei borte, ser det ut til at ombygginga frå eit karbidanlegg til eit ferrolegeringsanlegg gikk relativt smertefritt.



Omnshus 2 blir i dag brukt til kjøling og lagring av manganlegeringar.

Bygningshistoria

Det er A. S. Danielsen som har gjort greie for den opphavlege bygningshistoria til smelteverket i publikasjonen *Electric Furnace Products Company, Limited – An historical review of the organization and development of the Sauda plant up to the end of 1953*.

Danielsen var med i ingenørstaben ved verket alt fra 1916, og avanserte til stillinga som verksdirektør etter at John Oxaal blei arrestert av tyskarane i 1941 og seinare døydde i tysk konsentrationsleir. Danielsen blei pensjonist i 1951.

Framstillinga er prega av nokså detaljerte omtalar av dei tekniske installasjonane, men gir også grunnlag for eit oversyn over den tidlege bygningshistoria. Både i den perioden Danielsen skriv om, og seinare, er det gjennomført mange og omfattande tilpassinga, endringar og ombyggingar for å tene endringar i produksjonsprosessane. Det meste av dette er

vonleg godt dokumentert i arkivet til smelteverket, nå Sauda Lokalarkiv, og det er god tilgang på munnlege kjelder, men kunnskapen om bygningsmassen og bruken av han er spreidd, fragmentert og mangelfull.

Litteraturen om Sauda-samfunnet, og Sauda smelteverk, nå Eramet Norway Sauda, avspeglar i mindre grad historia til bygningsmassen og infrastrukturen. Det er skrive noe om produksjonsprosessen, men mest om sosiale, kulturelle og økonomiske forhold.

Eramet Norway Sauda er det største ferromanganverket i Nord-Europa, og ein viktig del av smelteverkshistoria i Norge. Det hadde hatt stor verdi om ein kunne ha fått skrive ei oppdatert historie om dei fysiske sidene ved smelteverket. Det kunne og ha gitt eit grunnlag for drøfting av vern og bruk av bygningsmassen.

Frå industri til kulturminne

Overgangen frå levande industri til kulturminne er ikkje enkel. Han er ikkje enkel der industrien er lagt ned og ny bruk blir forsøkt etablert, sjølv om det etter kvart er talrike døme på korleis tidlegare industriområde er transformert til attraktive bu-, shopping-, kultur- og opplevingsområde. Og det kan synest enda vanskelegare der industrien er høgst oppegåande og interessene til dei innanfor og dei utanfor fabrikkporten kan vera ulike.

På den andre sida kan ein tenkje seg at utgangspunktet for ein konstruktiv dialog kan vera større der fabrikken framleis er ein levande organisme i lokalsamfunnet. Mange har eit forhold til fabrikken, mange kjenner han, og ein har stor tilgang til kunnskap om føresetnadane for utvikling av strategiar for vern og bruk.

Mellom dei store spørsmåla er kva ein skal verne. Er det arkitekturen/estetikken, produksjonslinjene, arbeidarkulturen, byggeskikken, autentisiteten, kjeldeverdien til bygningane/verdien som historieforteljar, symbolverdien, miljøverdien, opplevingsverdien eller verdien som identitetsmarkør. Og kva skal ein prioritere: Autentisitet, tilstand eller bruksverdi. Utgangspunktet for ei vurdering av verneverdi må vera dei same som for vurdering av andre slag bygde former. Det som gjer oppgåva overveldande er dei store dimensjonane og dei alvorlege konsekvensane.

Formålet med eventuelt vern av heile eller delar av smelteverket i Sauda vil delvis kunne formulerast av bedrifta sjølv, delvis av det omkringliggende lokalsamfunnet, og delvis av nasjonale og internasjonale interesser.

For bedrifta sjølv, og dei som jobbar der, vil den openbare interessa først og fremst vera knytt til bygningane som ein ressurs i produksjonen. Internt dessutan som eit samlande symbol for ein historiefortakna bedriftskultur, og eksternt som ein arena for forteljinga om bedrifta. Dei ulike interessene kan stå i motseiing til kvarandre, men dei kan og utnyttast til ein fordel for bedrifta. Ein kan sjå for seg at ein arbeidsplass i bygningar som ber på ei hundre år gammal historie kan gi ein verdi til lagbygginga og arbeidsfellesskapen. Vi merkar oss at Eramet

Norway er romsleg med å bruke honnørord som berekraft, høgteknologi og industritradisjonar i det materiellet som blir tilbydd publikum.⁸³



Omnshus med behov for vedlikehald. Ei kartlegging av historikk, bruk og tilstand kan gi grunnlag for verdivurdering og prioriteringar i forvaltinga av bygningsmassen.

For kommunen gir smelteverket ein identitet som i større og større grad blir oppfatta positivt, og som kommunen sjølv ønskjer å gjera meir synleg og instrumentell. I gjeldande kommuneplan understrekar kommunestyret at «Sauda har sin heilt spesielle industriarbeidarkultur som avspeglar seg i mange kulturminner». Kommunen ser eit potensiale i kulturminna både for å styrke reiselivet og eigen identitet.⁸⁴ I planprogrammet for revidering av kommuneplanen blir dette vidareført gjennom at kvalitet, stadutvikling og utvikling av Sauda som besøks- og turistdestinasjon er prioriterte tema. «Korleis skal me byggja for framtida og samtidig framheva Saudas særprega landskap, kulturminner og historie», er ei problemstilling under kapitlet «Stadutvikling med kvalitet».⁸⁵


⁸³ Eramet Norway: *Bærekraftrapport 2016*

⁸⁴ Sauda kommune: *Kommuneplan 2012 - 2023*

⁸⁵ Sauda kommune: *Kommuneplan for Sauda 2018 – 2030, forslag til planprogram*

Sauda smelteverk er ei verksemid som med si lange og godt dokumenterte historie, og si vedvarande drift har svært stor betydning som grunnlag for kunnskap om arbeidsliv og samfunnsutvikling i ein nasjonal og internasjonal sammenheng.

Det utfordrande, men samtidig befordrande, med smelteverket i Sauda er at det er i ferd med å finne sin plass i medvitet om staden og identiteten til lokalsamfunnet medan det ennå er i full drift, særleg i kraft av ei lang historie som nyleg har gitt grunnlag for stor jubileumsfeiring. Det merkelege er at dette ser ut til å ha gått under radaren til storsamfunnet.



Internt på smelteverket er det allereie eit miljø som arbeider for å ta vare på maskiner og utstyr, kumlokk, instrument, arkivalia og foto, og som passer på at vedlikehald av bygningsmassen blir gjort på ein antikvarisk god måte. Bildet er frå "museumssamlinga" til Inge Mikal Nødland.

Den gløymde industribyen

Tekniske og industrielle kulturminne har vore på dagsordenen lenge, og det finst døme både på vellukka museumstiltak og vern gjennom bruk. Men vern av denne typen kulturminne er avgrensa i forhold til kulturminne som har oppnådd høyare prioritet. I Sauda har det vore vanskeleg å få gehør for eit tilstrekkeleg engasjement både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Riksantikvaren har eit bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne. Her er det etter kvart 15 anlegg som får støtte til istransferring, forvalting, drift og vedlikehald. Mellom desse er Odda smelteverk og Tyssedal kraftstasjon. I tillegg er kraft- og industrianlegg på Rjukan og Notodden skrive inn på UNESCOs verdsarvliste.⁸⁶

I Odda har Riksantikvaren gått tungt inn i analysen av og omtalen og grunngivinga av staden som kulturminne. I 2014 fekk Riksantikvaren utarbeidd ein «Mulighetsstudie» der ei gruppe fekk arbeide i eit halvt år og kom ut med ei utgreiing på 160 sider. Det handlar om å forstå staden gjennom analyse av både fysiske, sosiale og immaterielle aspekt ved staden.

Konklusjonen er at Oddas kulturarv skal brukast strategisk i arbeidet med å utvikle staden, og at kulturarven skal vera ein grunn til å besøke staden, altså som lekk i ei verdiskaping knytt til reiselivet. Analysen løfter fram produksjonslinja på smelteverket som ein viktig, kulturhistorisk verdi, og tar med heile bygningshistoria, frå starten av 1900-talet og fram til nye bygg frå 1990-talet, i «den bygningsmessige kulturverdi». ⁸⁷

Tyssedal og Rjukan er mellom dei industristadene som også er med i European Route of Industrial Heritage (ERIH). ERIH er eit samarbeidsnettverk for museum og reiselivsaktørar som deler ei felles interesse for industrikultur. Nettverket tilbyr ei nettside som gir oversyn over dei viktigaste industrielle kulturminna i Europa, og er eit godt verktøy for å planlegge beøk hos desse. I ein tidlegare fase av drøftingar om Folkets Hus, og under planlegginga av innspeil til Stavanger som Europeisk kulturhovudstad var spørsmålet om å søke tilknyting til ERIH framme, men det blei ikkje noe meir med det. Deltaking i ERIH kunne vera ein lekk i ein strategi for å løfte fram industrikulturen som eit strategisk virkemiddel i verdiskapinga i Sauda.⁸⁸

Medan delar av tungindustrien i Tyssedal-Odda og på Rjukan-Notodden er nedlagt er Sauda framleis eit vitalt industrisamfunn der prosessindustrien både fysisk, økonomisk og mentalt er ein bankande puls i lokalsamfunnet. Og Sauda er ikkje eit mindre spektakulært miljø av bustad- og handelsområde, forsamlingshus og kraftstasjonar enn noen av dei andre.

Sauda er ein av dei mest komplette industristadane vi har her i landet. Han har ei historie som har krav på stor merksemd i ein nasjonal kontekst, samtidig som staden er i full vigør og ei levande kjelde til kunnskap og oppleveling av ei tid som er i ferd med å bli borte mange stader i den vestlege verda.

Eineståande dokumentasjon

I januar 1989 blei det inngått avtale mellom Sauda Smelteverk og Ryfylkemuseet om ulike tiltak som kunne fremje arbeidet med dokumentasjon og formidling av historia til bedrifta og Sauda-samfunnet. Innafor det vide temaet blei arbeidet med arkiva til dei tre arkivskaparane Sauda Smelteverk AS, AS Saudefaldene og Sauda Fabrikkarbeiderforening prioritert. Det var

⁸⁶ Riksantikvaren: www.riksantikvaren.no

⁸⁷ Gottlieb Paludan Architects, Dansk Bygningsarv og Norconsult: *Odda Smelteverk – Mulighetsstudie*, Riksantikvaren 2014

⁸⁸ Sjå meir om European Route of Industrial Heritage på <http://industrimuseum.no/erih> og <http://www.erih.net/>

ein pioneravtale i sitt slag, og det var eit pionerarbeid, for slike store private arkivmengder hadde aldri kome under vernehand i landet før.⁸⁹

Dette var starten på eit langvarig samarbeid der arbeidet med ordning, katalogisering og sikring av arkivmaterialet frå bedriftene og fagforeininga har gått i rykk og napp basert på tilskott til prosjektfinansierte arbeidsøkter frå bedriftene, Sauda kommune og Norsk kulturråd. Undervegs har rammene for arkivet blitt utvida til å gjelde også andre privatarkiv frå Sauda. Arbeidet er langt i fra i mål, og arkivet er ikkje tilfredsstillande sikra. Det manglar både eigna lokale og eit fast personale. Men arkivet rommar eit materiale som bidrar til ein unik dokumentasjon av verksemdene og lokalsamfunnet.

Dei fysiske konstruksjonane som kraftutbygginga og industrien har etterlate seg, infrastrukturen og bybusettaden kring fabrikken, lokalarkivet og eit oppgående utval av tidsvitne gjera Sauda til ein stad med særlege føresetnadar for formidling av kunnskap og opplevelingar om industrisamfunnet.



Sauda Lokalarkiv inneheld ein omfattande og unik dokumentasjon av nøkkelbedriftene og lokalsamfunnet i Sauda.

⁸⁹ Drange, Ernst Berge: *Sauda Lokalarkiv*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

Kva gjer vi med smelteverket

Det er mange oppgåver, men i denne samanhengen er det smelteverket som kulturminne det handlar om. Vi har sett at bedrifta, under skiftande leiing og eigarskap, har hatt eit engasjement for bevaring av si eiga og lokalsamfunnets historie. Vi antar at dette er ei vedvarande interesse, og at det er grunnlag for dialog om smelteverket i kulturminnevernet i Sauda, herunder ei drøfting av kva formålet med eventuelle vernetiltak skal vera. Det framstår som elementært å identifisere dei samfunnsinteressene som er knytt til smelteverket som kulturminne.

Det som synest klart er at ein her, som i anna vernearbeid, bør starte med ei registrering av eigenskapar, bruk og tilstand til bygningane.. Det er behov for etablering av samanhengande historikk for dei enkelte bygningane og bruken dei har hatt. Med bakgrunn i det oversynet eit slikt arbeid vil gi, vil det vera grunnlag for ei verdivurdering og ei prioritering av vernetiltak.

Dette vil vera eit relativt komplekst og omfattande arbeid, men minstemålet for å kunne søke om ein plass i den nasjonale industrihistoria, eller i verdsarven, er god dokumentasjon av objektet det blir søkt om.

Enda meir interessant er ein tanke om dokumentasjon av det indre livet på bedrifta, ein samtidsdokumentasjon av den immaterielle kulturen på smelteverket som arbeidsplass. Det er ein dokumentasjon som ikkje kan gjennomførast på industristader der industrien er nedlagt, men der dei utvegane ein har for slik dokumentasjon i Sauda kan gi eit unikt resultat.

Åbøbyen

Det kulturminnet i Sauda som har fått størst merksemd må vera Åbøbyen, også kalla Amerikaner- eller Amerikabyen, villabyen, hagebyen eller byanlegget. Byanlegget har vore omtala som eit særleg vakkert og verneverdig område nesten like lenge som det har eksistert, og det har nå kome på NB! Lista til Riksantikvaren, lista over Nasjonale kulturhistoriske bymiljø. Registeret omfattar kulturhistoriske bymiljø i 75 byar i Norge. I Rogaland deler Sauda merksemda med Egersund, Haugesund, Sandnes, Skudeneshavn og Stavanger.⁹⁰

Utforminga har delvis grunnlag i konsesjonsvilkåra for utbygging av kraftressursane og reising av fabrikkanlegget, delvis i tillau til paternalistiske holdningar hos utbyggjarane. Det var stort behov for husvere til alle dei som kom for å vera med på anlegga, og all slags rom med tak og veggar blei bydde fram til arbeidsfolket. Dei som fekk seg hus i Åbøbyen var mellom dei heldige.⁹¹

⁹⁰ Riksantikvaren: www.riksantikvaren.no/Tema/Byer-og-tettsteder/NB!-registeret

⁹¹ Omtalen av Åbøbyen bygger i hovudsak på Høibo, Roy: *Amerikanerbyen på Åbø*, i Årsskrift for Sauda sogelag 1981, supplert med opplysningar frå Danielsen, A. S.: *Electric Furnace Products Company, Limited*, Sauda 1954



Tidleg bilde frå Åbøbyen. Vi ser at Wergelandsveien og nedste delen av Håkons gate er bebygd, og dessutan noen hus i Åbødalsveien. Lengst framme til venstre direktørbusstaden.



Dei to firefamiliehusa i Wergelandsveien, som i starten blei brukt som åttemannsbustader, er truleg oppført i kolonistil etter teikningar som amerikarane hadde med seg frå Niagara Falls i USA.

Arbeidet med utbygging av Åbøbyen starta i 1916, men det var ikkje på heilt jomfrueleg mark. Vi har tidlegare sett at det var eit stort tal husmannsplassar på øyra ned mot sjøen, og i

det området som blei byanlegget var det fleire heimehus som hørte gardane til. Desse finn vi nå att i Torsveien, Kongsveien og i Åbødalsveien. Dei har ei lett attkjenneleg grunnform slik vi finn heimehusa på gardane, med ei tømra stove på kvar side av ein gang. Dei gode takutspringa der bjødnane er trekte ut og har fått dekor fortel oss at husa må vera frå slutten av 1800-talet da sveitsarstilen kom på moten.⁹²

Det første nybygget var Wergelandsveien 52-58, deretter kom Wergelandsveien 64-70. Dette var hus som eigentleg var planlagte som firefamiliehus, men som i starten blei brukt til åtte familiar kvar. Resten av husa i Wergelandsveien blei bygt og brukt som firefamiliehus, men ein starta og tidleg opp med å reise tofamiliehus i Torsveien. I 1917 starta arbeidet med fem hus i Håkonsgaten og dessutan direktørbustaden i Kongsveien 62. Wergelandsveien 65-67 og eit tilliggande tofamiliehus, Wergelandsveien 61-63, blei mellombels tatt i bruk som sjukehus og legebustad. Håkonsgate 55-57 var eigentleg bygt for mekanikarar, men blei tatt i bruk som hybler for kontordamer før det seinare blei bygt om til tofamiliehus. I denne tidlege fasen blei det også bygt eit hus for einslege funksjonærar i Griegs gate 50.

Allereie før 1920 var det reist 18 hus med til saman 50 familiehusver, eit ukjent tal hybler og eit mellombels sjukehus. Husbygginga heldt fram også i 1920, med reising av dei siste husa nedst i Håkonsgate, og ein del hus langs det som da var Olavsveien, men som nå er Åbødalsveien.

Større fart i byggeaktiviteten ser det ut til at det blei etter at produksjonen kom i gang, og innan 1930 var det bygt 69 hus med til saman 199 husver. Da var det meste av dei sentrale delane av byanlegget bebygt, og det ser ut til at interessa for ytterlegare utbygging tapte seg for ei tid.

Etter krigen tok bustadbygginga seg opp att, og nå var det i dei søndre delane av Kongsveien og i Brekkeveien og Brekkekakken at dei fleste av dei nye husa blei bygde.

Heile området som EFP fekk disponere til bustadbygging var på kring 400 mål. I alt blei det reist 120 hus på området. Av desse 33 einebustadar, 50 tofamiliehus, 2 trefamiliehus og 36 firefamiliehus. Det skulle til saman bli 283 husver. Heile det området som var planlagt til bustradformål er likevel ikkje utbygt. Opphavleg var både Brekkeveien, Kongsveien, Parkveien og Griegsgate tenkt forlenga mot Nordelva, men nå er dette området delvis regulert til andre formål, og det er få eller ingen ledige tomter at ti Åbøbyen.

I starten var det verken vatn eller straum i husa, men det kom etter kvart, saman med fint opparbeidde gater, fortau og parker. Men standarden var rimeleg høg, og blei enda betre da infrastrukturen kom på plass og folk fekk bad og vassklosett i husvera sina. Verksleiinga meinte sjølv at standarden på husa var mellom dei beste i sitt slag i landet, og fekk medhald i den vurderinga av folk som kom på besøk. Det som ikkje blei lagt så stor vekt på var røyken og støvet frå fabrikken som la seg som eit teppe over Åbøbyen da vinden kom frå sør-vest, som han ofte gjorde.

⁹² Holmboe, Grete: *Åbøbyen før, under og etter verneplanen*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012



I dei sørnre delane av Parkveien, Kongsveien og Brekkeveien blei det etter krigen bygt nøkterne hus, men med god form og funksjon. Arkitekt var Gustav Helland i samarbeid med Endre Årreberg.

Arkitekturen i amerikabyen

Kven som teikna dei første husa som blei reiste i Åbøbyen veit vi ikkje, men det er nokså tydeleg at ideen om utforming av bustadområde som såkalla hageby var vel kjent. Og ikkje berre det, Sauda konkurrerte om arbeidskrafta med stader som Rjukan og Odda, og måtte om muleg gjera seg enda lekrare enn desse staden. Det blei såleis ikkje bygt blokker og bygardar i Sauda, slik ein fann dei andre stadene, men småhus i hagar. Det var etter forholda romslege husver, om lag 60 m^2 og dei var smakfullt innreia. I Håkonsgate 51-53 har Ryfylkemuseet lukkast med å rekonstruere to slike husver, eitt frå 1920-talet og eitt frå 1960-talet. Her er det råd å sjå korleis det såg ut.

Det nærmaste ein har kome i spekulasjonar om kor planane for bygningane kom frå er at amerikanarane hadde dei med seg frå anlegget til Union Carbide i Niagara Falls. Det er i alle fall sikkert at dei hadde med seg brannhydrantane derifrå, så da hadde dei kanskje også med seg husteikningar.⁹³

⁹³ Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Arkitektur i Amerikabyen*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2015. Sjå også Tangstad, Karen Sofie: *Arkitekturen i Åbøbyen*, Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet nr. 1, 1985

Dei første husa blei bygde i ståande plank og med teglpanner på taket. Etter kvart fann ein ut at skifer passa betre i klimaet i Sauda, og dette blei det dominerande taktekingsmaterialet. Kan hende var det erfaringane med dei lokale forholda som også gjorde at bedrifa ønskte å knyte til seg lokale arkitektar. I alle fall kom Gustav Helland frå Stavanger til å bli ein hovudarkitekt for EFP frå midten av 1920-talet.



I Parkveien fekk Gustav Helland ført opp tre hus av dette slaget. Dette er gode døme på korleis arkitekten eksperimenterte med ulike stilartar og –uttrykk. Det bratte mansardtaket, den symmetriske fasaden, dei småruta rokokkoinspirerte glasa, og ikkje minst dekor og ornamentikk, viser til det klassiske formspråket i nyklassisismen.

Helland hadde erfaring frå industriarkitektur i Tyskland, og var truleg sterkt inspirert av utviklinga i arkitekturen på kontinentet. Ein etter kvart dominerande stilretning var jugendstilen, Die Neue Kunst, eller Art Nouveau som han og blei kalla, avhengig av kor han sto fram. Utfordringa i Sauda var å kombinere inntrykka frå Europa med rammevilkåra og det som alt var bygt i Åbøbyen. Husa måtte ha noe felles, og samtidig ha sine sær preg. Og han lukkast. Når ein går gjennom Åbøbyen i dag, vil ein oppleve variasjon og heilskap på same tid. Det som var felles for dei første husa var grunnplanet.

Vi kan og legge til at ei vandring gjennom Åbøbyen også er ei vandring gjennom den sosiale og økonomiske historia. Håkonsgate utgjer ein slik akse gjennom industriksamfunnet, frå fabrikken og arbeidarbustadane nedst i gata, til direktørbustaden på toppen, med adresse Kongsveien. Husa var dess meir ikkje berre ulike i utgangspunktet, men ingeniørar og

direktørar hadde og mye større innverknad på utforminga av husa sine, både under oppføringa og ved seinare endringar.



I Håkonsgate 51-53 har Ryfylkemuseet rekonstruert to husver, dette fra 1920-talet, og i andre etasje eitt fra 1960-talet.

Over ein periode på om lag 35 år teikna Helland 68 hus i Åbøbyen. I tillegg fekk han oppdraga med å teikne Sauda sjukehus, Sauda klubb, Sauda rådhus og Folkets hus. Bygningane spenner over mange stilepokar – frå jugend og nyklassisme, til funksjonalisme og etterkrigsmodernisme. «Å gå gjennom Åbøbyen i dag er ikkje berre ei reise gjennom arkitekturhistoria. Det er òg arkitekthistorie og studiet av ein arkitekt sitt virke gjennom eit heilt yrkesliv», skriv Fosstveit.⁹⁴

Men Helland var ikkje heilt aleine om arkitektoppdraga i Sauda. Også andre dyktige arkitektar som Ole Landmark, Torgeir Alvsaker og Endre Årreberg fekk oppdrag. Landmark hadde ein minst like framtredande posisjon i Bergen som Helland hadde i Stavanger. To hus i Brekkeveien, nr. 56-58 og nr. 60-62 er teikna av Landmark. Truleg er det tre hus i Parkveien som kan krediterast Torgeir Alvsaker, nr. 81-83, nr. 105-107 og nr. 109-111. Alle bygde i

⁹⁴ Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Arkitektur i Amerikabyen*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2015

1927. Det store oppdraget til Alvsaker kom ikkje frå EFP, men frå Sauda kommune, og det galdt Fløgstad skule.

Byggherren, Electric Furnace Products Company, Ltd., viste gjennom valet av arkitektar at berre dei beste var gode nok. Likevel vart ikkje teikningane utan vidare godtatt. Av korrespondansen går det fram at vurderingane av teikningane var grundige, men at det helst var mindre detaljar som det vart kravd endringar av.



Fløgstad skule blei teikna av Torgeir Alvsaker. Første byggetrinn sto ferdig i 1926. Dei siste åra har skulen gjennomgått ei førebileteleg rehabilitering.

Vernearbeidet

Det var lenge høg standard også på vedlikehaldet av byanlegget. Tredve mann og eigen gartner heldt det i hevd, la kantstein i gatene og planta blomar i hagane. Under krigen og i rasjoneringsstida etterpå blei vedlikehaldet problematisk. Da ein endeleg kom ovanpå og sette i gang med ei generaloppussing blei Farvekontoret i Oslo henta inn for å gi forslag til fargesetting av husa. Mye av den fargesettinga ein finn i dag stammer frå denne tida. Opphavleg var husa lyse og grå.

Økonomisk gikk det ikkje så bra. Det blei behov for større utbetringsarbeid og påbod om kostnadskrevjande installasjonar, meir plass, garasjer og ombygging frå firefamiliehus til tofamiliehus. Utover på 1970-talet spissa budsjetttsituasjonen seg til, og det blei til slutt bestemt at bedrifta ville avhende ein stor del av husa. Salet av bustadar kom i gang i 1981.

Vakne folk i Sauda såg at dette kunne føre til ei rasering av den heilskapen og dei kvalitetane som eit stramt forvaltingsregime hadde halde oppe gjennom 60 år. Fylkeskonservatoren og

Riksantikvaren blei mobilisert, kom, såg, og produserte ein uttale om vern og bruk. Det var ikkje allverda, men det var ein knagg å henge eit vidare engasjement på.

Det var Sauda sogelag som tok fatt i det praktiske arbeidet. Sogelaget inviterte Ryfylkemuseet til samarbeid, det blei oppretta eit utval der også Sauda fabrikkarbeiderforening, Fellesrådet for funksjonærane, Sauda kulturstyre, Kulturminnenemnda og Sauda formannskap var representert.

Resultatet av arbeidet var ein såkalla bruks- og verneplan og eit forslag til reguleringsplan for Åbøbyen med formål vern. Forslaga blei vel mottatt, og reguleringsplanen blei vedtatt i september 1983. Føresegnerne i reguleringsplanen prøvde å formulere klare vilkår for kva som kunne gjerast med husa. Hus skulle ikkje rivast, og «...det forutsettes at husenes målestokk, takform, fasader, dør- og vindusutforming, materialbruk og farger i karakteren opprettholdes eller tilbakeføres.», sto det i reguleringsføresegnerne.⁹⁵

Gjennom eit vernearbeid som starta alt i 1981 har ein lukkast med å ta vare på Åbøbyen som ein fabrikkby med stor arkitektonisk og arkitekthistorisk verdi. Åbøbyen er også eit viktig dokument om den sosiale og økonomiske utviklinga som følgde av industrialiseringa.

For å imøtekoma behova for utbetrinigar og tilpassingar fekk bruks- og verneplanutvalet etablert ei rådgivingsteneste som både hadde kontordagar i Åbøyen, og som leverte teikningar til garasjar for ulike type hus, nye inngangsparti, trappeoverbygg, stakitt o.a. Ein del av teikningane blei samla i eit rettleiingshefte som blei delt ut til huseigarane. Det såg bra ut på papiret, men det var verre i praksis.⁹⁶

Alt medan verneplanen var under arbeid brann Parkveien 93-95. Eit hus frå Block Watne kom opp i staden. Det første som blei rive var legebustaden i Kongsveien, som måtte vike for ny rehabiliteringsavdeling knytt til sjukehuset. Deretter måtte to verna hus i Brekkeveien vike for nytt eldresenter. Tomta for det gamle garasjeanlegget blei tatt i bruk til barnesenter. I bakhagen til Åbøbyen, i friområdet mot Storelva, er det under oppføring hybelhus for skuleungdom.

Ei rekke påbygg, skifte av glas, dører, fargar, materialar og bygging av garasjar endrar over tid karakteren til området. Parabolantener og varmepumper forstyrrar fasadane. Utpllassering av trafoar, postkassestativ og søppeldunkar forsøplar omgjevnadane. Det som før var lindeallear med grusa fortau og vegbane, er i dag som grøne tunnelar med tilgrodde fortau. Fleire stader er husa ringa inn av høge hekkar, noen har satsa på thuja, ein framand vekst som ikkje hører heime i Åbøbyen.

⁹⁵ Sauda kommune: *Åbøbyen – verneplan*, ikraftsett 26.09.1983

⁹⁶ Holmboe, Grete: *Åbøbyen før, under og etter verneplanen*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

Det er Grete Holmboe, som var engasjert som rådgjevar av bruks- og verneplanutvalet, som oppsummerer eit ikkje heilt lukkeleg resultat, men ho er ikkje einsidig pessimistisk: «Samtidig med forfallet i Åbøbyen ser me at interessa er i ferd med å vakne for det spesielle bumiljøet. Det kjem kjøparar utanfrå som sett i stand husa sine, og der er utflytta Saudabuar som kjem heimatt og kjøper seg hus i fabrikkbyen. Her er eksempel på gode rehabiliteringsprosjekt, og her blir gjort mykje bra bygningsvern. Her går Sauda kommune føre og har rehabilitert Fløgstad skule på ein veldig bra måte». ⁹⁷

Mellom dei som har kjøpt hus i Åbøbyen er Leiv Haga i firmaet Møllergata 71 AS. Han har m.a. kjøpt dei fire store firefamiliehusa i Odinsveien. For istandsettinga av desse fekk han i 2011 verneprisen til Fortidsminneforeningen i Rogaland.

Etter 36 år med vernearbeid er altså resultatet nokså blanda. Eit besøk i Åbøbyen i dag vil avdekke både forfall og forsøpling, men også framståande døme på vern og vedlikehald. Ei lukkeleg utvikling vidare krev gode holdningar og ein konsekvent praksis både hos Sauda kommune og huseigarane, og kanskje ein stramare reguleringsplan. Åbøbyen bør vera eit av dei aller høgast prioriterte objekta i eit kulturminnevern i Sauda.



Husrekka i Odinsveien fekk verneprisen til Fortidsminneforeningen i Rogaland for 2011 etter godt vernevedlikehald.

⁹⁷ Do.

Sentrum

Sentrum i Sauda, frå gammalt Øyra eller Øyrå, nå meir By'n, har ikkje samla like stort verneengasjement som Åbøbyen, men det har heller ikkje gått aldeles under radaren. I 1997 blei det utarbeidd ei stadianalyse som peika på kvalitetane i sentrum. To år etter, i 1999, tok Sauda sogelag mål av seg til å styrke kunnskapen om det historiske grunnlaget for forvalting av sentrum gjennom eit temahefte i årsskriftserien sin. Temaheftet blei følgt opp med fleire djupdykk i sentrumshistoria. I ein reguleringsplan frå 2000 er det tatt inn føresegner som skulle sikre eit visst vern av eksisterande bygningar og ein tilpassingsarkitektur for det som eventuelt måtte komma til. I ei kulturhistorisk vurdering av sentrum som Norconsult utførte for Sauda kommune i 2017 er omtale og kartlegging av dei kulturhistoriske verdiane ei hovudsak.

Riksantikvaren har tatt Sauda sentrum, tilliks med Åbøbyen, med i sitt oversyn over bymiljø av nasjonal interesse. I kommentarane til plangrunnlaget for kommuneplanen 2018-2030 har både Rogaland fylkeskommune og Fortidsminneforeningen lagt særleg vekt på kulturminneinteressene i sentrum.



Rådhusgata 27 og 29 kan stå som døme på dei opphavlege kvalitetane med bygningsmiljøet på Øyra. Bygningane har trekk av jugendstil og nyklassisisme. Mye av detaljeringa på nr. 27 er framleis i behald. Nr. 29, nærmast, brann i 2016, og reiser utfordringane med tilpassing av nybygg til den gamle arkitekturen. Bildet er lagt ut på «Gamle Sauda» av Nils Olav Eidhammer.

«To convert a typical farming community into an industrial town is not expected done overnight, but the central part began to assume the appearance of a business section surprisingly soon», skriv A. S. Danielsen i sitt historiske oversyn over framveksten av Sauda som industristad.⁹⁸ Det var noen butikkar frå før. Desse blei raskt utvida og moderniserte da eigarane såg at marknaden vokste. Nye forretningar kom til, og staden blei verkeleg konstituert som ein moderne stad da det nye rådhuset var ferdig i 1940.

Frå bygdeby til industristad

Fram til slutten av 1700-talet måtte Saudabuen til Sand eller Jelsa eller enda lenger når dei skulle på handel. Men så kom det i gang handel og gjestgjevarverksemder i Saudasjøen, og det var her det første bygdesenteret utvikla seg. Det ser ut som det var «Lov om Udvidelse af Handelsfriheden paa Landet» frå 1860 som fekk fart i handelsnæringa i Sauda. Ut på 1860-talet er det fleire som kalla seg handelsmenn i Sauda, og nå er det Fløgstadøyrå og Vangsnæs som seglar opp som handelssentrum i bygda. Flytting av kyrkja var og med på å konstituere det nye senteret. Tyngdepunktet i bygda tok til å flytta seg.⁹⁹

I 1916 var det behov for ein reguleringsplan for Øyrå, men det viste seg at det første forsøket ikkje var særleg tenleg. Ny reguleringsplan blei utarbeidd i 1928, og denne kom i større grad til å legge premissane for den vidare utvikling av sentrumsområdet. «Den vesle spiren til ein bygdeby som fanst på Øyrå i siste helvta av 1800-talet, fann god grobotn i anleggstida og vokste ut i full blomst i dei nærmaste tiåra etter at omnane på fabrikken var komne i drift», skriv Arnvid Lillehammer i bygdesoga.¹⁰⁰ Lillehammer peikar på at behovet for eit eige namn på bygdebyen var oppe til drøfting i 1925, men det blei ikkje noe resultat av drøftinga, og folk har brukt både Øyrå, «på byen» og «i sentrum».

Utover på 30-talet kom det fast dekke på noen av gatene, og gateleys somme stader. Det blei sett ned nemnder for å setta namn på gatene. I sentrumsnære område vokste det fram nye bustadfelt på Sønnå og Engja, og på Fløgstad, i Kalhagen, på Neset og på Saunes. Det var fleire titals hus som blei sette opp på Øyrå og ikringliggende område på slutten av 1920- og utetter på 1930-talet. Vinteren 1931 blei det rekna opp seksti kjøpmenn og forretningsdrivande i Sauda, langt dei fleste på Øyrå. Og det var bustadar, hotell, spesialforretningar, skomakarar, bakeri, bokhandel, kino, post og telegraf.

Ikkje minst var det kafear. Torgeir Vetti har skrive ein artikkel i årsskriftet til sogelaget der han gjer greie for ikkje mindre enn 20 kafear, pluss «andre pensjonat og kafear».¹⁰¹ Tone Årtun følgjer opp i same årsskriftet med omtale av fire kafear i Hellandsbygd og på Minnehaugen.¹⁰² Ingen av dei reflekterer over kva som kunne vera grunnlaget for det store kafetilbodet, men Arnvid Lillehammer peikar på at det var mange einslege mellom dei nye arbeidarane, dessutan var det mange arbeidsledige i mellomkrigstida. Kafeane var ein

⁹⁸ Danielsen, A. S.: *Electric Furnace Products Company, Limited*, Sauda 1954

⁹⁹ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991

¹⁰⁰ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda IV*, Sauda 2002

¹⁰¹ Vetti, Torgeir: *Kafear i Sauda*, i årsskrift for Sauda sogelag 2005

¹⁰² Årtun, Tone: *Kafear i Hellandsbygd og på Minnehaugen*, i årsskrift for Sauda sogelag 2005

møtestad for desse, og eit næringsgrunnlag for andre, sjølv om ein vel kan tenkje seg at næringsgrunnlaget kunne bli noe magert om ein satsa på dei arbeidsledige.



Tidleg bilde frå nedre delen av Rådhusgata. Grand Hotell til venstre, bakeriet til Kornelius Andersen ovanfor. Lagt ut på "Gamle Sauda" av Kirsti Bokn.

Det var Ytrabygdå, Saudasjøen, som hadde hotella. Det var der turistane flokka seg. Da industrien kom med nye behov for å leige seg rom, var det frå først berre rom i privathus som var å få. Men i 1915 kom Sandbuen Christian Bakke til Sauda med god kunnskap om drift av hotell. Han kjøpte materialane etter Sellands hotell på Nesflaten, som alleire hadde vore flytta ein gong, fekk dei frakta til Sauda, og var ferdig til å kunne invitere gjester sommaren 1916. Nesten samtidig kjøpte Albert Jensen det tidlegare sanatoriet i Saudasjøen og sette det opp att

som Saude Hotell litt lenger opp i Rådhusgata. Dette blei seinare Sauda Hospits. Bakke bygde enda eit hotell i Brugata, Christian Bakkes Hotel. Dette blei i 1921 seld til Samorganisasjonen, og blei det første Folkets Hus i Sauda. Det yngste av hotella på Øyra er Kløver Hotel som blei bygt i 1980 på tomta etter meieriet som brann i 1977.¹⁰³

Vi ser at det på ganske stutt tid vokst fram ein stor bygningsmasse på Øyra, og som etter kvart dekka alle dei funksjonane som det var behov for i ein aktiv og vital industristad. Mange av bygga står ennå i dag, men berre eit lite fåtal er registrerte i oversyn over verneverdigare bygningar da dei aller fleste er bygde etter 1900. For Sauda er dei likevel sjølv historie, og det er, som vi viste ovanfor, eit veksande medvit om at bygningsarven er ei viktig kjelde til kunnskap om og oppleving av industristaden Sauda.

Rådhuset

Den raske utviklinga første også med seg stadig fleire og større oppgåver som måtte løysast av fellesskapet, og som førte til ein veksande kommuneadministrasjon. Ei stund greidde ein seg med leige av ulike husverke kring om på Øyra, men behovet for eit samlande kommunehus eller rådhus blei etter kvart prekært. Det første initiativet til å få bygd eit kommunehus blei takk våren 1928. På nyåret 1930 blei arkitekt Gustav Helland engasjert til utarbeide planar for huset. Desse var ferdige om hausten same året, og etter vidare arbeid med planane blei teikningane godkjente av heradsstyret hausten 1931. Men det blei kluss med gjennomføringa, så det var først i august 1939 huset blei tatt i bruk. Høgtideleg innviing var i januar 1940.¹⁰⁴

Gustav Helland var alt ein kjent mann i Sauda. Han hadde teikna mange av husa i Åbøybyen, Sauda sjukehus, Sauda klubb og Nye folkets hus. Han var ein av dei leiande arkitektane i Stavanger i mellomkrigstida. Vi har tidlegare vist at han var påvirkta av jugendstilen, men rundt 1920 gikk han over til eit meir nyklassistisk formspråk. Dette finn vi fleire døme på i Åbøybyen. Utover 1930-åra vart det han teikna prega av ideane frå funksjonalismen, «ein kubisk, nøktern og usmykka arkitektur», skriv Karen Sofie Tangstad om han.¹⁰⁵

Rådhuset har klare trekk frå funksjonalismen. Det har ein bygningskropp sett saman av ulike firkanta former med flatt tak og slette veggflater. Midtpartiet rommar inngangspartiet, og er markert med inntrekt fasade og høgt takoppbygg. Glasa er plasserte i flukt med resten av veggjen, slik at dei saman med veggen dannar ei glatt, drein fasade. Opphavleg var glasa delte i to med ei horisontal sprosse litt nedanfor midten av glaset.

Tangstad skriv begeistra om den monumentale soliditeten som rådhuset signaliserer. Også den store plassen framfor Rådhuset ligg der som den alltid har gjort, og er med på å understreke den viktige posisjonen Rådhuset og heile området har, samtidig som det gir området ein sentral og bymessig karakter. «Bygget gjev Sauda identitet», skriv Tangstad. «Det er typisk for si tid, og det vitnar om ein tidsepoke – eit Sauda i vekst, i endring. Det sette preg på heile Øyrå og signaliserte at ‘vi vil noko – vi har tru på framtida – her satstar vi!’»¹⁰⁶

¹⁰³ Vetti, Torgeir: *Hotelldrift på Øyra*, i årsskrift for Sauda sogelag 2007

¹⁰⁴ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda IV*, Sauda 2002

¹⁰⁵ Tangstad, Karen Sofie: *Sauda rådhus*, årsskrift for Sauda sogelag 2007

¹⁰⁶ Do.



Rådhuset, med sine arkitektoniske kvalitetar, og plassen framfor, er med på å gi Øyra karakter av bysentrum.

Folkets hus

Det andre monumentalbygget på Øyra er Folkets hus. Vi har alt sett at Samorganisasjonen hadde overtatt Bakkes Hotel i Brugata som forsamlingshus i 1921. Men det tente ikkje formålet godt, og Gustav Helland blei engasjert til å utarbeide planar for utviding av huset, utan at det vart noe av. Så stilte EFP eit tomt til rådvelde på det som blei kalla «Parkbakken», og bedrifta tilbaud seg dess meir å stille teikningar av Gustav Helland gratis til disposisjon. Helland hadde stor tillit hos EFP, og han hadde fem år tidlegare teikna Folkets Hus i Stavanger med eit utgangspunkt som var nokså likt det i Sauda: Det var ein bymessig kontekst i ein kvartalsstruktur av bygningar og gater, med to fasadar ut mot kvar si gate.¹⁰⁷


Det blei likevel skilnadar på Folkets Hus i Stavanger og i Sauda. Medan Folkets Hus i Stavanger er eit typisk nyklassisistisk bygg, peikar huset i Sauda framover mot funksjonalismen. Det er eit hus med strame linjer og enkel dekor. Inne i huset gir val av materialar, utforming av detaljar, dimensjonering og innføring av dagslys vitnemål om kvalitet. Storsalen er gjennomført symmetrisk og dei store veggflatene på sidene dekorert med måleri.

¹⁰⁷ Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Arkitekten Gustav Helland – nyklassisisten bak Folkets Hus, «arbeidernes tempel»*, i årsskrift for Sauda sogelag 2014

Nye Folkets Hus har i årevis vore eit problembarn med uviss framtid, men i skrivande stund er huset under rehabilitering, den gamle delen blir nennsamt restaurert, og i 2018 vil huset bli nyopna som storstova til Sauda-samfunnet.

Etter kvart som Folkets Hus andre stader i landet er blitt borte, ombygd eller på andre måtar redusert i verdi, har merksemda om Folkets Hus i Sauda auka. Ein er blitt merksam på at huset er eit unikt og godt døme på denne type bygningar, og det har endra karakter frå å vera eit lokalt problembygg til å bli eit nasjonalt ikon, særleg markert i fjernsynsforedraget til Frank Årebrot der han kallar Folkets Hus i Sauda Arbeiderbevegelsens stavkirke, og der han samanliknar den måla frisa på veggene med den innvendige dekoren i stavkyrkjene.¹⁰⁸

«Folkets Hus som symbol på industrireising og oppbygginga av det moderne Norge er viktig å ta vare på», skriv Kirsten Hellerdal Fosstveit. «Folkets Hus står slik i ein større kontekst».¹⁰⁹



Storsalen i Folkets hus er rikt dekorert med store veggmåleri. Foto: Per Inge Fjellheim.

¹⁰⁸ Årebrot, Frank: *200 år på 200 minutter*, <https://tv.nrk.no/program/dvfj62001014/200-aar-paa-200-minutter>, NRK 28.02.2014

¹⁰⁹ Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Arkitekten Gustav Helland – nyklassisten bak Folkets Hus, «arbeidernes tempel»*, i årsskrift for Sauda sogelag 2014

Andre sentrumsnære bygningar

Medan Åbøbyen er det mest iaugefallande bustadområdet, og Øyra, eller sentrum, er det sterkeste vitnemålet om eit samfunn i endring og vekst, er det andre område som også blei sterkt prega av behova for bustadar.

På Kongshaug, på brotet ned mot Søndenåhavn, hadde direktøren for sinkgruvene sett opp ein staseleg villa i 1888. I same området ført Saudefaldene opp ein enda meir staseleg bustad for direktør Sigurd Kloumann, men bygningen blei riven alt i 1939 «da man fant at den blei for stor og kostbar å holde vedlike».¹¹⁰ På folkemunne heiter det seg at bygningen blei riven fordi direktøren i Saudefaldene ikkje kunne ha finare bustad enn direktøren på smelteverket. Lengst nord på området ligg den tredje av dei store villaene, ein bygning Saudefaldene reiste for framståande funksjonærar.



Eit av dei flottaste husa som noen gong er reist i Sauda var truleg bustaden til direktøren på Saudefaldene, Kloumannvillaen, her fotografert nokså snart etter han var bygd, i februar 1916. Han var mest enda meir staseleg innvendig. Det finst fotografi av interiøret og Portmarbustad på eine sida av porten, stall på andre sida. Av underlege grunnar blei villaen riven berre 23 år seinare. Villaen låg der Egne Hjem nr. 9 og 11 står nå.

Heile dette området blei etter andre verdskrig kjøpt opp av EFP for realisering av ideen om «Egne Hjem». Saka hadde vore oppe til drøfting før krigen, men først i 1949 kunne dei første sjølvbyggane setta i gang. Ordninga gikk ut på at bedrifta gikk inn med lånestøtte til dei som ville bygge. Det var rente- og avdragsfrie lån på 10 000 kroner, som sidan blei sletta. Elles var

¹¹⁰ Sandvik, Arvid: Aktieselskabet Saudefaldene 1913-1963, Stavanger 1963

det å låna resten i annan bank. Husbyggjarane fekk og praktisk hjelp med lån av maskiner, framkøyring av materialar og gratis forskalingsmaterial.¹¹¹

Det var fleire område som blei lagt ut som tomter for sjølvbyggjarar. Under omtalen av Saudasjøen lenger framme viste vi at det blei lagt ut tomter på Saua gard, i Sauda var det tomter på Søndenåhaugen, Litlamo og Engja og dessutan i Hellandsbygd. Den største bustadbygginga kom på brotet sør for Engja, der direktør bustadane låg. Danielsen opplyser at det innan utgangen av 1953 var bygt 22 hus med til saman 41 husver. Det var eit krav om at det måtte vera to husvere i kvart hus. I «Støpeskjeen» frå august 1967 blir det opplyst at det til da er «bygget 530 egne hjem».¹¹²

Alf Meldahl var ein av dei som slo til på tilbodet om støtte til sjølveigarbustad. Han hadde vakse opp ved Birkelandsvegen, men hadde vore ute i verda, og kom heim i 1952. Meldahl fekk seg etter kvart tomt, men sjølv godt ut på 1950-talet var det knapt med byggematerialar som følgje av den store gjenreisinga etter krigen, og han måtte bygge om vinteren for ikkje å konkurrere for mye om arbeidskrafta. Sjølv med gunstige lån og tilskott, la alle sjølvbyggjarane opp til stor eigeninnsats. Men det var eit godt miljø mellom sjølvbyggjarane, og stor vilje til dugnadsinnsats når t.d. grunnmuren skulle støypast. Huset var ferdig i 1957 og Meldahl bur i huset ennå.



Egne Hjem 33, huset som Alf Meldahl bygde i 1957.

¹¹¹ Drange, Ernst Berge: «Mænd som ved hvad solidaritet er» - Sauda Fabrikkarbeiderforening 75-årsberetning, Sauda 1999

¹¹² Støpeskjeen, intern informasjonsavis for smelteverket, nr. 7, 1967

Det var utarbeidd typeteikningar for Egne Hjem. Det kunne nok vera rom for individuelle tilpassingar, men konseptet gjorde at dette er bustadområde som fekk eit heilskapleg preg, og som har det ennå. Egne Hjem har både i form og kulturhistorisk innhald ein verdi for forståinga av framveksten av Sauda-samfunnet som gjer at ein bør prøve å ta vare på karakteren til husa og områda. Mellom dei som bur i desse områda blir det gitt uttrykk for at nybygg og endringar kan føre til ein reduksjon i verdien av bustadmiljøet.

På Søndenåhaugen, nærmare fabrikken, førte Saudefaldene opp ei rekke bustader i 1927, og noen litt seinare.



Egne Hjem blei bygt ut i perioden frå 1949 og utetter -50-talet. Området framstår i dag som eit homogent og heilstøypt bygningsmiljø som ber på ein viktig del av historia til industriksamfunnet.

Mellan Øyra og smelteverkstomta, ligg Tangen, eit landtunge som stikk ut i sjøen mellom utlaupet av dei to elvene. Her hadde gardane på Søndenå, Birkeland og Lofthus naustplassar. Dette er eit interessant område der det ennå står naust, men som også fungerer som friområde. Det er rydda fin gangveg ned til området langs det nye Coop-bygget, men området i seg sjølv har ikkje fått same merksemd om «Anderdammane», friområdet sør for Åbøbyen.

Sauda sogelag har også gjort oss merksame på kyrkjegardsmuren som har verdi i seg sjølv, og den gamle lensamnssteinen som er lagt inn i muren på austsida, mot Rådhusgata. Sogelaget seier seg lei for at bjørkealleen mot Fløgstadvegen blei hogd ned, da han både hadde ei lang historie, og bidrog til rom og ro på kyrkjegarden.

Verdigjering av sentrum

Utviklinga i sentrum ser lenge ut til å ha gått upåakta hen. Det hadde vore arkitekturvernår i 1975, utan at Sauda kom med i det nasjonale medvitet. Men så tok Saudabuen saka i eigne hender. Eit privat initiativ oppstod, truleg i 1997, der «Prosjektgruppa for opprusting av sentrum» ga arkitektkontoret ARCHUS arkitektar as i oppdrag å utføre ei stadanalyse for Sauda sentrum. Formålet var å legge grunnen for ei opprusting av sentrumsgatene. Ein reiskap i dette arbeidet var behovet for ei betre forståing av staden og den identiteten som var knytt til bygningsmiljøet.

For å finne ut av dette går arkitektkontoret tilbake til eit situasjonskart for Øyra frå 1916, og følgjer utviklinga framover gjennom nye kart frå 1926, 1957 og 1996. Etter dette konkluderer arkitektane med at sentrumsbusetnaden har ein bymessig og heilskapleg karakter.

Gesimshøgder, plassering og bygningsvolum er innafor same målestokk, og at Rådhusgata og Skulegata utgjer viktige historiske strekk i byen. Nedre delen av Rådhusgata blir peika ut som eit gatemiljø frå den tidlege historia til staden. Arkitektane meiner ein må bygge vidare på den heilskapen som byen utgjer, og at nybygg må føye seg inn i den omkringliggende gatestrukturen, og at volum og materialval ikkje må bryte med omgjevnadane. Her kjem og ei klar oppfordring til vern: «Ved ombygginger og tilbygg må bygningens opprinnelige preg respekteres». For å understreke kvalitetane ved sentrum trekker analysen fram «bymessige kvaliteter» og viktige detaljar i gateløp og bygningar.¹¹³

SEFRAK PÅ ØYRA

Vi har tidlegare sett at Sauda kommune sette i gang med SEFRAK-registreringar i 1990. Ein av dei store manglane ved dette registreringsprosjektet var at det berre skulle omfatte bygningar frå før 1900. Dermed fall det meste av industristaden utanom. Øyra var likevel ikkje eit heilt jomfrueleg område før industrien kom, slik at det er ein del bygningar som kom med i SEFRAK-registeret.

Dei fleste av dei registrerte bygningane ligg i Rådhusgata. Grand Hotel er med, og så nesten alle bygningane på begge sider av gata frå nr. 7, «Ivarshuset», og opp til og med nr. 29, «Bakeriet», som brann ned i 2016. Det har og kome med eit par hus øvst i Rådhusgata, m.a. nr. 46, «Fivelands pensjonat».

I Skulegata er «Lundvang» på hjørnet mot Brugata med, og i Brugata nabohuset til «Lundvang» og tre hus på nordsida av gata: Nr. 7 «Birkelund» og dei to bedehusa «Betel» og «Fredheim». Derimot er ikkje Brugata 2, Gamle Folkets Hus med, enda så interessant historie det har, men så blei det da heller ikkje flytta til Øyra før i 1919.

Noen få, spreidde hus andre stader er også registrerte, m.a. lensmannskontoret på «Havnebakken», som i registreringa blir nemnt folgehus, men ikkje hovudbygningen på lensmannsgarden, enda det er opplyst i oppslag på staden at huset skal vera bygt i 1895¹¹⁴. Staden blei ein sentral møtestad i handelen med vassrettane i 1907.

¹¹³ Kiran, Ketil og Sølvsberg, Per: *Stedsanalyse Sauda sentrum*, ARCHUS arkitekter as 1997

¹¹⁴ Lensmannsgarden – Havnebakken, oppslag på staden, u.å.

SEFRAK-registreringane gir eit oversyn over den eldste delen av bygningsmiljøet på Øyra, og støttar på den måten aldersverdien til staden, men er elles ufullstendig i forhold til historia om framveksten av industristaden.



"Lundvang" på hjørnet mot Brugata er eit av dei få husa i Skolegata som er registrert i SEFRAK.

VERNETANKEN BLIR MATERIALISERT

Dei første tiltaka for vern av bygningsmiljøet på Øyra ser ut til å ha kome i ein reguleringsplan som blei vedtatt i 2000, men som truleg bygger på ein eldre reguleringsplan frå 1991. Her er det i føresegne tatt inn generelle føresegner om at «...bebyggelsen skal tilpasses bebyggelsen i strøket forøvrig m.h.t. takform, materialbruk og farge». Det er vidare føresegner om materialval, skilting og parabolatenner. I den nedre delen av Rådhusgata blir eit område regulering til spesialområde for bevaring. Her er det strengare føresegner om forvalting av bygningane. Føresegne har gitt grunnlag for eit engasjement frå Rogaland fylkeskommune i saker som krev byggeløyve.¹¹⁵

I mellomtida hadde Sauda sogelag sett i gang med eit arbeid for å løfte fram kunnskap om Øyra. Resultatet blei publisert i boka «Tre gater på Øyra», som handlar om det dei kalla det «gyldne triangel», området mellom Rådhusgata, Brugata og Skolegata med tilhørande eigedomar. Sogelaget nøydde seg ikkje berre med det arkivmaterialet som måtte vera å finna, men gjorde ein stor innsats for å hente inn munnleg kunnskap om bygningane, og lukkast på den måten med å ta vare på eit verdfullt materiale som elles kunne ha gått tapt.¹¹⁶

¹¹⁵ Sauda kommune: *Reguleringsplan Sauda sentrum*, vedtatt 15.06.2000

¹¹⁶ Vetti, Torgeir og Viland, Lars: *Tre gater på Øyra*, årsskrift for Sauda sogelag 1999



Sogelaget fortel oss historia om husa i Skulegata som blei ført opp på 1930-talet og som bør ha ein like sjølvsgart plass i kulturminnevernet som dei eldre bygningane.

Boka til sogelaget underbygger verdien til husa i Rådhusgata ved at vi får vita mye meir om historia deira, men boka synleggjer også verdiane til bygningsmiljøet i Brugata, som på grunn av ombyggingar og stor trafikk framstår som mindre attraktiv enn dei to hine. Skulegata har ei rekke hus på sørsida av gata, som har ei historie frå 1930-talet, og fram til det flotte forretnings- og bustadhuset «Lundvang» på hjørnet mot Brugata, som blei oppført i 1916.

KULTURMINNEVERDIANE SOM FØRANDE PREMISS

Ei vakkande interesse for kvalitetane ved sentrumsmiljøet, og større kunnskap om bygningane, låg truleg til grunn for at Sauda kommune i 2016-2017 fekk utarbeidd ei kulturhistorisk vurdering av Sauda sentrum.¹¹⁷

Konsulentane slår fast at bygningsmassen på Øyra har stor verdi som del av eit kulturhistorisk miljø. Dei skriv vidare at «På Øyra er det stedvis stor integritet i bygningsmiljøet, der både bygg, gateløp og hager er viktige elementer som sammen forteller om stedets opprinnelse og utvikling, samt hvilke kvaliteter, aktiviteter og tradisjoner man har hatt på stedet. Sporene fra de ulike historiske periodene er fysisk leselig i Saudas byplan og enkeltytgninger». Altså ei sterkt understrekning av kvalitetar med historisk forankring.

¹¹⁷ Norconsult: Kulturhistorisk vurdering av Sauda sentrum (Øyra), Sauda kommune 2017

Men alt er ikkje berre fryd og gaman. Til liks med stadianalysen frå 1997, finn også Norconsult å måtte peike på at det er gjort store endringar på ein del bygg, og at autentisiteten for ein del bygg er svekka.

I sine tilrådingar peikar Norconsult på at kulturminne har særleg verdi som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping. For å sikre desse verdiane meiner konsultentselskapet at det må oppretta omsynssoner med konkrete føresegner for tilpassing, vidareføring av eksisterande stil og særpreg, materialbruk og detaljering, gjenbruk av bygningsdelar eller tilbakeføring til opphavleg stil.

Store delar av sentrum i Sauda blei bygt ut i eit stutt tidsrom mellom dei to verdskrigane. Dette førte til eit heilskapleg bygningsmiljø med innslag av viktige monumentalbygg som i stor grad har autentisiteten i behald. Sauda sentrum har nasjonal verdi som industristad.

INDUSTRISTADSENTRUM AV NASJONAL VERDI


I uttalen til planprogrammet for Kommuneplan 2018-2030 har Rogaland fylkeskommune utarbeidd eit utfyllande dokument med faglege råd. Her gir fylkeskommunen uttrykk for bekymring over at nødvendig fortetting kan komma i konflikt med særpreg, kulturhistoriske element og landskapstrekk. Fylkeskommunen understreker at kommunen har ansvar for å identifisere, verdsette og forvalte den unike kulturarven, og at det må ligge klare premiss for korleis ein kan fortette utan å redusere stadidentiteten og opplevinga av Sauda sentrum som kulturmiljø. Fylkeskommunen slår fast at Sauda sentrum, i tillegg til Åbøbyen, er eit av dei viktigaste samanhengane kulturmiljøa i kommunen.¹¹⁸

Fortidsminneforeningen følgjer opp dette i si uttale til planprogrammet, og viser i tillegg, gjennom illustrasjonar, kva viktige prinsipp knytt til fasadelivet, gesimslinja og opning mot det offentlege rom som må følgjast.¹¹⁹


¹¹⁸ Rogaland fylkeskommune: *Uttale til planprogram Kommuneplan for Sauda 2018-2030*, Stavanger 30.08.2017

¹¹⁹ Fortidsminneforeningen, Ryfylke lokallag: *Høyring – forslag til planprogram kommuneplan for Sauda 2018-2030*, Sauda 21.07.2017

Prinsipp 1: Fasadelivet - ei kontinuerleg linje



Prinsipp 2: Opna seg mot gata, halvoffentleg sone





Vi ser altså at ei rekke aktørar peikar på verdiar ved bygningsmiljøet på Øyra, og knyter desse verdiane til den historiske konteksten det er ein del av. I tillegg til dei kunnskapsverdiane bygningane er berarar av, blir det også peika på dei opplevingsverdiane som er knytt til enkeltbygningar, detaljering, og bygningsmiljøet som heilskap. Det er klare åtvaringar mot at autentisiteten er under press, men ein gjennomgang av bygningsmiljøet viser og at mange kvalitetar er i behald, at det er utført vedlikehaldsarbeid og rehabiliteringar med stor forståing for dei arkitektoniske verdiane, og at det i andre tilfelle kan vera nokså enkelt å tilbakeføre bygningane til deira opphavlege utsjånad.

Det er verd å merke seg at summen av enkeltbygg som viser framveksten av Sauda som moderne industristad, saman med eit par bygg av høg nasjonal verdi, har gjort at Sauda er peika ut som eit bygningsmiljø av sterkt nasjonal interesse.

ANDRE KULTURMINNE

Rammene kring utarbeidingsa av denne første utgåva av ein kulturminneplan for Sauda gir ikkje rom for ein utførleg omtale av alle mulege kulturminne. Både er grunnlagsmaterialet for svakt og tida for stutt til at det kan la seg gjera. Det er dessutan gitt klare føringar for kva tema som bør få mest merksemd. Det er likevel noen grupper av kulturminne som bør nemnast i tillegg til dei som er omtala ovanfor, sjølv om vi manglar systematiske registreringar og tilfredsstillande kjeldeinformasjon.

Det religiøse livet

Det eldste kulturminnet i Sauda, utanom fornminna, er mellomalderkyrkjegarden i Saudasjøen. Denne, og gamlekyrkja på Kyrkjehaugen, har vi omtala i innleiinga til dette dokumentet.



Kyrkjestaden blei flytta frå Saudasjøen til Øyra i 1866, her var det ført opp ny kyrkje etter typeteikningane til Linstow. Bildet blei tatt av Wilse i 1913. Spiret kom i 1921.

Den nye kyrkja i Indrabygda blei tatt i bruk 26. september 1866, tre dagar etter siste preikesøndagen i gamlekyrkja. Det er ei tømra langkyrkje, reist etter typeteikningar utarbeidd av Hans Ditlev Franciscus von Linstow. Da kyrkja var ny var ho utan spir og med eit enkelt inventar. Spiret kom i 1921 og utbygga ved inngangen kom seinare enn det att. Linstow var slottsarkitekten som fekk stor innverknad på utforminga av hovudstaden. Mønsterteikningane for kyrkjebygg blei svært populære, og mange kyrkjer er oppført etter hans teikningar.

Kyrkjene var sjølvsagt dei sentrale bygningane i kristenlivet i Sauda, men her finst og andre minne etter det religiøse livet. Særleg har kvekarane sett spor etter seg. Det var på 1840-talet kvekarrørsla slo rot i Sauda. Skyldskap og eit tett gards- og bygdemiljø gir noe av bakgrunnen for det første vesle kvekarmiljøet, trur Arnvid Lillehammer.¹²⁰ Etter kvart vokste flokken, og blei mellom dei største i landet. Det blei trøngt om plassen der dei brukte samlast på Brekke, så med god hjelp frå veneer andre stader fekk dei reist seg eit hus på Solbrekk i 1856, og i 1858 fekk dei gjerdet inn eit lite jordstykke på garden til Bjedne Bjednesson Åbø som blei gjort til gravplass for kvekarane. Hovudbygningen på Solbrekk er rive og erstatta med ein nytt, men ein sidebygning står ennå att som Solbrekk 22. Gravplassen ligg der ennå, i parken inntil Kongsveien i Åbøbyen. Ifølge Martin Nag var han i bruk til 1935¹²¹.



Kvekarkyrkjegarden i Åbøbyen.

¹²⁰ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991

¹²¹ Nag, Martin: *Saga om Sauda-kvekerne*, i årsskrift for Sauda sogelag 1988

Nesten seks bedehus og tre frikyrkjer

Hans Nielsen Hauge var på farten i Ryfylke i 1801. Saudabuen Lars Brekke møtte han da, blei påvirkad av bodskapen, og kom til å legge grunnlaget for ei haugianarmiljø i Sauda frå tidleg på 1800-talet. Haugianarane var aktive gjennom heile 1800-talet, og det er sikre kjelder for at det var misjonsforeining i Sauda i 1842. På 1850-talet blei det etablert kvinneforeining i Saudasjøen, og litt seinare også i Indrabygda. Etter kvart som det blei fleire misjonsforeiningar og aktivitetane auka, vokst det også her fram til behov for eigne hus å halde møte i.¹²²

Ettersom det var lang og strevsam veg mellom dei to bygdesentra i Sauda, blei det sett opp to bedehus nesten samtidig. Bedehuset *Fredheim* på Øyra sto ferdig i 1904. Året etter var bedehuset *Saron* i Saudasjøen ferdig. Ikkje mindre enn 500 møtte fram til det første møtet i det nye bedehuset.



Betel, på hjørnet Brugata - Mogata, er det største og mest brukte bedehuset i Sauda.

Bedehuset på Øyra blei snart for lite. I 1918 sto det store, nye bedehuset *Betel* ferdig, nesten vegg i vegg med det gamle. Same året kjøpte krinsen det gamle skulehuset på Austarheim og

¹²² Årtun, Tone: *Litt om det religiøse livet i Sauda før 1970*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2012

bygde det om til bedehuset *Soar*. I 1929 kom det bedehus i *Hellandsbygd*. Dermed var det fem bedehus i Sauda, og det var planar for eit sjette. Det skulle ligge på Andersengja. Grunneigaren ga tomta Betania gratis til kristenfolket i Birkeland krins, men planane blei aldri realiserte.

Fem bedehus er ikkje så mange for ei bygd som Sauda, meiner Tone Årtun. Til samanlikning er det 21 bedehus i Suldal og 19 i Hjelmeland. Noe av forklaringa kan ligge i busettingsmønsteret, men forklaringa kan også vera knytt til frikyrkjene. Sauda har hatt tre religiøse rørsler attåt kvekarane: Frelsesarmeen, pinsemenigheten Salem og Metodistkyrkja.

Frelesesarmeen var på plass i Sauda alt i 1918-1919. Dei prøvde seg både på å leige seg husvere, og bygge hus sjølve, men hadde vanskar med å sleppe til. Etterkvart fekk dei leige forsamlingshuset til pinsevennen, og i 1935 kunne dei endeleg ta i bruk eige hus etter at dei hadde fått tomt av EFP like ved Nye Folkets Hus.

Pinserørsla hadde det heller ikkje så lett med å få tak i hus til aktivitetane sine. Tungetale og vaksendåp stengte dei ute frå bedehusa. Men i 1927 fekk dei kjøpt ei tomt i Espelandsvegen, og året etter sto forsamlingshuset *Salem* ferdig.

Metodistane var den siste frikyrkja som etablerte seg i Sauda. Dei hadde møte i bygda tidleg på 1950-talet, og fekk seg eiga kyrkje i 1958. Men arbeidet var ikkje liv laga, og kring 1990 kjøpte pinsevennen kyrkja.

Reisinga av bedehusa og forsamlingshusa avspeglar eit behov for religiøse møteplassar, men Sauda var ikkje ei bygd som blei prega av vekkingar slik som i mange andre bygder i Ryfylke, og aktivitetane i husa er ikkje like stor som ho var. I dag går det meste av bedehusaktivitetane føre seg i Betel, medan nabohuset Fredheim er selt. I Saudasjøen er det ein viss aktivitet for barn i Saron, men elles blir det meste av møteverksemada lagt til kapellet som blei bygt i 1973. Bedehuset i Hellandsbygd blir brukt som kapell, der det er eit par gudstenester i året. Pinsemenigheten Salem driv eit aktivt ungdomsarbeid. Frelesesarmeen har i dag ingen tilsette i Sauda, men har ein viss aktivitet. Metodistkyrkja er nedlagt.

Sjølv om aktivitetane er reduserte står husa der ennå og er tydelege minne om ein periode med sterkt religiøst engasjement. Særleg på Øyra vil det vera naturleg å innlemme dei aktuelle husa i området for kulturminnevern.

Vegstellet

Samferdslehistoria til Sauda er eit stort og interessant kapittel. Ikkje minst korleis ein løyste transportbehovet i anleggstida. Det er få tema som har hatt ein like sjølvsagt plass i lokalhistoria om Sauda. Her skal vi likevel innskrenke oss til ein visitt til dei delane av samferdslesoga som viser att, og da først og fremst vegane.

Det var fjorden som var viktigaste ferdelsåra i Sauda. På land fanst det frå gammal berre stiar. Somme av dei tilrettelagde med ein mur eller ei utfylling, noen viktigare og meir brukte enn andre. Det var råd å finne tråkk å gå etter til nabobygdene både mot vest, nord og aust, presten hadde veg frå Hylsfjorden over Nordskog og Lølandskaret, det var driftevegar frå

Skjold, Vats og Ølen, og vidare mot Slettedalen og Berdalens. Frå Indrebygda følgde dei bygdevegen om Fiveland.¹²³

Bygdevegen

Bygdevegen, også kalla kyrkjevegen, starta ved kyrkja i Saudasjøen, gikk gjennom Indrebygda og inn til Hellandsbygd. Truleg er dette eit gammalt vegfar, men offisielt ser det ut til at han blei tatt opp som bygdeveg i 1830-åra, og at han blei opparbeidd og halden ved like av bøndene i bygda. Det var nok ein heller primitiv køyreveg, fortel Arnvid Lillehammer, så ofte var det betre å ta seg fram til fots enn med hest og køyretøy.¹²⁴ På delar av strekningen er vegen framleis råd å følgje, men han er ikkje merka og delvis tilgrodd.

Etter at han blei ein meir offisiell veg, og det kommunale sjølvstyret var etablert, kom det krav om ymse utbetringar, ikkje minst utsprenging og betre tilrettelegging i vonde kleiver som i Herheimskleiva og Fivelandskaret. Men interessa for vegen var liten mellom dei som styrtet kommunen, og arbeidet med han gikk smått. Det kom dessutan opp andre vegkrav, mellom desse blei det bygt veg frå Saudasjøen til skulehuset i Svandalen.



Nes Bru i Saudasjøen, her fotografert i 1901, var ferdig i 1873, 13 år etter at den same byggmeistaren, Lars Henrik Qualheim hadde bygt Høllandsbrua Indrebygda. Foto: Rogaland vegkontor/Statsarkivet i Stavanger.

¹²³ Fatland, Lars Olav gjer meir utførleg greie for fjellvegane i *Ferdavegar i Sauda før bilvegane si tid*, i årsskrift for Sauda sogelag 2013

¹²⁴ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991

Av større interesse for vår tids kulturminnevern var fornying av bruene. Spørsmålet om fornying av brua over Høllandsfossen hadde vore diskutert alt frå 1830-talet, men åra gikk utan at det lukkast å få gjort noe med brua. Det var til slutt ein Etnebu som måtte til, Lars Henrik Qualheim frå Husa i Ølve. Han fekk tilslag på å bygge brua for 300 spd., og i 1860 sto den første steinbrua på bygdevegen i Sauda klar til bruk.

Så var det Nesbrua i Ytrebygda. Også den blei gjenstand for langvarige drøftingar før det kom til noen løysing. Etter å ha lukkast så godt med Høllandsbrua, dukka tanken opp i byrjinga av 1870-åra om også å bygge Nesbrua av stein. Det var Ola Risvoll som fekk tilslaget på å bygge brua, men han leigde den same Qualheim som hadde bygd Høllandsbrua til å gjera jobben. Brua var ferdig i 1873.

Hovudveg gjennom bygda

Bygdevegen i Sauda var ikkje knytt til vegnettet elles, og det skulle gå lang tid før bygda fekk vegutlysing. Lillehammer skriv om fleire forsøk utetter frå 1850-talet, mest konkret om at det i 1865 blei sett fram forslag om å få bygt veg anten frå Ølen om Vikedal gjennom Bjønndalen og Sauda til Røldal, eller, og det er eit vegkrav som har overlevd like til vår tid, veg gjennom Nordstøldalen til Etne.

Seinare kom det eit initiativ frå bøndene i Hellandsbygd om å få bygt veg frå dampskipsbrygga i Sauda til postvegen i Hardanger gjennom Slettedalen. Dette var eit vegkrav som fekk større tilslutning enn Nordstøldalsvegen, og i 1875 kom han med på ei liste over planlagde hovudvegar i Stavanger amt, men som vi veit, det blei aldri noen Slettedalsveg.

Det som derimot blei noe av var ny veg til Hellandsbygd. Etter langdryge vurderingar blei dette realisert ved at gruvevegen til Allmannajuvet blei overtatt og utbetra. Arbeida starta i 1890, og sommaren 1892 var han ferdig opp til vaskeriet. Her blei det bygt bru over elva, og i 1894 var heile vegen ferdig. Men han blei ikkje ført vidare til Hardanger, han enda i Hellandsbygd, og det var ikkje å koma ut i verda.

Framleis måtte dei lita på fjorden for å koma seg ut. Det store problemet var at fjorden fraus til om vinteren og gjorde ferdsla både vanskeleg og risikabel. Tanken om veg frå Saudasjøen til Storskjer ser ut til å ha kome opp i 1879 skriv Lillehammer. Det kan vera sjølvaste vegdirektøren som fremja planen da det er viktig så sjå at både Storskjersvegen og vegen til Hellandsbygd kunne sjåast på som to sider av same sak: som delar av ein storstilt plan om samband får Haugesund i vest og over fjellet til Austlandet. Opprusting av vegen mellom Saudasjøen og Øyra var ein del av denne planen.¹²⁵

Det tok lang tid før Storskjersvegen blei realisert. Det var etter kvart mange vegprosjekt som sökte om pengar, og det var vanskeleg å nå opp i prioriteringane. Grunneigarane sa seg villige til å avgje både fri grunn og materialar til å bygge vegen av, og i 1907 blei fekk vegkravet omsider tilslutning i Amtsformannskapet. Arbeida kom i gang i 1910, men det var eit vanskeleg arbeid, der det m.a. måtte brytast fleire tunnelar. Og i enden av vegen var det behov

¹²⁵ Do.

for ei kai. Han var ferdig i juni 1913, men det var ikkje berre godlæte over vegen. Mange tykte det var blitt ein därleg veg, men det var den vegen Sauda måtte greie seg med dei første anleggssåra.



Storskjervegen var eit krevjande vegprosjekt, og resultatet var ikkje tilfredsstillande som vegutløysing for Sauda verken på stutt eller lang sikt. Foto lagt ut av Ove L. Svendsen på "Gamle Sauda".

Delar av vegen gikk i den same traseen som riksveg seinare fekk, men vegen frå Haugleite og ned til kaien ved Storskjer, og dessutan vegen på utsida av dei nye tunnelane på riksvegen, er

frameleis intakte. I ein artikkel i årsskriftet til Sauda sogelag reiste Lars Viland alt for 20 år sidan spørsmålet om desse delane av vegen ikkje burde bevarast som eit vegminne.¹²⁶

Som ein kuriositet kan det vera interessant å peike på at Sauda også var på jernbanekartet desse åra. Haukelibana er inga ny oppfinning. Tanken om ein jernbane over Haukeli blei lansert alt i 1874. Sauda var med på alle dei ulike linjetraseane for Haukelibana. Dette var ei tid med stort engasjement for jernbaneutbygging, og Haukelibana måtte konkurrere om merksemda med ei rekke andre prosjekt. Det blei ingen jernbane, men til slutt, langt om lenge, heilårsveg over Haukeli, og det kan sjå ut til at hjarta til Saudabuen banka sterkare for veg enn jernbane.¹²⁷

Dollarvegen

Ein smal og bratt og vanskeleg veg til Hellandsbygd, og ein enda därlegare veg til Storskjer var ikkje godt nok da Sauda skulle bli industristad. Spørsmålet om å få bygt veg som kunne gi samband både vestover og austetter blei påtrengande. Desse to vegprosjekta vart noen av dei viktigaste sakene lokalpolitikarane i Sauda arbeidde med i mellomkrigstida.

Arbeidet på vegen mellom Ropeid og Storskjer starta som eit arbeidsløysetiltak i 1923. Planen var å ta utgangspunkt i hovudvegen langs Vindafjorden og gjennom Imsland. Ved nyttårstider 1927 var vegen planert fram til Åsjuvet, men så tok pengane slutt, og vona om vegutløysing såg ut til å kunne glippe enda ein gong.¹²⁸

Det hadde tidleg vore kontakt med EFP i håp om at bedrifta kunne bidra til realisering av vegen, men i første omgang lukkast det ikkje å få ut pengar til vegarbeidet. Så, i 1930, blei det større velvilje, men nå på vilkår av at det verkeleg blei fart i arbeidet. EFP sa seg villig til å forskottere 100.000 dollar til vegen dersom han kunne vera ferdig til midtsommars 1931. Overingeniør Riis hos Fylkesmannen var ein mann som kunne snu seg rundt, og snart var 170 mann i arbeid med vegen. 13. juni 1931 kunne vegen opnast, ein månad før planen. Det var stor glede, flagg og æresportal av bjørkegreiner i Saudasjøen. Om kvelden var det «kameratsleg samver» på turisthotellet, fortel Lillehammer.

Men vegen var ikkje heilt ferdig. Utover heile 30-talet var det arbeid med ferdiggjering og utbetring av vegen både utanfor og innanfor Storskjer, og slike arbeid har halde fram, m.a. med bygging av nye, lange tunnelar. Delar av den gamle vegen, som altså delvis er den gamle Storskjersvegen, er med dette blitt liggande ubrukt på utsida av den nye riksvegen, om ikkje ein og annan syklist vågar seg til å trække mellom steinar og tre som har rast ned på vegen. Kan hende er verneideen til Lars Viland like aktuell i dag som han var for 20 år sidan?

¹²⁶ Viland, Lars: *Storskjervegen – «En rædselsfuld veistubbe»*, i årsskrift for Sauda sogelag 1997

¹²⁷ Høibo, Roy: *Da Sauda var med på jernbanenettet*, i årsskrift for Sauda sogelag 1982

¹²⁸ Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III*, Sauda 1991



Gammal strekning av Dollarvegen nedom Hustveit. Innskrift i fjellveggen viser at denne delen av vegen blei bygt i 1924.

Røldalsvegen

Framleis var Slettedalsvegen det heitaste alternativet for vegutløysing mot aust. Og mot slutten av 1920-åra bygde Saudefaldene veg fram til Minnehaugen. Dersom den blei gjort breiare, var det kanskje muleg å gjera han om til offentleg veg. Men vegprosjektet fekk ikkje nødvendig tilslutning, og slett ikkje på andre sida av fjellet, der dei var opptatt av andre vegprosjekt. I 1943 var dessutan vegen langs Åkrafjorden fullført. Dermed hadde Saudabuen, om enn som ei tungvindt løysing, tilknyting til vegnettet austover. Og det var sjølvsagt muleg å reise om Sand og Suldal for å nå i Haukelivegen i Røldal.

Løysinga kom enda ein gong med hjelp frå EFP. Den sterke produksjonsveksten ved EFP dei første åra etter krigen førte til behov for auka krafttilgang. 1950-åra blei såleis ein omfattande utbyggingsperiode for Saudefaldene, med tilhørande transportbehov, først til Slettedalen og så til Svartevatn. Og da vegen først var bygt til Svartevatn, tok EFP også kostnaden med å bygge vegen vidare over til Oddavegen i Røldal.



Vegen til Hellandsbygd har kome over på nordsida av elva opp mot Elvekryss i Allmannajuvet. Legg merke til at teksten på bildet fortel oss at vi er i Hellandsdalen, som er det eigentlege namnet på dalen. Foto lagt ut av Jan-Georg Solland på "Gamle Sauda"

Dette var muleg fordi den lokale leiinga ved bedrifta hadde nokså frie tøyler. «Heri ligger at det neppe var vanskelig å finansiere eventuelle uproduktive prosjekter ved bedriften», skriv Oskar Waage-Pettersen i ein artikkel. Det kunne dessutan herske ei holdning om at «det gjaldt å holde mest mulig penger i Sauda». Vegen blei langt dyrare enn berekna, men ingen stilte

spørsmål ved pengebruken. «Kort sagt ble Union Carbide således regelrett lurt av bedriftsledelsen ved smelteverket i Sauda», skriv Waage-Pettersen.¹²⁹

I september 1959 kunne den første bilen kjøre til Røldal, og 30. juli 1960 blei vegen offisielt opna for trafikk og overlevert staten. Samferdselsminister Trygve Bratteli sto for den høgtidelege opning av vegen, og med stort arrangement ved Svartevatn. Den drivande krafta i arbeidet hadde vore administrerande direktør i Saudefaldene, Knut Vesthassel. Ved opninga av vegen blei det avduka ein minnestein med relief av Vesthassel ved Svartevatn.

Minnestøtta var finansiert med bidrag frå 1 000 Saudabuer og utforma av professor W. Rasmussen. Om kvelden var det fest i Sauda Klubb, der det blei kjent at H.M. Kongen hadde utnemnt Vesthassel til ridder av 1. klasse av St. Olavs ordenen for hans innsats for utviding av landets veinett.¹³⁰ Mellom talarane var Mr. Shanklin frå Union Carbide, som i andre samanhengar hadde vore kritisk til sjølvråderetten og pengebruken ved smelteverket.¹³¹

Nasjonal turistveg

Attraksjonen «Nasjonale turistveger» blir utvikla av ein turistvegseksjon hos Vegdirektøren. Arbeidet starta midt på 1990-talet med gjennomføring av «Reiselivsprosjektet» på kjente vegstrekningar som Sognefjellsvegen, Gamle Strynefjellsveg, Hardanger og Helgelandskysten.¹³²

I 2005 blir 18 vegstrekningar vald ut for å bli utvikla til Nasjonale turistveger, mellom desse Ryfylkevegen, frå Oanes i sør til Røldal i nord. På Lovraeidet i Suldal deler vegen seg, det eine alternativet derifrå følgjer veg 13 vidare gjennom Suldal og Bratlandsdalen, det andre følgjer veg 520 gjennom Sauda og over Røldalsfjellet. Grunnlaget for valet av vegstrekningar er at dei skal vera vakre og by på store opplevelingar for dei reisande. I omtalen av Ryfylkevegen heiter det at dette er ei reise i kontrastar. «Her møter du nakent høgfjell, grøne, frodige lier, stupbratte fjellsider og djupe fjordar. Saudafjellet har ein særeigen natur. Den er knudrete, rå og gjenstridig og du kan ta deg i å lure på kva i all verda fekk nokon til å leggje ein veg akkurat her.»¹³³

I tillegg til vegane og den tilliggande naturen, har Statens vegvesen investert i ulike installasjonar for å legge til rette for enda større opplevelingar for dei reisande. Ingen stader er det investert så mye som i Sauda. Det er arkitekt Peter Zumthor sine installasjonar i Allmannajuvet som har dratt av stad med dei største pengane, men også i Svandalsfossen er det lagt til rette for oppleveling av fossen og restane etter oppgangssaga. Men medan Allmannajuvet er tilrettelagt for stor kunnskapsformidling, er det ikkje eit einaste skilt ved Svandalsfossen som fortel kva publikum ser.

Gjennom prosjektet Nasjonale turistveger har Statens vegvesen løfta hovudvegen gjennom Sauda opp som ein veg av nasjonal interesse. Denne interessa er delvis knytt til dei historiske

¹²⁹ Waage-Pettersen, Oskar: *Røldalsveien – et 40-års jubileum*, i årsskrift for Sauda sogelag 2000

¹³⁰ Sandvik, Arvid: *Aktieselskabet Saudefraldene 1913-1963*, Stavanger 1963

¹³¹ Det er Kjartan Fløgstad som peikar på at samarbeidet mellom den lokale leiinga og hovudkontoret i New York ikkje berre var fryd og gaman, sjå Fløgstad, Kjartan: *Arbeidets lys*, Samlaget 1990

¹³² Nasjonale Turistsvegar: <http://www.nasjonaleturistveger.no/>

¹³³ Nasjonale Turistvegar: *Ryfylke – langs frodige fjordar og nakne fjell*, brosjyre, Statens vegvesen 2017

verdiane til vegen, slik som aldersverdien, og dei vegtekniske løysingane. Bevaring av desse elementa kan stå i motseiing til ønsket om utvikling av vegen til ei moderne ferdsselsåra. Statens vegvesen har stilt spørsmål ved interessa for Ryfylkevegen gjennom Forsand og Strand etter at det blei bygt lang tunnel langs Tysdalsvatnet og Ryfyast snart blir opna. Ein møter altså dei same problemstillingane som ved ønskja om bevaring av verksemder som er i full drift, slik som Eramet Sauda og Saudefaldene.

Vi manglar oppdaterte registreringar som kan gi grunnlag for ei detaljert vurdering av verneverdiar langs vegnettet i Sauda, men tenkjer det er rett å peike på at det er noen openbare interesser knytt til vegane som kulturminne.



Røldalsvegen var ferdig i 1959 byr på spektakulær kjøreoppleveling. Vegen er i dag ein del av Nasjonal turistveg Ryfylke. Foto: Roger Ellingsen/Statens vegvesen.

Minne om krigen 1940 – 1945

I forarbeida til arbeidet med denne kulturminneplanen har arbeidet med krigsminne vore eit viktig element. Utgangspunktet var at ei gruppering av interesserte personar skipa ei foreining i krigsminneåret 2015 og søkte utlyste midlar frå Riksantikvaren til å arbeide med krigsminne

i Sauda. Foreininga har arbeidd med identifisering, sikring, rydding og formidling av krigsminna, herunder oppretting av ei heimeside om prosjektet.¹³⁴

Krigen sette eit særleg preg på Sauda ettersom det blei sett i gang store arbeid som førte til ekstraordinær aktivitet av eit omfang som likna på anleggstida 20 – 25 år tidlegare. Bakgrunnen var at okkupasjonsmakta ønskte å etablere eit aluminiumsoksidverk som skulle gå inn i den tyske rustningsindustrien. Vasskraftpotensialet i Sauda var kompatibelt med dei tyske måla. Den opphavlege tanken var at okkupasjonsmakta skulle utnytte den ledige omnskapasiteten ved EFP til produksjon av oksid, men da det ikkje kunne gjennomførast blei det vedtatt å bygge ein ny oksidfabrikk i Saudasjøen. Det var ei beslutning som fekk store konsekvensar.¹³⁵



Planane til A/S Nordag om å bygge ein aluminiumsoksidfabrikk kom til å omforme heile Saudasjøen til ein brakkeby som på det meste måtte huse 2 700 arbeidarar. Foto: Nordag.

Saudasjøen

Det var A/S Nordag som fekk ansvaret for å gjennomføre planane om etablering av fabrikken i Sauda. Innsatsfaktorane var råvarer og utstyr, arbeidskraft og transportkapasitet, først og fremst skipstonnasje. Nå viste det seg at det blei problem med alle desse faktorane, slik at

¹³⁴ Foreininga for krigens kulturminne Sauda: <https://www.krigsmannesauda.com/>

¹³⁵ Dahl, Tore Bastlien: *Kraft og krigsmetall – Sauda i den tyske rustnings-økonomien*, masteroppgåve i historie, NTNU 2013

heile prosjektet til slutt blei oppgitt, men før det hadde okkupasjonsmakta snudd opp ned på heile Saudasjøen.

Det var eit overveldande byggeprogram som blei sett i gang. Sjølve fabrikken blei plassert på Nesøyra. 160 millionar kroner, som krigsminneforeininga har rekna ut at ville tilsvare om lag 2,3 mrd i dag, blei pløygd ned i anlegget på tre år. Dei gamle tuna på Nes forsvann, veldig maskiner høvla ned dei morenemassene som utgjorde den gamle innmarka på ein av dei eldste gardane i Saudasjøen, og svære konstruksjonar kom opp.

For å få plass til fabrikken måtte Neselva leggast om. Det blei da bygt ein kanal frå Nesbrua og ned til fjorden. Kanalen blei gravd ut med handmakt og utgjer i dag eitt av krigsminna i Saudasjøen. 600 mann skal ha vore i arbeid berre med kanalen.

Gjennom heile fabrikkanlegget gikk det ei gate, «Strasse 1», med bygningar på begge sider. I anleggfasen gikk det og jernbanespor gjennom denne gata til frakt av varer og material. Området dekka om lag 200 mål. Det meste av anlegget er nå borte, men koplingsstasjonen står framleis att.



Koplingsstasjonen til A/S Nordag er det tydelegaste minnet etter fabrikkprosjekten i Saudasjøen. Foto: Kirsten Hellerdal Fosstveit.

For å huse arbeidarane og gi rom for administrasjon, sjukestove, lensmannskontor, postkontor, kjøkken, matsaler og toalettfasilitetar blei det bygd ei stor mengde brakker og andre bygningar, 47 i talet har Bastlien kome fram til. Kor mange arbeidsfolk som eigentleg var i sving har det vore vanskeleg å få fullt oversyn over. Bastlien har kome til at dei største firmaene som hadde arbeid på anlegget i 1942 hadde til saman 1 105 arbeidarar tilsette. Same

året oppga A/S Nordag at dei sysselsett 805 eigne arbeidarar, og 764 framandarbeidarar. Da er vi oppe i eit samla tal på nesten 2 700 arbeidarar.

Og dette var ikkje dei einaste. For å forsvere dei viktige fabrikkanlegga mot angrep frå dei allierte etablerte tyskarane også kanon- og luftvernstillingar på strategiske stader. Ein kan framleis sjå fundamenta etter ei luftvernstilling på Klengaberget i Saudasjøen.

Mellom fabrikken til EFP på Klubben og oksidfabrikken i Saudasjøen blei det etablert ein jernbane for transport av råstoff. Det var russiske tvangsarbeidarar som hadde denne jobben. Brua over storelva har fått namnet Russarbrua. Bruken av tvangsarbeidarar auka etter kvart som ein fekk problem med å rekruttere tilstrekkeleg med arbeidskraft på andre måtar. Talet på tvangsarbeidarar nådde ein topp på 1 122 i 1943. Dei fleste var frå Sovjetunionen, men det var også franske tvangsarbeidarar, sivile tyskarar og arbeidarar frå Polen, Belgia, Holland, Italia og Ungarn.



Russarbrua, bru som blei bygt av sovjetiske tvangsarbeidarar som lekk i anlegget av jernbane mellom EFP og aluminiumoksidfabrikken i Saudasjøen. Foto: Kirsten Hellerdal Fosstveit.

I tillegg til restane etter verksemda i Saudasjøen og ved fabrikken i Klubben, har krigsminneforeininga registrert ein bunker, ein betongkonstruksjon, attmed røyrgata ned til Sauda III, som og vart bygd som vaktpost. Tyskarane plasserte truleg vaktposten her for å halda oppsyn med smelteverket, og elles for å halda vakt ved det minelagde området langs røyrgata.

Oppsummert er dei minna som er att etter arbeida med oksidfabrikken i Saudasjøen tunnelen og jernbanebrua inn til området, kanalen, vekta, restar av gjerdepålar rundt anlegget, ei brakke og koplingsstasjonen. På Klengaberget er det registrert ei kanonstilling, damanlegg på Hovland, og så Russarbrua og bunkeren på Sønnå. Desse krigsminna er både rydda og skilta.

Øverland

I tillegg til problema med tilførsel av råstoff, utstyr og arbeidskraft til prosjektet, viste deg seg at det heller ikkje var nok kraft tilgjengeleg for den planlagde produksjonen. Arbeidet med vidare utbygging av vasskrafta starta derfor alt i 1941. Utgangspunktet var allereie føreliggande planar utarbeidde av Saudefaldene. Planen var å overføre vatn frå Berdalsvatna og Slettedalen, gjennom tunnel og røyrgate til ein ny kraftstasjon, Sauda IV, ved Storlivatn.¹³⁶

Arbeida blei førebudde gjennom grunnundersøkingar i Slettedalen, bygging av taubane frå Slettedalen til Berdalen, anlegg av brakker på Øverland, Minnehaugen og Dyrsel, og etablering av transformatorstasjon, lagerbygg m.m. Arbeidet med ein veg ned til kraftstasjonen blei også starta. Det var ei omfattande verksemد som også kom til å berøre dei som budde på gardane ikring. Fleire stader tok dei inn losjerande frå arbeidet med kraftanlegget, og det blei arbeid med kjøring av materiell. Til saman var det sett opp 12 – 13 brakker på Øverland. Det var brakker for koking og servering, kontorbrakke, lasarett og innlosjering, og det blei sett opp smie, depotbygg, kompressorstasjon og ymse andre innretningar.



Brakker på Øverland under krigen. I dag finst det berre restar av fundemanta att i terrenget.

¹³⁶ Lunde, Ståle: *Sauda IV utbyggingen – Utbygging med NORDAG under krigen*, foredrag i Sauda sogelag 06.05.2015

Men ikkje alt kom i bruk. Arbeida gikk ikkje slik som planlagt. Det blei rigga til og opna for tunnellinnslag i Forkamsskårå. Nede ved Storlivatnet blei sprengingsarbeid for kraftstasjonen utført i perioden 1942-1943. Men det blei stans i arbeida, og prosjektet blei avslutta i 1943. Etter krigen blei brakkene rivne og materialane selde som husmaterialar til folk som dreiv med husbygging i Sauda.

På Øverland står det att både godt synlege betongkonstruksjonar og fundament for brakker og andre byggverk langs vegen mot Øverland og Slettedalen, d.v.s. at byggverka i dag er delvis gøynt bak tett vegetasjon. Saman med restane etter det ambisiøse fabrikkprosjektet i Saudasjøen er desse konstruksjonane viktige minne om den meir enn alminnelege aktiviteten i Sauda under okkupasjonen 1940 – 1945.



Fundament for transformatorstasjon på Øverland.

Bunkersen

Mindre fasinerande, men truleg som ein viktig del av vakt- og overvakkingssystemet til okkupasjonsmakta, ligg bunkersen eit steinkast frå rørgata ned til Sauda III i Sønnøhavn. Bunkersen blei brukt til vaktteneste. Herifrå hadde tyskarane god kontroll med sjølve rørgata, og dei hadde god utsikt til smelteverket og det meste av Sauda sentrum.



Bunkersen ved rørgata til Sauda III har god utsikt til sentrale delar av Sauda.

Fritidsbusetnaden

Det var ikkje berre husbyggjarar som fekk støtte til å bygge «egne hjem». Frå 1946 begynte EFP også å gi støtte til hyttebygging både i fjellet og langs sjøen. Fram til 1953 var det 176 hytteprosjekt som hadde fått slik støtte.¹³⁷

Støtte til hyttebygging var altså ein del av ein personalpolitikk ved EFP, og ho hadde eit slikt omfang, og kom til å setta såpass preg på omgjevnadane til industristaden, at det er rimeleg å peike på dei bygnings- og sosialhistoriske interessene som er knytt til fenomenet. Det ligg ikkje føre noen form for kulturhistorisk registrering av hyttene, og dei er altfor unge til å ha blitt fanga opp av SEFRAK-registeret, men det synest opplagt at storleiken på hyttene, utforminga av dei, plasseringa og bruken har interesse som ein del av kunnskapen om industrisamfunnet.

Behovet for fritidshus hadde kome fram alt før krigen. Alt på 1930-talet hadde fabrikkarbeidarforeininga sett spørsmålet om ein ferieheim for arbeidarane på dagsorden. Arbeidet blei tatt opp att i 1951, da foreininga fekk tilbod om å kjøpe «Hotel Bratlandsdal» på Nesflaten i Suldal. I 1953 hadde dei også ein gard i Etne på hand. Men planane både for hotellet og garden blei droppa. Arbeidsfolk på bedrifta, så vel som andre saudafolk, hadde alt

¹³⁷ Danielsen, A.S.: *Electric Furnace Products Company, Ltd.*, Sauda 1954

før krigen tatt til med å bygge hytter utetter fjorden. Interessa for hytter skaut fart etter krigen, og da bedrifta tok til å støtte hyttebygginga var det ikkje lenger grunnlag for noen ferieheim.¹³⁸

I Åbødalen kom den første hytta kanskje så tidleg som i 1928. Omrent samtidig var det fleire som starta arbeidet på andre hytter, anten aleine, eller i lag med andre. Det var ikkje uvanleg at to familiar slo seg saman om å bygge hytte. Andre ordna seg med å leige stølar.

Hyttebygginga auka på fram mot krigen, men særleg etter krigen. «Positiv innstilling, sterke rygger og gammeldags dugnadsånd stod bak de små hyttene som spratt opp som paddehatter utover 50-talet», skriv Kåre Rød.¹³⁹

Rød prøver seg også på ei forklaring om kvifor folk bygde hytter. Det alminnelege om naturen, fridomen og rekreasjonen, kan vi kjenne att, men det kan vera særlege grunnar til at Saudabuen ville ha seg hytte. Det ser ut til at ein viktig grunn var å komma seg bort frå støvet og røyken som låg som eit teppe over over bygda. Mange blei etter kvart redde for at røyken var skadeleg. Rød tenkjer at tankar om frisk luft og helse kan vera ein faktor som har sett fart i hyttebygginga.

Når Åbødalen blei populær var det fordi mange såg på ei hytte på fjellet meir som ei heilårshytte enn hytte ved sjøen. Talet på hytter, og felles interesser knytt til hyttelivet, gjorde at det i 1955 blei skipa eit hytteeigarlag i Åbødalen. Ei viktig sak var transporten til å frå hyttene. Hytteeigarlaget kjøpte buss til formålet, og fekk ein glimrande avtale med EFP som tok seg av drivstoff og vedlikehald av bussen.

Alf Meldahl fortel at det å komma seg bort frå røyken var ein viktig grunn til at far hans fekk bygd seg hytte på Tjelmen i 1940. Dei drog på hytta kvar einaste helg. Gikk rett opp heimanfrå, og var framme på ein times tid. Det var før støtteordninga for hyttebygging kom i gang, men dei fekk seg rimelege materialar frå rivinga av Kloumannvillaen, bustaden til direktøren i Saufeldalene. Kledningsmaterialar frå Kloumannvillaen lever såleis vidare i ei smålåten hytte på Tjelmen.

Det er rimeleg å anta at behovet for utbygging og utbetring av hyttene har gjort at mange av dei har endra karakter ettersom åra har gått og nye generasjonar har tatt hyttene i bruk. Men vi ser likevel at mange av hyttene er halde i hevd om lag slik dei var frå starten, som eit ønske om å vidareføre det enkle hyttelivet og dei gode opplevelingane som er overført frå generasjon til generasjon.

¹³⁸ Drange, Ernst Berge: «Mænd som ved hvad solidaritet er», *Sauda Fabrikkarbeiderforening 75-årsberetning*, Sauda 1999

¹³⁹ Rød, Kåre: *Hyttebygging og hytteliv i Åbødalen*, i årsskrift for Sauda sogelag 2005



Tjelmen var eit område som blei tidleg utbygt da det var lett tilgjengeleg, berre ein times gåing opp frå sentrum. Foto: Paul Meldahl.

HANDLINGSPLAN

I starten av dette dokumentet gjorde vi greie for eit utval eigenskapar som kan bli vektlagde i arbeidet med å identifisere bygningar som kulturminne. Gjennomgangen av bygningstilfanget har vist at dei ulike gruppene av kulturminne kvar for seg, og særleg sett i samanheng, gjer Sauda til ein kommune med eit stort ansvar for å delta i det nasjonale kulturminnevernet, og med eit stort potensiale for å gjera kulturminneforvaltinga til ein viktig lekk i verdiskapinga i eigen kommune.

Sauda har bygningsmiljø med stor grad av autentisitet. Det vil seia at bygningsmiljøa framstår som ekte og heilskaplege. Dette gjeld både dei rurale områda som er tatt med i denne planen og sentrumsområda. Dette gjer at bygningsmiljøa er berarar av viktige kunnskapsverdiar, og at dei har gode historieforteljande eigenskapar.

Det rurale bygningsmiljøet representerer byggeskikken i Ryfylke og på Vestlandet på ein god måte. Landbruket har i stor grad oppretthalde strukturen i kulturlandskapet, og det er gode døme på enkeltbygningar og bygningsmiljø som både byr på kunnskap og oppleving av levemåten på gardane.

Sauda har særlege føresetnadar for å bidra til kunnskap om framveksten av det moderne industrisamfunnet, både i nasjonal og global målestokk. Dette kan dess meir skje i eit levande og vitalt samfunn der den nære kontakten mellom produksjonsbedriftene, sentrumsområdet og bustadområda gir grunnlag for sterke visuelle opplevingar av heilskapen.

Ein målestokk for å vekte kulturminne kan vera krava til å komma på verdsarvlista. Dette er kriterium som stiller krav til at eit objekt må vera unikt eller mellom dei beste eksempla i internasjonal samanheng. Aktuelle kriterium kan vera nr. 2 som stiller krav til at objektet skal

«representere en viktig utveksling av menneskelige verdier, innenfor et visst tidsrom eller i en viss del av verden; når det gjelder utvikling innen arkitektur eller teknologi, monumentalkunst, byplanlegging, landskapsutforming»,

og nr. 4 som krev at eit objekt må

«være et framragende eksempel på en type bygning, et arkitektonisk eller teknologisk miljø eller et landskap som illustrerer en eller fleire viktige faser i menneskets historie».

Det må vera gode grunnar til å rekne Sauda med i denne divisjonen. Om ein vil eller kan oppnå verdsarvstatus må ein anta vil avhenge av korleis Sauda blir vurdert i forhold til andre industristader, eller om toget alt har gått med utnemninga av Rjukan-Notodden som verdsarv.


Sauda kommune har ei hundre år lang historie som industrikommune. Dei kulturelle prosessane dette har ført med seg har skapt ein unik industrikultur. Det er gode grunnar til å gjera kulturen til ein strategi i arbeidet med vidare verdiskaping i kommunen. Eit delmål kan vera å slå fast at tapet av kulturminne skal reduserast til eit minimum.

Kva trugar kulturminna

Dersom vi er samde om at Sauda forvaltar kulturminne av stor verdi, og at det er eit mål å redusere tapet av desse kulturminna til eit minimum, vil første delen av ein handlingsplan vera å analysere kva som trugar kulturminna. Kva slag hendingar er det som fører til tap av kulturminne, kva er årsaken til desse hendingane, kor stor sjanse er det for at hendingane vil inn treffen, og kva vil konsekvensane av uønska hendingar vera. Har vi svar på slike spørsmål, vil vi også kunne planlegge tiltak for å unngå tap av kulturminne.

Alminneleg forfall

I arbeidet med denne planen har vi søkt å ettergå dei registreringane av kulturminne som er gjort tidlegare. Mellom desse har SEFRAK-registreringane frå 1990 – 1992 vore dei viktigaste. Søket etter SEFRAK-registrerte bygningar har avdekkja eit stort tap av slike bygningar, utan at vi har godt nok grunnlag til å talfeste tapet. Det er mange grunnar til dette, som vi skal komma inn på etter kvart, men det vi kan kalle alminneleg forfall er ein slik grunn, eller helst ei knippe av grunnar som på eit vis har naturlege årsakar, men som også kviler på korleis bygningar blir forvalta.



Klimastatistikken viser at vi er i ferd med å få eit klima som er meir utfordrande for bygningsvernet. Prikkane og den raude linja viser middeltemperatur og avvik frå normalen. Stolpane og den blå linja nedst i diagrammet viser temperatur og avvik frå normalen. Endringane mot eit våtare og varmare klima starta alt på 1980-tale. Kjelde: yr.no



Klimaet fører raskt til forfall når bygningar ikkje lenger blir haldne ved like. Her er det i tillegg plassert ein ny trafostasjon midt i kulturminnet.

Vi bur i eit område av landet der klimaet skaper utfordringar for bygningsvernet. Fuktige somrar og milde vintrar gir grobotn for rask nedbryting av materialar som ikkje blir godt vedlikehaldne. Mikroorganismar, planter og dyr svekkar raskt overflater og konstruksjonar. Sopp, mugg, bakteriar, lav, mose og insekt har alle gode levekår i eit fuktig og mildt klima. Frostsprenging, saltkristallisering og mekaniske skader følgjer av stråling, varme, vatn, vind og luftureining. Hyppigare veksling mellom eit mildt og fuktig verlag og frostperiodar om vinteren er særleg utfordrande for murverk av alle slag. Rust og annan korrosjon er følgjer av dei same forholda, men metall blir også påvirkad av salt og forsurande ureining. Ekstremvêr fører til fleire tilfelle av brå skader.

Sauda er utsett for alt dette, men har likevel vore velsigna av eit tørrare og kaldare vinterklima enn bygder lenger ute mot kysten. Dette er i ferd med å endre seg. Klimaendringane starta alt på 1980-talet. Vi har sidan hatt ein tydeleg temperaturauke, men også nedbøren har auka. Og det skal bli verre. Same kva scenario ein ser for seg i arbeidet med å redusere den globale oppvarminga, ser det ut til at vi må rekne med eit varmare klima, meir nedbør, og auke i hendingar med ekstremver. Dette vil få konsekvensar for bygningsvernet. Det vil føre til eit veksande vedlikehaldsbehov, behov for større kompetanse i bygningsvernet og evne til strengare prioritering.¹⁴⁰

Behovet for eit bygningsvern som bygger på planar og systematikk er påtrengjande. Klimaet er ein bakanforliggande årsak til eit akselererande forfall, men det er forvaltinga av bygningane som fører til eventuelle konsekvensar av forholda. Det er eit mangelfullt og ukunnig vedlikehald som gjer at bygningar blir brotne ned.

Brå hendingar

Veret kan føre til brå hendingar som følgje av flaum, ras, stormflo og vindfall. Ettersom ein del av auken i nedbøren ser ut til å komma i form av store nedbørsmengder over stutt tid, må vi rekne med meir av dette slaget. I kombinasjon med snøsmelting kan det få fatale konsekvensar.

I Sauda er det slik at store vassmengder er lagra bak høge dammar. Forventa auke i omfanget av store flaumar har ført til at Saudefaldene har fått pålegg om forsterking av noen dammar, og utbygging av overlaupet andre stader. Mange av dammane til Saudefaldene er tidlege døme på tekniske løysingar. Dei er verdfulle tekniske kulturminne. Forsterkingsarbeid, som t.d. dei som i 2017 er gjennomført på dammen i Svartevatn, reduserer kulturminneverdien. Den gamle platedammen blir innstøypt. Enda større utfordring er knytt til overlaupet på dammen i Storlivatn. Dammen i Storlivatn er eit teknisk vidunder, men valseluka som skal sikre overlaup er ikkje dimensjonert for framtidige tusenårsflaumar. Det er heller ikkje Saudasamfunnet. Viss vi får nedbørsmengder som fører til ein berekna tusenårsflaum, vil det få enorme konsekvensar, ikkje berre for dammane til Saudefaldene, men for heile samfunnet.

Kan Saudefaldene finne ei løysing som både ivaretar sikringskrava frå NVE og ønskje om å ta vare på eit unikt kulturminne? For Saudefaldene er dammane først og fremst damobjekt.

¹⁴⁰ Høibo, Roy: *Varmare, våtere, villare – Rapport om museas møte med klimautfordringane*, Byggnettverket og Håndverksnett 2017

Behova for å ivareta historie og estetikk kjem på neste plass. Det krev gode holdningar, høg fagkompetanse og stor vilje til å løyse komplekse utfordringar for å få det til.

Brå hendingar kan også råke bygningars som følgje av ulukker, brann og skadeverk. Vi har branntomter i sentrum som er store utfordringar i arbeidet med å vidareføre eit heilskapleg bygningsmiljø samtidig som vi ønskjer ei aktiv utvikling av staden. I Åbøbyen blei eit nyklassisistisk Helland-hus i Parkveien erstatta av eit enkelt hus frå eit ferdighusfirma etter brann. Føresegnene i reguleringsplanen kunne ikkje hindre at løysinga blei langt i frå det som var intensjonen med ein verneplan for byanlegget.



Det var dramatisk da bakeriet i Rådhusgata brann i 2016. Branntomta etterlet ei stor utfordring både til eigar og kommune. Foto: Åse karin Hansen, NRK.

Byggearbeid

Meir direkte menneskeskapte endringar er knytt til riving og bygging. I arbeidet med å ettergå SEFRAK-materialet har vi sett at mange bygningars har gått tapt fordi dei er rivne, anten fordi det ikkje er bruk for dei lenger, men helst fordi det skulle byggast noe anna i staden. I landbruket er det endringar i driftsopplegget, eller behov for modernisering av driftsbygningars som fører til slike endringar. I Åbøbyen måtte ein praktfull legebustad vike for ny rehabiliteringsavdeling på sjukehuset, og Brekkeveien 50 og 52 vike for nytt eldresenter. Det var heller ikkje heldig at fellesgarasjane blei rivne, noe som førte til behov for andre hus til bilane.

Det same gjeld i industrien. Smelteverket har gjennomgått store endringar gjennom dei hundre åra det har vore drift der. Hovudstrukturen av bygningane er nok intakt, men innhaldet, utsjånaden og livet mellom bygningane har endra seg mye som følgje av nye krav, endringar i produksjonsprosessen og ny teknologi.



Kabelbanen var ei innretning som saman med dei gamle smelteomnane er dei delane av smelteverket som mange snakkar om når dei skal forklare dei store endringane i teknologien. Ivrige vernarar av historia til smelteverket har lukkast med å ta vare på ei av vognene. Foto lagt ut av Jan-Georg Solland på Facebook-sida "Gamle Sauda".

Moderniseringa av anlegga til Saudefaldene har ført til at praktfulle kraftstasjonar og spektakulære rørgater blir overflødige. For Sauda I i Hellandsbygd ligg det føre godkjent riveplan både for stasjonen og for rørgatene både til Sauda I og II. Stasjonen står nesten fullt intakt, men i forfall, slik at han nå er avstengt av sikringsomsyn. Utfordringa er at vedlikehaldet vil vera svært kostbart. Produksjonen produserte varme som både skapte eit godt inneklima i bygningen, og som førte til at snøen på taket smelta. Når produksjonen opphørte blei det eit kaldt og fuktig inneklima, og taket er ikkje dimensjonert for dei snøtyngdene som kan bygge seg opp når varmen ikkje lenger fører til avsmelting. Det er likevel slik at riving av rørgatene både er dyrt og vanskeleg, samtidig som det er enklare å vedlikehalde rørgatene enn stasjonane. NVE har derfor bedt Saudefaldene utarbeide ein revidert riveplan. Det vil føre til ei ny vurdering både av Sauda I og rørgatene.

Sauda III og den tilhørende rørgata ser ut til å bli verna, men det har skjedd uheldige inngrep også her. Da stasjonen blei stengt blei elevar frå Sauda vidaregåande skule sett til å demontere «brettet» i kontrollsentralen. Det førte til ei meiningslaus fjerning av instrument som ville vore ein verdfull del av stasjonen som framtidig arkiv- og museumsbygning. Det var også trist at linja frå stasjonen til smelteverket blei fjerna. Konsekvensen blei at lesbarheita til anlegget blei mindre tydeleg.



"Brettet" i driftssentralen på Sauda III blei medvite demontert da stasjonen blei tatt ut av drift. Foto: Jarle Lunde, Suldal Foto.

Da bustadane i Åbøbyen kom for sal på 1980-talet oppstod det mange behov for moderniseringar, tilbygg, fasadeendringar og garasjar. Det blei etablert ei rettleiingsteneste som skulle prøve å fange opp behova, og tilby løysingar som var tilpassa arkitekturen i byanlegget, men løysingsforsлага blei ikkje alltid følgt. Resultatet er garasjar med eit virvar av former, utskifting av glas og dører, og innimellom så store inngrep at det fører til totalendring av huset. Årsaken til at slikt skjer er eit samspel av mangel på forståing for kva slags hus ein har kjøpt hos huseigaren, mangefull oppfølging av reguleringsplanen hos kommunen, og svak kompetanse hos byggvareleverandørar og handverkarar.

Det leie er sjølv sagt når bygningar gjennomgår oppussing, modernisering, restaurering eller kva ein kallar det, og eigaren vel løysingar som forringar autentisiteten og verdien til

bygningen, anten fordi han ikkje veit betre, ikkje ser syn på det opphavlege, eller trur det blir billegare.

Også byggearbeid i omgjevnadane til verneverdige bygningsmiljø kan truge verdien til bygningsmiljøet som kulturminne. Vi har alt nemnd døme på slik bygging i randsona til Åbøbyen. Siste tilvekst er ei anlegg med hybelhus som vil vera godt synleg frå dei sørlege delane av byanlegget.

Fjernt frå sentrale delar av Sauda går det føre seg utbyggingar som kjennest trugande for dei som allereie har etablert seg der, som t.d. veggbygging og regulering til kraftproduksjone i nærområda til fritidsbusetnaden på Tjelmen. I Slettedalen blir det opparbeidd hyttefelt som i staden for å forstå kulturminna som verdiar i området, ser ut til å late som dei ikkje eksisterar.



Stølsbua i Slettedalen, som kulturminnenemnda tok vare på, og som Ryfylkemuseet held ved like,, har fått ei vegfylling til nytt hyttefelt tett inn til laftekonstruksjonen. Det er greitt annonsert på skilt ved siden av kven som trugar kulturminnet.

Framandelement

Ein variant av byggearbeid er nye element som blir tilført eit bygningsmiljø, og som blir plassert på ein slik måte, har ei slik utforming, eller har ein funksjon som forstyrrar bygningsmiljøet, og av og til fører til ei forsøpling.

Vi har alt vore innom Åbøbyen, der garasjane er dei mest framtredande av dei nye bygningselementa som finn sin plass i eit bygningsmiljø som ikkje var dimensjonert for ein stor bilpark, og der bortfallet av fellesanlegg for parkeirng av bilane, har ført til eit stort press

på bygging av enkeltgarasjar. Men her er det også utfordringar knytt til varmepumper, parabolantener og brannstiger, plassering av utstyr for sortering og levering av avfall, og til plassering og utforming av postkassestativ.

Meir iaugefallande er gjerne transformatorstasjonane til elverket som ser ut til å ha fått ei utforming og ei plassering der det berre er funksjon og ingen andre omsyn som er tatt omsyn



Drivstofftank, trafostasjonar og konteinrarar forsøclar bygningsmiljøet i Saudasjøen.

til, anten transformatoren står i Åbøbyen i Saudasjøen eller på Mollatveit. I det historiske miljøet i Saudasjøen har ein i same området som transformatorstasjonen endatil lukkast med å plassere ein frittståande fyllingstank for drivstoff og ein parkeringsplass for konteinrarar.

Ein må tru at plassering av slike element i verneverdige bygningsmiljø skjer fordi medvit om kva som skal til for å ta vare på miljøet er svakt både hos tiltakshavar og dei som gir løyve til tiltaket. Men det finst og døme på tiltak som blir utført med den høgaste grad av medvit, og som fører til store konsekvensar for bygningen.

HMS-arbeidet er ei omseggripande verksemد som gjer at faren for skader og ulukker i arbeidslivet minkar, og at tilgjenget til bygningar og areal blir lettare for dei som er rørslehemma. Ikkje minst i Sauda har HMS-arbeidet ført til radikale forbeteringar i miljøet både for arbeidsfolk og andre. Men det fører og til endringar i og kring bygningar som kan vera i konflikt med ønske om vern av heilskap og detaljar. Som i mange andre tilfelle der ulike omsyn må vegast opp mot kvarandre, vil det også ved gjennomføring av HMS-tiltak vera nødvendig å vurdere alternative løysingar for, om muleg, å unngå å forringe verdien til bygningar som kulturminne.



Tilkomsten til den unike dammen i Storlivatn er forbetra med ei ståltrapp i det gamle trappeløpet. Kan hende hadde det vore muleg å finne betre løysingar om ein også hadde hatt eit medvitet om damanlegget hadde verdi som teknisk-industrielt kulturminne hadde vore høgare.



Tilgroing av kulturminne er eit stort problem. I Saudasjøen har krigsminnegruppa gjort ein stor innsats for å rydde kring kanalen, men ennå gjenstår mye arbeid.

Tilgroing

Tilgroing har vore eit trugsmål mot kulturminne lenge, men tilgroinga aukar med eit fuktigare og mildare klima, og med lengre vekstsesong. Dette ser vi både i det rurale landskapet, og i sentrale strok. Det veks alle stader, og berre ein aktiv innsats mot tilveksten kan hindre attgroing.

EFP heldt seg med ei «byavdeling» på 30 vedlikehaldsfolk og gartnarar for å halde sine eigedomar i og kring Sauda i orden. Det var ikkje berre bygningane som heldt høg standard, også uteområda, stakittane, hekkane, fortaua, parkane og beplantinga elles var ein del av hagebykonseptet som både blei planlagt ut frå eit ønske om høg standard, og vedlikehalde etter strenge krav. Men det var dyrt, Åbøbyen gikk med underskot, og da dei fleste av husa var selde, blei også byavdelinga lagt ned. Nå blei gater og fellesareal eit kommunalt ansvar. Den kommunale vedlikehaldsavdelinga har ikkje vore dimensjonert for å oppretthalde same standard, og resultatet har vore attgroing, men med noen lyspunkt. Sneath's Park blir halde ved like, og karusellen har kome på plass att i parkanlegget mellom Parkveien og Kongsveien.

Utanom Åbøbyen og sentrum er tilgroinga enda meir tydeleg. Det gjeld t.d. området rundt mellomalderkyrkjegården i Saudasjøen, og det er behov for ytterlegare rydding kring krigsminna i Saudasjøen. Krigsminna på Øverland er heilt inngrødde. Kring gardstun som ikkje lenger er i bruk veks både tun og innmark til.

Kva kan vi gjera

Det er mange typar tiltak som kan hindre forvitringa av det bygde landskapet, og som kan redusere tapet av kulturminne. Noen tiltak må rette seg mot private eigalarar som forvaltarar av bygningane, noen gjeld kommunen som forvaltar av byrom, parkar, fellesareal og eigne eigedomar. Noe kan vera enkle midlar, andre meir kompliserte og kostbare tiltak. Vi vil peike på noen alternativ, og til slutt komma tilbake med eit forslag til prioritering av tiltak.

Omsynssoner

Det er nærliggande å starte med legale virkemiddel, ettersom kulturminneplanen er eit grunnlag for bruk av slike virkemiddel. Det handlar om planar, føresegner og, i noen sjeldne tilfelle, freding. I tilknyting til bruken av legale virkemiddel er det naturleg å vurdere rutinar og ansvar i den kommunale forvaltinga og saksbehandlinga.

I arbeidet med kommuneplanen vil det vera aktuelt å angi omsynssoner (PLB §11-8) i arealdelen av planen med tilhørande føresegner. Lova gir høve til å markere ulike omsyn, for å ivareta kulturminne er det sone c som er aktuell.

Det er fleire område i Sauda som er aktuelle for markering som omsynssone med særleg omsyn til bevaring av kulturmiljø. Sentralt i Sauda er det sentrum (Øyra), Åbøbyen og

sentrumsnære omårde som Egne hjem. Utanom sentrumsområda er det aktuelt å vurdere Saudasjøen som ei omsynssone, og i landbruksområda Svandalen, Hellandsbygd og Mollagrenda. Etter innspel frå publikum har vi lagt inn forslag om omsynssone for eit hytteområde på Tjelmen. Det har dessutan vore ønskje om å registrere nye krigsminne. Eit område med slike minne på Øverland (Hellandsbygd) blir også foreslått som omsynssone.

Forsлага til omsynssoner er forsøksvis registrerte i Askeladden, databasen til Riksantikvaren, og i Temakart Rogaland, men vi antar at det er nødvendig å justere grensene i forhold til terren og eigedomsgrenser, da det tilgjengelege kartverktøyet ikkje legg godt nok til rette for dette. Kartmaterialet er tatt inn som vedlegg bak i dette dokumentet. Nedanfor følgjer omtalar av dei enkelte områda.

SENTRUM

I sentrum har det vore størst merksemad kring triangelet mellom Rådhusgata, Skulegata og Brugata, men i forslaget til NB!-område frå Riksantikvaren er det eit mye større område som er tatt med. Vi vil foreslå at heile det området som er markert som NB!-område blir gjort til omsynssone.

I dei tilhørande føresegnene vil vi foreslå følgjande formuleringar:

Øyra (Sentrum) er angitt som omsynssone (c) med særleg omsyn til bevaring av kulturmiljø. I sona skal bevaring av bygningsmiljøet vera førande for arealbruken, bygge- og anleggstiltak. Eksisterande hus og andre byggverk skal haldast ved like, utan endringar i materialbruk, form, storleik og byggemåte, eventuelt tilbakeførast til opphavleg form og materialbruk.. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordne seg omsyna som ligg til grunn for soneformålet.

Ut over dette er det naturleg å vidareføre dei reguleringsføresegnene som gjeld for den delen av sentrum som er omfatta av gjeldande reguleringsplan. Men reguleringsplanen blei sist vedtatt i 2000 og bør vurderast revidert både for å justere området han skal gjelde for, og reguleringsføresegnene.

Sjå kart side 177.

ÅBØBYEN

Også Åbøbyen er med som NB!-område i oversynet til Riksantikvaren over byar med nasjonal interesse, men her synest grensene for området å vera teikna noe snevert. Vi meiner at bygningane i Oxaals vei bør vera med, like eins sjukehuset og bygningane i Brekkebakken. Mot aust er det naturleg at området også omfattar friområdet mot Storelva.

Føresegnene bør vera som for sentrum, men her går det føre seg ein gjennomgang av reguleringsplanen som venteleg vil føre til nye reguleringsføresegner innan stutt tid.

Sjå kart side 178.

EGNE HJEM

Vi har tidlegare i dokumentet tatt til orde for at også ein del av etterkrigsbusetnaden, og særleg fenomenet Egne Hjem har verdi for forståinga av og opplevinga av Sauda som industrisamfunn. EFP la til rette fleire område for sjølvbyggjarar på austsida av Storelva etter krigen. Det eldste og største området er Engja, som har fått gateadresse Egne Hjem, med det tilgrensande området Litlamo ned mot Birkelandsvegen.

Sør for dette området ligg Søndenå- eller Sønnåhaugen, med bustader tilknytt Saudefaldene, og nord for Egne Hjem, på nordsida av Birkelandsvegen, Søndenålia og Andersengja. Alle desse områda utgjer delar av byggehistoria i Sauda. Utfordringa er at det ikkje ligg føre noen form for registrering, omtale eller analyse av områda eller enkeltbygningar, og at det derfor er eit svakt grunnlag for forslag om tiltak.

På Engja er det likevel eit lett lesbart bygningsmiljø, med ein tilsynelatande stor grad av autentisitet i behald. Bygningsmiljøet på Engja omfattar dessutan direktørbusetaden på Kongshaug og ein eldre funksjonærbusetad. Vi foreslår derfor at ein vurderer å gjera Engja/Egne Hjem til ei omsynssone med tilsvarande føresegner som for Sentrum og Åbøbyen.

Sjå kart side 179.

SAUDASJØEN

Saudasjøen er eit område med fleire lag av kulturminne. Dette er også eit område som det er lagt føringar for at ein bør ha særleg merksemrd mot i arbeidet med planlegging av kulturminnevern, jfr. høringsfråsegn til kulturplanarbeidet frå Rogaland fylkeskommune. Her er registrert fleire fornminnelokalitetar, m.a. mellomalderkyrkjegarden på Kyrkjehaugen, ein del bygningar frå før 1900 er registrerte i SEFRAK, og det er registrert fleire krigsminne. I gjennomgangen lenger framme har vi i tillegg vist til bygningar som er reist som følgje av industrialiseringa i Sauda.

Vi vil foreslå at bygningsmiljøa langs sjøen, på Saua og Hedlot, hotellet og dei SEFRAK-registrerte bygningane langs veg 520 blir omfatta av ei omsynssone med same føresegner som for dei foreslalte områda ovanfor.

Sjå kart side 180.

SVANDALEN

Ved gjennomgangen av SEFRAK-materialet fann vi at Svandalen hadde eit stort tal SEFRAK-registrerte bygningar, at kulturlandskapet i stor grad var intakt, og at det var grunnar til å vurdere vern av bygningsmiljøet i Svandalen. Men Svandalen er også eit av dei få, aktive landbruksområda i Sauda. Ei omsynssone for bevaring av kulturmiljøet bør ikkje vera til hinder for nødvendig utvikling av landbruket. Ein antar såleis at det vil vera nødvendig å finne ein balanse mellom vern av bygningar og landskapselement, og ei utbygging som tilpassar seg eksisterande bygeskikk og bygningsstruktur.

Ei muleg formulering av føresegn for ei omsynssone i Svandalen kan vera slik:

Svandalen er angitt som omsynssone (c) med særleg omsyn til bevaring av kulturmiljø. Innafor sona skal omsynet til bevaring av bygningar og kulturlandskap vera førande for arealbruk, bygge- og anleggstiltak. Eksisterande bygningar skal haldast ved like utan endringar i materialbruk, form, storleik og byggemåte.

Ved handsaming av byggesøknadar skal omsynet til kulturmiljøet vektleggast før det blir avgjort om tiltaket kan gjennomførast, og om lokalisering og utforming av tiltaket er tilfredsstillande. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordne seg omsyna som ligg til grunn for soneformålet. Innnanfor sona må ikkje kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar o.a. fjernast eller forfalle. Det må ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemndande grad terrengprofilen.

Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdfulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet blir oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleveling, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.

Sjå kart side 181.

HELLANDSBYGD

Hellandsbygd er og eit område som det er bedt om å vurdere nærmare i føringane for arbeidet med kulturminneplanen. Vi har tidlegare peika på verdiar ved det tette bygningsmiljøet på Årtun og Handeland, som også omfattar bygningar frå starten av kraftutbygginga.

Vi foreslår at dei sentrale delane av Hellandsbygd blir lagt i ei omsynssone med tilsvarande føresegner som for Svandalen.

Sjå kart side 182.

ØVERLAND

På Øverland er det eit område med konstruksjonar etter den kraftutbygginga som okkupasjonsmakta sette i gang med under første delen av krigen. Dette er krigsminne som utfyller dei minna som tidlegare er registrerte i Saudasjøen og i nærleiken av sentrum.

Området ligg langs vegen mellom Linjekryss og gardshusa på Øverland og omfattar eit par tyngre betongkonstruksjonar og ei rekke fundament og rester av fundament etter brakker og andre innretningar.

Vi foreslår at området med krigsminna på Øverland blir lagt i ei omsynssone.

Muleg føresegn for dette området kan vera følgjande:

Området med minne etter krigen 1940-1945 på Øverland er angitt som omsynssone med særleg omsyn til bevaring av kulturmiljø. Området må forvaltast slik at krigsminna ikkje blir fjerna, øydelagde eller forringa. Bruk og tilkomst til området må underordne seg omsynet som ligg til grunn for soneformålet.

Sjå kart side 183.

MOLLAGRENDA

Tilliks med Svandalen er også Mollagrenda eit område med mange SEFRAK-registrerte bygningar, mellom desse gardshus som er mellom dei best bevarte i Sauda.

Vi foreslår at Mollagrenda blir markert som omsynssone med tilsvarande føresegner som for Svandalen.

Sjå kart side 184.

TJELMEN

Etter kunngjering av arbeidet med kulturminneplanen har det kome tre innspel om å vera merksam på dei gamle hyttene som ein del av kulturminnetilfanget i Sauda. Vi har sett at både den gamle stølsbusetnaden og dei tidlege hyttene burde hatt ein plass i kulturminneplanen. Problemet har vore at dokumentasjonen har vore svak eller heilt fråverande. Det har altså vore eit dårleg grunnlag for forslag om vernetiltak.

To av dei innspela som har kome gjeld Tjelmen. Heller ikkje for Tjelmen ligg det føre noen registreringar eller dokumentasjon av kulturminneverdiar, og vi har ikkje noe grunnlag for å vekte Tjelmen som kulturminneområde mot andre hytteområde. Men omtalar og bildemateriale frå Tjelmen gir grunnlag for å tenkje at dette bør vera ein av dei stadene som kan vera aktuelle for vernetiltak. Det styrker argumentasjonen for vern av Tjelmen at ei av dei eldste hyttene (tidlegare stølshus^{?9}) er registrert som verneverdig i SEFRAK.

Vi foreslår Tjelmen markert som omsynssone i kommuneplanen, med føresegner om lag som for Svandalen.

Sjå kart side 185.

Freding

Freding er eit sterkare virkemiddel enn vern med grunnlag i Plan- og bygningslova, og den strengaste forma for vern som vi har. Alle faste kulturminne frå før reformasjonen (1537) er automatisk freda, og dessutan ståande byggverk frå perioden 1537 - 1649.

Freding gjennom vedtak skjer med heimel i Kulturminnelova og kan omfatte kulturminne som har særleg høg verdi både for eigar og brukar, og for samfunnet. Freding skal sikre at desse verdiane blir sikra for framtida.

Forslag om freding kan komma frå privatfolk, fylkeskommunen eller Riksantikvaren. Om ein kommune ønskjer å reise fredingssak må kommunen altså fremje forslaget gjennom fylkeskommunen. Det er Riksantikvaren som førebur fredingsforslag, herunder innhenting av høringsuttale frå kommunen. Endeleg vedtak blir gjort av Klima- og miljødepartementet.

Riksantikvaren held seg med ein fredingsstrategi som for tida omfattar ti prioriterte tema, mellom desse er følgjande som kan ha interesse for Sauda:

- Forsvars- og krigshistorie
- Fellesskap og demokrati

- Industri
- Busetting etter industrialisering

Det blir ikkje foreslått nye fredingstiltak i denne kulturminneplanen, men vi er kjent med at det blir arbeidd for freding av Sauda III, og at det ligg føre forslag om å fremje fredingssak for Folket Hus.

Vi antar at det kan vera aktuelt å invitere Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren til ein gjennomgang av verneverdige bygningsmiljø i Sauda for å avklare om det kan vera aktuelt å fremje fredingssaker for andre bygningar.

Dokumentasjon

Vi har fleire gonger peika på at dokumentasjonen av kulturminna i Sauda er svak. Det gir eit svakt grunnlag for planlegginga, og det svekkar legitimeten til kulturminnevernet.

Eitt problem er at SEFRAK-registreringa både er ufullstendig og utdatert. Ettergåinga av registreringane i samband med arbeidet med kulturminneplanen viste at det var store avvik mellom det registrerte materialet og dei fysiske kulturminna. Det er dessutan store forskjellar på kva utmarksbygningar som er registrerte i dei ulike områda. Det er behov for ein revisjon av denne registreringa. Det vil seia ein systematisk gjennomgang av registreringa med oppdatering av situasjonen og tilstanden til dei registrerte bygningane.

Ei større utfordring er det at alle industristadens bygningar har falle utanom fordi SEFRAK-registreringane berre skulle omfatte bygningar som var eldre enn år 1900. For noen område, som Åbøbyen og Øyra, er det gjennomført andre registreringar og analyser, som gjer at forslaga til verneplanar der kviler på ein noe tryggare grunn, men når vi ser at det er gode grunnar til å ta vare på den delen av historia som knyter seg til Egne Hjem og fritidsbusetnaden, bygger vi på eit svært svakt eller heilt fråverande grunnlag. Det kunne vere interessant å invitere Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren til ei drøfting av utvegane til støtte til gjennomføring av ei registrering av bygningsmasse frå 1900-talet.

Vi ser også at vi manglar samanfattande oversyn over bygningsmassen til Saudefaldene og smelteverket. Ikkje slik at det manglar dokumentasjon, men han er fragmentert, og det ligg ikkje føre noe samla oversyn over tilstanden eller noen form for samla vurdering av tekniske og industrielle dokumentasjonsverdiar. Ein vil tru at selskapa sjølve ville ha eigeninteresse av å få utarbeidd slike oversyn som grunnlag for eit verneperspektiv i forvaltinga av bygningsmassen.

Det er elles særlege utfordringar knytt til dokumentasjon av kulturminneverdiane i desse verksemduene, men også ein unik utveg til samtidsdokumentasjon av historiske verksemder som framleis er i full drift. Dokumentasjon av bygningshistoria vil berre vera ein liten del av den historia som det ville vere ønskjeleg å dokumentere. Like interessant er det arbeidet som har gått føre seg i og mellom bygningane, og den mentaliteten som følgjer av ei langvarig historie som industristad. Dokumentasjon handlar såleis ikkje berre om den materielle sida av verksemda, men også om den immaterielle kulturen. I dag ligg det føre store utvegar til å

gjennomføre slike dokumentasjonsprosjekt. Kan hende skulle ein skulle å etablere eit samarbeid med bedriftene for å legge ein plan for dokumentasjon av verksemda.

Ansvars- og oppgåvefordeling

Som lekk i ei sterkare prioritering av kulturminnevernet i Sauda antar vi at det kan vera behov for å avklare ansvars- og oppgåvefordelinga nærmare, og gjennomgå rutinar for forvalting og saksbehandling.

Vi antar vidare at det kan vera behov for å greie ut samarbeidet mellom Sauda kommune og Ryfylkemuseet. Ryfylkemuseet er eit kompetansesenter for bygningsvern, og er mellom dei leiande fagmiljøa ved musea i Norge. Korleis kan fagkompetansen ved museet komma til nytte for arbeidet med kulturminnevernet i Sauda, og korleis kan Ryfylkemuseet vera ein generator for styrking av kapasiteten i kulturminnevernet.

Etter at Fortidsminneforeininga etablerte lokallag for Ryfylke har også den kompetansen denne foreininga rår over også kome nærmare Sauda kommune. Eit tillitsfullt samarbeid med Fortidsminneforeininga kan ytterlegare styrke både kapasiteten og kompetansen i kulturminnevernet, sjølv om foreininga har ei avgrensning ved at arbeidet i foreininga er frivillig.

Holdningar til kulturminnevernet

Dei legale virkemidla kommune har til rådvelde handlar om å kunne legge restriksjonar på forvaltinga av bygningar og bygningsmiljø. Det blir ikkje alltid oppfatta som positive virkemiddel, og det vil vera vanskeleg å lukkast om eigarane og brukarane av kulturmiljøa ikkje forstår eller deler grunngivinga for å innføre vernetiltak. Ein kritisk suksessfaktor er såleis å gjera kulturminnevernet til eit fellesei, å forankre kulturminnevernet i den oppfatninga folk har av seg sjølve og staden dei bur på. Det handlar om å framsnakke verdien av å ta vare på bygningsarven. Det handlar om å skape entusiasme og engasjement, eigarskap og stoltheit.

Nå startar ikkje eit slikt arbeid på jomfrueleg grunn i Sauda. Arbeidet til sogelaget, museet og fortidsminneforeininga avspeglar eit engasjement, Sauda revy- og teaterlag har hatt stor suksess med framføringer basert på historisk materiale, arbeidet med denne kulturminneplanen har berre møtt velvilje. Facebook-sida «Gamle Sauda» har utrulege 3 562 medlemmar. Det er mange som kjenner meining i å ta vare på minne både frå det gamle bondesamfunnet og frå ei hundre år gammal historie som industristad.

Likevel trur vi det er behov for å drive holdningsskapande arbeid. Både for å styrke det generelle medvitnet om at Sauda er ein stad med ei rik og unik historie, og for å gjera det tydelegare kva som er verdt å ta vare på. I det følgjande skal vi peike på noen mulege tiltak.

INFORMASJON

Informasjon, eller formidling, er ei stor og mangesidig, men nødvendig verksemد. Formidling av kulturminneverdiar i Sauda går føre seg på mange ulike måtar allereie, men det er eit arbeidsområde som kan gjerast enda betre.

I Åbøbyen har det lenge vore arrangert omvisingar, både etter førespurnad frå grupper, og som eit allment tilbod til publikum. Dette fungerer glimrande når kultursjefen, som har særlege føresetnadar for å fortelja historia om Åbøbyen, fagpersonale frå Ryfylkemuseet, eller kjentfolk frå sogelaget viser rundt. Men kvaliteten på omvisinga er avhengig av kven det er som gjer jobben. Kvaliteten på omvisinga til turistar om sommaren har ikkje alltid halde det kvalitetsnivået som ein kunne ønske. Det er eit forbettingspotensiale i organiseringa av omvisinga og opplæringa av dei som skal utføre oppdraget.

På smelteverket blir det arrangert omvisingar for spesielle grupper av og til, men dette er eit svært smalt tilbod, og det er gjerne tvilsamt om ei utviding av denne verksemda kan gå i hop med krav til sikring av publikum på ei farleg arbeidsplass.

Det burde dessutan vera grunnlag for byvandringar i andre delar av Sauda, særleg på Øyra og i Saudasjøen. Sogelaget har tilbod om turar som ein del av sitt program, og sjølv om desse er populære blir dette eit smalt tilbod, og når ikkje tilreisande og folk som ikkje er aktivt med i sogelaget. Da krigsminnegruppa arrangerte opning og omvising på krigsminna i Saudasjøen 8. mai 2017 var det svært mange som møtte opp. Ein bør vurdere om det av og til kan vera muleg å arrangere byvandringar med folk som har særlege føresetnadar, og elles setta i gang ei opplæring av byguidar og arbeide for ei meir aktiv formidling av industrisamfunnet.

Det var ein gong ein tanke om at Håkonsgate 51-53, museumshuset i Åbøbyen, kunne vera utgangspunkt for byvandringar i Åbøbyen. Kan hende kan Folkets Hus bli eit alternativt utgangspunkt når det blir nyopna.

UTSTILLINGAR

Utgangspunkt for omvisingar kan henge saman med utstillingar som viser bakgrunn for og samanheng i det bygningsmiljøet ein blir presentert for. Utstillingane i Håkonsgate 51 – 53 utdjupar forståinga av bustadforholda i Åbøbyen ved å vise interiør frå to ulike tidsperiodar. Her har det også vore mindre utstillingar med foto og gjenstandar som har søkt å formidle ein breiare bakgrunn for byanlegget og industristaden. I arbeidet med rehabilitering av Folket Hus er det planar om å setta av areal for utstillingsformål. I eit lengre perspektiv kan Sauda III bli eit senter for formidling av historia til industristaden. Også på smelteverket er det tankar om å etablere utstilling i den gamle kantina.

Det ville vore nyttig om kulturkontoret, Ryfylkemuseet, museumslaget og sogelaget saman med Eramet Sauda og Saufeldalene kunne få til eit samarbeid om ideutvikling og realisering av nye utstillingsprosjekt i Sauda, både på stutt og lengre sikt. I dag er ikkje utstillingstilbodet godt nok, og det hastar om ein vil ha noe klart til nyopninga av Folkets Hus. Det er nok å bygge på. Det er eit unikt arkiv å starte med, det er ein rik fag- og skjønnlitteratur om Sauda, og det er eit stort bildetilfang å ta av. Erfaringane er også at det er lett å engasjere frivillige

hjelparar til innsamlingsarbeid. Utfordringa er å velja eit tema som er meiningsfylt, og som er eigna til å engasjere eit publikum.



Oddvar Odland og Roald Aarebrot har fått eit rom på smelteverket der dei arbeider med ein modell av det gamle jernbanenettet på smelteverket. Arbeidet held høg modellteknisk standard. Her er det potensiale for underhaldande formidling av delar av smelteverkshistoria.

Skilting

I arbeidet med registrering, rydding og formidling av krigsminna i Saudasjøen er det gjennomført eit førebileteleg skilting. Det er sett opp skilt der som er godt tilpassa staden, minna det skal forteljast om og materialane i krigsminna. På lensmannsgarden på Øyra er det slått opp utførleg informasjon på ein vegg. Museet har eit skilt ved inngangen til Haakonsgate 53. Men elles er det nokså kleint med skilting ved kulturminna i Sauda. Ved så ulike kulturminne som Svandalsfossen og Slettedalsdammen manglar det heilt skilting, sjølv om begge stader er merka som attraksjonar.

Det er ei oppgåve å gjennomgå behovet for skilting av kulturminne i Sauda og utarbeide ein plan for gjennomføring av skilting.

PUBLIKASJONAR

Ein kan tenkje at dei bindsterke bøkene om Soga om Sauda, jubileumsskrifta, årbøkene til Ryfylkemuseet og den lange rekka av årsskrift frå sogelaget, er eit godt tilbod om skriftleg informasjon. Men det er ikkje lett tilgjengeleg informasjon, og dei mest populære hefta, som t.d. årsskriftet om Tre gater på Øyra som sogelaget ga ut i 1999, er for lengst utseld. Det er behov for meir lett tilgjengeleg og betre utforma publikasjonar.

Det er ingen mangel verken på skrivekyndige, fotokyndige eller grafisk kyndige folk med tilknyting til Sauda. Kanskje skulle ein invitere noen av dei til ein workshop som hadde som mål å utvikle ein enkel strategi og ein plan for publikasjonar om industristaden.

Ein start kunne vera denne kulturminneplanen, anten i den forma han har nå, eller med ei meir påkosta grafisk utforming og noen profesjonelle foto som kunne løfta presentasjonen. Manuskonstnaden er alt dekka. Det er mange kommunar som har vald å utgi kulturminneplanane sine i bokform, anten til utdeling mellom alle innbyggjarane, eller distribuert på meir eksklusive måtar.



Frå avkjøringa ved Svandalsfossen har Statens vegvesen bygt trapp ned til ruinane etter oppgangssaga ved sjøen, men det er ingen skilt i området som kan opplyse publikum om eit minne frå ein gullalder for fjordbygdene i Ryfylke.

Føredøme, oppmuntring, hjelp og støtte

Da arbeidet med å verne Åbøyen tok til blei det etablert ei rådgivingsteneste som både omfatta råd om økonomiske forhold og hjelp til planløysingar, og det blei utarbeidd ein rettleiar med forslag til planløysingar og typeteikningar for garasjar.¹⁴¹ Dette var populært, og

¹⁴¹ Holmboe, Grete og Høibo, Roy: *Rettleiar om utbetring av bustadhus i Åbøyen*, Bruks- og verneplanutvalet for Åbøyen 1982

Rettleiing om utbetring av bustadhús i Åbøbyen



Under arbeidet med å verne Åbøbyen fekk Bruks- og verneplanutvalet utarbeidd i rettleiing om utbetring av bustadhús.

truleg ein viktig grunn til at vernearbeidet starta godt, men det var ei ordning som var prosjektfinansiert og knytt til ein særleg fase i vernearbeidet.

Det finst mange døme på ulike former for rådgiving og rettleiing. Både kommunar, fylkeskommunar og museum kan tilby slike tenester. I Sauda har Ryfylkemuseet tatt på seg noen slike oppdrag, for en del knytt til at bygningsantikvaren ved museet har hatt særlege føresetnadar for å bidra, sjølv om det ligg på sida av primærroppgåvene til museet, og vi ser at fylkeskommunen har eit særleg engasjement i Sauda. Truleg er begge desse tilboda personavhengige, og det kan vera behov for å drøfte korleis ein kan etablere ei teneste som kan hjelpe huseigarar til å ta dei rette vala. Vi kjem nedanfor til å lufte utvegen til å opprette ei stilling for bygningsvernkonsulent/byantikvar i Sauda.

For mange ser det framleis ut til å vera slik at dei har ei førestilling om at val av gode materialar og kvalifiserte handverkarar fører til ein meirkostnad i arbeidet med vedlikehald av eit hus. Det kan kanskje vera slik på stutt sikt, men neppe på lengre sikt. Det er likevel etablert ei rekke

støtteordningar for å dekke noe av den meirkostnaden vedlikehald etter antikvariske prinsipp måtte føre med seg. Vi har gjort greie for nasjonale og regionale støtteordningar lenger framme i dokumentet. Ein del kommunar har også slike ordningar, men få i Ryfylke.

Derimot er det fleire som har prisar, byggeskikkprisar og verneprisar. Suldal kommune har begge delar og har utarbeidd rettleiar i byggeskikk for dei som vil prøve å tilpasse seg eksisterande bygningsmiljø.¹⁴² Det er mest heider og ære som følgjer med slike prisar, men ofte også ein liten pengesum til oppmuntring.

Kandidatane til byggeskikk- og vernepris i Suldal blir vurderte av ein komité med medlemmar frå kommunen, Ryfylkemuseet og eit eksternt arkitektkontor.

Vi vil også slå eit slag for at kommunen går føre som eit føredøme. Dersom kommunen forvaltar sine eigedomar på ein førebileteleg måte vil det vonleg ha ein positiv verknad på det private engasjementet.

¹⁴² Suldal kommune: Rettleiar i byggeskikk: http://www.miljostatus-suldal.no/_fp11/i117599e5-460b-40f2-9f92-96b61c6c7c69/hefte_byggeskikk_fCegk.pdf

Skjøtsel

Det er nødvendig å ha ei merksemd mot skjøtsel av objekt som blir definerte som kulturminne. Skjøtsel omfattar både vedlikehald av kulturminnet i seg sjølv, som eigaren har ansvaret for, vegetasjon og tilgjenge.



Tilveksten av vegetasjon er ei stor utfordring for kulturminnevernet. Mellomalderkyrkjegarden i Saudasjøen er mellom kulturminna som gror att.

Offentleg tilgjengelege kulturminne kan bli skada og forvitre av mange grunnar. Skal vi ta vare på eit objekt som kulturminne må det vera rutinar for tilsyn og vedlikehald av det. Dette kan vera krevjande, og vi ser at t.d. samferdslehistoriske minne som bruer og vegar lir under mangel på ressursar til å ettersjå dei.

Eit av dei mest påfallande trugsmåla mot utvegen til å oppleve kulturminne er vegetasjonen. Vi har tidlegare vist at vegetasjonen har fått betre livsvilkår med eit fuktigare og mildare klima, og ein lengre vekstsesong. Dette fører til at rydding av kulturminne blir ein omfattande og vedvarande jobb. I arbeidet med å få krigsminna fram att i lyset har rydding av vegetasjon vore ei av dei store oppgåvene. På Øverland, der det ennå ikkje er gjennomført noen rydding, står vegetasjonen så tett både kring og i krigsminna at dei kan vera vanskelege få finne att sjølv for folk som har vore der før. Men også kring meir framskotne kulturminne som mellomalderkyrkjegarden i Saudasjøen trugar lauvskogen med å ta overhand.

Sagbrukstida i Ryfylke, frå slutten av 1500-talet og frametter, var ei stor tid som skapte formuer på ein del av gardane langs fjordane. Det er få minne att etter denne tida, og dei minna som er er vanskeleg tilgjengelege. Men ved Svandalsfossen har Statens vegvesen/Nasjonale turistvegar bygd ei framifrå trapp frå ei avkjøring på veg 520. Det er inga skilting om kva den troppa fører til, men ved foten av trappa står altså monumentale murar etter eit oppgangssag. Eit rydde- og opplysningsprosjekt her, kombinert med litt enkel tilrettelegging frå trappa og bort til sagtomta, ville gitt tilgang til eit sjeldan minne om ei tid som skapte nye føresetnadar for busettinga i fjordarmane på Vestlandet.

Kunnskap og kompetanse

Krava til skjøtsel av kulturminne fører oss over til utfordringar knytt til kapasitet og kompetanse. Vi har ovanfor peika på behovet for og mulege utvegar til å styrke kapasiteten og kompetansen i forvaltinga av kulturminna gjennom samarbeid med Ryfylkemuseet og Fortidsminneforeininga. Men det er også store utfordringar knytt til utføringa av det praktiske bygningsarbeidet.

Musea i Norge forvaltar om lag 5 000 verna bygningar, og har store problem med å halde tritt med forfallet. I møte med eit tøffare klima blir problema forsterka. Gjennom eit prosjekt finansiert av Norsk kulturråd sette musea i 2015 i gang eit prosjekt for å samle erfaringar frå arbeidet med bygningsvern på musea, og kva metodar musea nytta i vedlikehaldsarbeidet.¹⁴³

Den overordna bodskapen frå dette arbeidet at klimaendringane fører til raskare nedbryting av byggematerialar, og at det er nødvendig å skjerpe krava til materialar, metodar og verktøybruk i møte med utfordringane. Musea ser at industrialiseringa av byggeprosessane har svekka kvaliteten både på materialar og arbeid, og at det er nødvendig å finne tilbake til ein del av tradisjonskunnskapen for å kunne drive eit berekraftig vedlikehald. Nå stiller musea strengare krav til sitt arbeid enn ein til vanleg gjer i andre samanhengar, men det står fast at den kunnskapen musea forvaltar også kan vera til nytte i bygningsforvaltinga elles.

Det er behov for å stille større krav både til val av materialar, tekniske løysingar og overflatebehandling om vi skal bygge for framtida og drive eit varig vedlikehald. Det ville vera eit meiningsfylt tiltak om Sauda kommune og Ryfylkemuseet saman kunne formidle kunnskap om bygging og vedlikehald av verneverdige bygningar til dei som er eigarar av slike bygningar. Slik kunnskap vil vera nyttig for huseigarar som sjølve utfører arbeidet, men han vil også vera nyttig for å heve innkjøpskompetansen. Det er ikkje alltid dei råda ein får i byggvarehandelen eller hos handverkaren som er dei beste.

Gjennom verksemda si har Ryfylkemuseet dei siste 20 åra, og i seinare tid også Ryfylke lokallag av Fortidsminneforeininga, trekt til seg sjølvbyggjarar og handverkarar som har deltatt på kurs og istandsettingsprosjekt. Håkonsgate 51-53 er eit referanseobjekt i slikt arbeid. Dette er med på å spreie kunnskapen om gode arbeidsmåtar og riktig materialbruk, men det er framleis ei smal gruppe ein når fram til. Ein strategi for eit sterkare

¹⁴³ Høibo, Roy: *Varmare, våtare, villare – Rapport om museas møte med klimautfordringane*, Byggnettverket og Håndverksnett 2017

kulturminnevern burde omfatte tiltak som når ut til breiare grupper og fleire aktørar med slik kunnskap.

Ressursar

Ei gjennomføring av dei tiltaka som er skisserte ovanfor vil krevja store ressursar, både til drift og lønningar. Sjølv om det er vilje til å styrke arbeidet med kulturminnevern i kommunen, er det neppe realistisk å gjera kulturminnevern til eit hovudsatsingsområde i kommunebudsjettet. På den andre sida vil det neppe skje noe særleg om det ikkje blir løvd friske midlar til arbeidsfeltet. Det er rimeleg å tenkje at det særleg er behov for noen som kan ta fatt i arbeidsfeltet, både gjennom å utføre arbeid sjølv, men også gjennom å organiser andre og arbeide med prosjektfinansiering av avgrensa tiltak. Det er muleg å sjå for seg eit par alternative løysingar.

Med dei kulturminneinteressene som finst i Sauda, og med eit muleg mål om å oppnå Verdsarvstatus, eller i det minst gjera kulturminnevernet til ein viktig strategi i verdiskapinga, er det gode grunnar til å argumentere for ein kulturvernkonsulent ved kulturkontoret, eller ein byantikvar. Ein slik person med dei rette kvalifikasjonane kunne ta i ferde med dei fleste av dei opgåvene som er skisserte ovanfor.

Eit alternativ kan vera å søke eit samarbeid med Ryfylkemuseet for å få oppretta ein stilling med eit særleg ansvar for industriminneforvaltinga. Lukkast ein med å få gehør for det, kan ein oppnå vesentleg støtte til stillinga frå fylkeskommunen og Kulturdepartementet. Føresetnaden er at museet er villig til å prioritere ein slik stilling i sine budsjettsøknadar. På den andre sida vil ein budsjettsøknad med god støtte frå kommune og fylkeskommune ha større utveg til å gå gjennom enn ein søknad utan slik støtte.

Eit samarbeid med museet vil gjera at det kan vera naturleg å sjå arbeidsoppgåvene i samanheng med arbeidet med utvikling av museum og arkiv i Sauda. Da blir det eit nokså breitt arbeidsområde, som stiller store krav til kandidatane til stillinga, men det er ikkje urealistisk å finne folk som kan fylle ei slik stilling.

Kva driftsmidlar Sauda kommune måtte finne å ville stille til rådvelde for kulturminnevernet er det vanskeleg å ha noen mening om her, men det er vanskeleg å sjå for seg noe løft i kulturminnevernet utan tilførsel av friske ressursar.

Prioritering av tiltak

1 Omsynssoner

Det billegaste og enklaste tiltaket i kulturminnevernet er å legge inn omsynssoner med tilhørande føresegner i kommuneplanen. I dette dokumentet legg vi fram forslag om 8 slike soner. Vi foreslår følgjande rekkefølgje i ei eventuell prioritering av omsynssonene:

- a. Åbøbyen
- b. Øyra
- c. Hellandsbygd
- d. Saudasjøen
- e. Egne Hjem
- f. Svandalen
- g. Mollagrenda
- h. Øverland
- i. Tjelmen

2 Freding

Vi foreslår at kommunen inviterer Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren til ein gjennomgang av mulege fredingsobjekt i Sauda.

3 Ansvars- og oppgåvefordeling

Vi foreslår følgande tiltak for å styrke forvaltinga av kulturminnevernet i Sauda:

- a. Kommunen gjennomgår ansvars- og oppgåvefordelinga i kulturminnevernet, og gjennomfører eventuell revisjon av rutinar for forvalting og saksbehandling.
- b. Kommunen inviterer Ryfylkemuseet til drøfting av korleis fagkompetansen ved museet kan koma til nytte i kulturminnevernet i Sauda.
- c. Kommunen inviterer Ryfylke lokallag av Fortidsminneforeininga til drøfting av korleis kompetansen i foreininga kan koma til nytte i kulturminnevernet i Sauda.

4 Formidling

Det er viktig å skape entusiasme, positive holdningar og eigarskap til kulturminnevernet. Vi foreslår følgjande informasjons- og formidlingstiltak:

- a. Opptrykk av kulturminneplanen.
- b. Kartlegge behovet for skilting av kulturminne, utarbeide plan, sikre finansiering og gjennomføre skilting.
- c. Invitere Ryfylkemuseet til ideutvikling og samarbeid om utstillingsprosjekt som kunne inngå i eit større opplegg for formidling av industristadhistoria.
- d. Invitere ressursgruppe til workshop om behovet for og muleg realisering av publikasjonar om kulturminne i Sauda.
- e. Utvikle opplegg for kunnskapsbaserte og strukturerte omvisingar i Sauda. Setta i verk rekruttering og opplæring av byguidar.

5 Prisar

Vi foreslår at Sauda kommune oppretter prisar for førebileteleg vernearbeid og for god bygeskikk.

6 Styrking av kapasitet og kompetanse

Det er behov for eit styrking av kapasitet og kompetanse i kulturminnevernet på fleire nivå. Vi foreslår følgjande tiltak:

- a. Opprettning av ny stilling for bygningsvernkonseil eller byantikvar, eventuelt med ekstern finansiering gjennom eit samarbeid med Ryfylkemuseet.
- b. Samarbeid med Ryfylkemuseet og Fortidsminneforeininga om tiltak for kompetanseheving i byggfaga.

7 Registrering og annan dokumentasjon

Noen av forslaga i denne planen bygger på svak dokumentasjon. For å ha eit sterkare grunnlag for kulturminnevernet er det behov for å gjennomføre fleire dokumentasjonstiltak. Det vil ha stor verdi om nyregistreringar blir lagt inn i Askeladden, databasen til Riksantikvaren. Registreringar i Askeladden viser og att i temakart for kulturminne. Dette er eingongstiltak (prosjekt) som kanskje kan oppnå tilleggsfinansiering frå eksterne kjelder.

Vi foreslår slik prioritering av mulege dokumentasjonstiltak:

- a. Dokumentasjonsprosjekt for Øyra og Egne Hjem. Søke støtte for tiltaket frå Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune.
- b. Dokumentasjonsprosjekt for smelteverket. Søke samarbeid med ERAMET Sauda.
- c. Dokumentasjonsprosjekt for kraftseselskapet. Søke samarbeid med Saudefaldene.
- d. Revisjon av SEFRAK.
- e. Registrering av bygningar i utmarksområde (støls- og hytteområde).

8 Skjøtsel

Skjøtsel omfattar eit breitt utval av aktivitetar, men det er ei hovudutfordring å styrke vedlikehaldet av kulturminna i seg sjølv gjennom auka kunnskap om krav til eit berekraftig vedlikehald, jfr. punktet om styrking av kapasitet og kompetanse ovanfor.

Det er behov for å kartlegge behovet for rydding av kulturminne, og setta i verk tiltak for gjennomføring av ryddeoppgåver. Noen prioriterte oppgåver kan vera desse:

- a. Rydding kring mellomalderkyrkjegarden i Saudasjøen.
- b. Gjennomføre tiltak for å rehabilitera fortau og fellesområde i Åbøbyen.

- c. Vidareførerydding av krigsminna i Saudasjøen.
- d. Rydding av krigsminna på Øverland.
- e. Rydde den gamle bygdevegen til Hellandsbygd
- f. Opprydding på Tangen

KJELDER

Innspel til arbeidet

Etter kunngjering på Altinn og kunngjering og redaksjonell omtale av arbeidet med kulturminneplanen i bladet Ryfylke, omtale på Facebooksida «Gamle Sauda» og orientering i Sauda sogelag har vi registrert følgjande innspel til planen:

Astad, Aslaug: Parisarpolka, immateriell kulturarv, populær dans på Folkets hus.

Fagerheim, Lars: Gjer merksam på stove med delvis opphav 1780 på gnr. 22/11.

Fortidsminneforeningen Rogaland: Gjer merksam på dei enkle hyttene som ein viktig del av industristadkulturen.

Ims, Berta: Gjer merksam på historia til Fløgstadvegen 5

Meldahl, Paul: Ønskje om vernetiltak for støls- og hytteområdet Tjelmen.

Njøten, Lars: Gjer merksam på verdien til naust, løypestrenger og restar etter oppgangssager, spesielt ei lite naust like innafor Maldalsfossen, fundament etter oppgangssag ved Maldalsfossen og restar av løypestreng same stad.

Raj, Borghild: Gjer merksam på «kvekerhuset langs Åbødalsvn», (eigentleg Solbrekk 22).

Ringstrand, Jan: Gjer merksam på dam Storlivatn som særleg interessant teknisk kulturminne.

Sauda sogelag: Gjer merksam på Træ og Longabakka på Austarheim, Tangen, lensmannsgarden, lensmannssteinen i kyrkjegardsmuren, og bjørkealleen langs kyrkjegardsmuren.

Tangeraas, Aslaug: Forslag om å vurdere støls- og hytteområdet Tjelmen som omsynssone.

Øverland, Vrål: Viser til historisk dokumentasjon om hestekøyring.

Informantar

Desse har, på ulike måtar og i ulikt omfang, hjelpt til med opplysningar, innsamling, vurdering og gjennomlesing av materialet:

Almenningen, Sverre

Astad, Aslaug

Bjelland, Kåre Bjarte
Digrenes, Vilde
Drange, Ernst Berge
Eikesaas, Klara
Fløgstad, Kjetil
Fosstveit, Kirsten Hellerdal
Handeland, Ivar Johannes
Holmboe, Grete
Ilstad, Svein
Knutsen, Egil
Lund, Roar
Lunde, Ståle
Meldahl, Alf
Meldahl, Paul
Molla, Knut
Njøten, Lars
Nordbø, Jan Normann
Nødland, Inge Mikal
Odland, Oddvar
Ringstrand, Jan
Rossebø, Bjørn Egil
Rossebø, Jorunn Øye
Sandal, Tor Atle
Tveitane, Torgeir
Øverland, Vrål
Øye, Tore
Aarebrot, Roald

Publikasjonar

Brandal, Trygve: *Sinkgruvene i Almannajuvet i Sauda – Utgreiing til Statens Vegvesen, Turistvegkontoret, Ryfylkemuseet* 2002

Brandal, Trygve: *Hustveit – ein liagard ved Saudafjorden*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2005

Brandal, Trygve: *100 års krafthistorie i Sauda*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2012

Buch, Carl Egil: *Hotellslottet i Sauda – eksempel på lokal jugend-arkitektur*, i Årsskfirt for Sauda sogelag 2005

Dahl, Tore Bastlien: *Kraft og krigsmetall – Sauda i den tyske rustnings-økonomien*, masteroppgåve i historie, NTNU 2013

Damman, Åse: *Gamle hus da og nå*, Status for SEFRAK-registrerte bygninger i 18 kommuner, NIKU rapport 82, 2015

Danielsen, A. S.: *Electric Furnace Products Company, Limited – An historical review of the organization and development of the Sauda plant up to the end of 1953*, Sauda 1954

Drange, Ernst Berge: *Sand – Gardar og folk I*, Suldal kommune 1997

Drange, Ernst Berge: *Mænd som ved hvad solidaritet er – Sauda Fabrikkarbeiderforening 75-årsberetning*, Sauda 1999

Drange, Ernst Berge: *Hertug Tjelmeland og grev Løland – Blant bausar (storfolk) på Sølvkannestronno i Sand sogn, Ryfylke*, i Bondemotstand og sjølvkjensle på Sørvestlandet, seminarrapport Utstein Kloster 2002

Drange, Ernst Berge: *Sauda lokalarkiv*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2012

Fatland, Lars Olav: *Ferdavegar i Sauda før bilvegane si tid*, i årsskrift for Sauda sogelag 2013

Fløgstad, Kjartan: *Arbeidets lys – Tungindustrien i Sauda gjennom 75 år*, Det norske samlaget 1990

Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Kraftstasjon Sauda III*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2013

Fosstveit, Kirsten Hellerdal: *Arkitekten Gustav Helland – nyklassisten bak Folkets Hus, «arbeidernes tempel»*, i årsskrift for Sauda sogelag 2014

Fylkeskulturstyret i Rogaland: *Fylkesplan for kulturminner del 1 og 2*, Rogaland fylkeskommune 1989

Gottlieb Paludan Architects i samarbeid med Dansk Bygningsarv og Norconsult: *Odda Smelteverk – Mulighetsstudie*, Riksantikvaren 2014

Grøndalen, Jorunn og Øverland, Vrål: *Husmannsfolket på Nedbøen Marta og Tjøstov*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2003

Hansteen, Hans Jacob: *Vern av bygget form som dokument*, forelesing Bygningstradisjoner i grensetrakter, Karlstad 2005

Hoftun, Svein: *Hundre år ved sjøen*, i Årsskrift for Sauda sogelag 1993

Hoftun, Svein: *Bakarane i «Ytrabygdå»*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2006

Holmboe, Grete og Høibo, Roy: *Rettleiar om utbetring av bustadhus i Åbøbyen*, Bruks- og verneplanutvalet for Åbøbyen 1982

Holmboe, Grete: *Byggeskikk i Ryfylke*, i Folk i Ryfylke, årbok for Ryfylkemuseet 2001

Holmboe, Grete: *Bygningane*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2005

Holmboe, Grete: *Åbøbyen før, under og etter verneplanen*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2012

Høibo, Roy: *Amerikanerbyen på Åbø*, i årsskrift for Sauda Sogelag 1981

Høibo, Roy: *Da Sauda var med på jernbanenettet*, i årsskrift for Sauda sogelag 1982

Høibo, Roy: *Museumsgard med landskap til*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2005

Høibo, Roy: *Eit museum for industristaden*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2012

Høibo, Roy: *Varmare, våtare, villare – Rapport om museas møte med klimautfordringane*, Byggnettverket og Håndverksnett 2017

Kiran, Ketil og Sølvberg, Per: *Stedsanalyse Sauda sentrum*, ARCHUS arkitekter as 1997

Lie, Linda Merethe: *Minner fra krigsåra*, Ryfylke 29.05.2015

Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda II, Gardar og etter*, Sauda kommune 1974

Lillehammer, Arnvid: *Sagskurd og trelast i Ryfylke først på 1600-talet*, i Frå bygd og by i Rogland, årbok for Rogaland folkemuseum 1977

Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda II – Gardar og etter*, Sauda kommune 1974

Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda III – Bygdesoga før 1880*, Sauda kommune 1991

Lillehammer, Aranvid: *Soga om Sauda IV – Bygdesoga 1880-1940*, Sauda kommune 2002

Lillehammer, Arnvid: *Dei to Blankenborg-sagene*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2005

Lillehammer, Arnvid (red.): *Sauda kyrkje 1866-2006*, Sauda sokneråd 2006

Lindblom, Inge: Konsekvensutredning: *Oppgradering kraftledning 300-420KV Sauda – Lyse*, NIKU oppdragsrapport 181/2013

Lunde, Ståle: *Dam Storlivatnet – et stykke norsk ingeniørkunst*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2011

Lunde, Ståle: *Sauda IV utbyggingen – Utbygging med NORDAG under krigen*, foredrag i Sauda Sogelag 06.05.2015

Meld. St. 35 (2012-2013): *Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken*, Miljøverdepartementet 2013

Mørk, Max Ingår: *Stilarter i arkitekturen - Bygningsvern*, NTNU, Fakultet for ingeniørvitenskap og teknologi, Institutt for bygg, anlegg og transport 2012

Nag, Martin: *Saga om Sauda-kvekerne*, i årsskrift for Sauda sogelag 1988

Nasjonale Turistvegar: *Ryfylke – langs frodige fjordar og nakne fjell*, brosjyre, Statens vegvesen 2017

Norconsult: *Kulturhistorisk vurdering av Sauda sentrum (Øyra)*, Sauda kommune 2017

NOU 2002:1: *Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk*, Miljøverndepartementet 2002

NVE: *Kulturminner i norsk kraftproduksjon – en evaluering av bevaringsverdige kraftverk*, Norges vassdrags- og energidirektorat 2006

Nynäs, Helena: *Dammer som kulturminner*, Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE rapport nr. 64 - 2013

Olsen, Svein Magne: *Bruer – en kulturskatt*, Rogaland Forlag, Stavanger 2004

Rabbe, Dorthea: *Ymse frå «landliggjartidi» i Sausokn omkring hundradårsskiftet*, i Årskrift for Sauda sogelag 1980. Artikkelen hadde tidlegare stått på trykk i årboka til Stavanger Turistforening 1931

Riksantikvaren: *Forvaltning. Kulturminneloven §§15 og 19. Saksbehandlingsregler og prosedyre for gjennomføring av fredningssak*. Riksantikvarens informasjon om kulturminne 2004

Riksantikvaren: *Veileder. Kulturminner, kulturmiljøer og landskap – Planlegging etter plan- og bygningslovet*, Riksantikvaren 2016

Riksrevisjonen: Dokument nr. 3:11 (2006-2007): *Riksrevisjonens undersøkelse av berekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge*, Riksrevisjonen 2007

Ryfylkemuseet: *Verneverdige hus i Suldal – ein rapport om registreringa av faste kulturminne i Suldal*, på oppdrag frå Suldal kommune 1996

Rød, Kåre: *Hyttebygging og hytteliv i Åbødalen*, i årsskrift for Sauda sogelag 2005

Sandvik, Arvid: *Aktieselskabet Saudefaldene 1913-1963 – Saudakraft i 50 år*, Stvanger 1963

Sauda kommune: *Kommuneplan for Sauda 2018-2030 – Forslag til planprogram*, Sauda kommune 26.05.2027

Selmer, Jørgen (prosjektansvarleg): *Industrisamfundets kulturarv – Regional indberetning af industriminder i Københavnsregionen i henhold til Kulturavstyrelsens brev. J. nr. 2003-300-0001 i forbindelse med satsningsområdet «Industrisamfundets Kulturarv»*, København 2003

St.meld. nr. 16 (2004-2005): *Leve med kulturminner*, Miljøverndepartementet 2005

Tangstad, Karen Sofie: *Åbøbyen i Sauda*, hovedoppgave, NTH 1982

Tangstad, Karen Sofie: *Arkitekturen i Åbøbyen*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 1985

Tangstad, Karen Sofie: *Sauda rådhus*, årsskrift for Sauda sogelag 2007

Utter, Harald: *Å leve med fabrikkens puls – En studie av hagebyen Åbøbyen i Sauda og industriarbeiderne som bodde der i perioden 1960 til 1980*, doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo 2010

Utter, Harald: *Kjærlighet og hat innenfor bedriftens rammer*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2012

Vetti, Torgeir og Viland, Lars: *Tre gater på Øyra*, årsskrift for Sauda Sogelag 1999

Vetti, Torgeir etter Tveitane, Torgeir Olav: *Sanatorium, hotell- og gardsdrift på Saua, gardsbruk nr. 1*, i Årsskrift for Sauda sogelag 2001

Vetti, Torgeir: *Kafear i Sauda*, i årsskrift for Sauda sogelag 2005

Vetti, Torgeir: *Hotelldrift på Øyra*, i årsskrift for Sauda sogelag 2007

Viland, Lars: *Omkring bygginga av Saude Turisthotel*, i Årsskrift for Sauda sogelag 1989

Viland, Lars: *Storskjervegen – «En rædselsfuld veistubbe»*, i årsskrift for Sauda sogelag 1997

Wedvik, Valgerd: *Frå Hellandsbygd og Slettedalen*, i årsskrift for Sauda sogelag 1984-1985

Waage-Pettersen, Oskar: *Røldalsveien – et 40-års jubileum*, i årsskrift for Sauda sogelag 2000

Øverland, Åshild Marie: *Klasseskilje og klassemøte – Kvinner i eit industrisamfunn , Sauda 1910-1980*, hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen 2000

Årtun, Jan Reidar og Lunde, Ståle: *Sauda I – En kraftkjempe har gått til ro*, i Årsskrift for Sauda Sogelag 2009


Årtun, Tone: *Håkonsgata 51-53 – eit hus i Åbøbyen*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 1985

Årtun, Tone: *Kafear i Hellandsbygd og på Minnehaugen*, i årsskrift for Sauda sogelag 2005

Årtun, Tone: *Litt om det religiøse livet i Sauda før 1970*, i Folk i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2012

VEDLEGG


Forslag til omsynssone Øyra (Sentrum)




Forslag til omsynssone Åbøbyen




Forslag til omsynssone Egne Hjem




Forslag til omsynssone Saudasjøen




Forslag til omsynssone Svandalen




Forslag til omsynssone Hellandsbygd




Forslag til omsynssone Øverland



Forslag til omsynssone Mollagrenda



Forslag til omsynssone Tjelmen





Sauda kommune

2017